


Hvat es yðr hrafnar?

*Kvantitativ og kvalitativ søking etter utvikling i bruken av
kenningar for 'ramn' innan likdyrmotivet*

Fartein Th. Øverland



Avhandling for mastergradsprogrammet i Norrøn filologi
ved Universitetet i Bergen

31. januar 2012

Innhald

1	Innleiing	4
2	Stutt innføring i norrøn skaldedikting	6
3	Overlevering og attgjeving av strofer	7
3.1	Format for attgjeving av strofer	7
3.2	Overleveringsgrunnlaget for strofene	9
3.3	Samanfatning	13
4	Kenningdefinisjonen	15
4.1	Minimumsdefinisjonen	15
4.2	Inkongruensregelen	18
4.3	Kenningliknande perifrassar utanføre skaldediktinga	19
4.4	Fleirledda kenningar	21
5	Likdyrmotivet	25
5.1	Korpusavgrensing	27
5.2	Motsetjingsspaning i likdyrmotivet	30
6	Forskingshistorie	35
6.1	Granskning av skaldedikt i høgmellomalderen	35
6.2	Forsking før andre verdskrigen	36
6.3	Forsking etter andre verdskrigen	41
7	Oversyn over korpuset og tilgrensande kjelder	43
7.1	Ramnekenningar	43
7.2	Ramneheiti	44
7.2.1	Nomen agentis-kenningliknande konstruksjonar og -samansetjingar	44
7.2.2	Avleiingar	45
7.2.3	Dunkel etymologi	45
7.2.4	Propria	46
7.2.5	Anna	46
7.2.6	Omfang	46
7.3	Ordet <i>brafn</i>	47
7.4	Edda-dikt	47
7.5	Prosakjelder	47
8	Bruksmåtane til ramnekenningar	50
8.1	Prinsipp og problem ved kategoriseringa	50

8.2	Oversyn	51
8.3	Nominalledd	51
8.3.1	Agentiv	52
8.3.2	Mottakar	54
8.3.3	Tilstand	55
8.3.4	Anna	56
8.4	Nomen agentis	56
8.5	Utfylling	58
8.6	Veikskapar ved inndelinga	59
8.7	Utviklingsliner	61
9	Utvikling sett gjennom særskilde stofer	66
9.1	Innleiing	66
9.2	Haraldskvæði (Hrafnsnál)	66
9.2.1	Overlevering og forfattarskap	67
9.2.2	Innhald og oppbygging	67
9.2.3	Analyse	69
9.3	Háttalykill	75
9.3.1	Overlevering og forfattarskap	76
9.3.2	Innhald og oppbygging	76
9.3.3	Analyse	76
9.4	Plácítúsdrápa	79
9.4.1	Overlevering og forfattarskap	79
9.4.2	Innhald og oppbygging	80
9.4.3	Analyse	81
9.5	Guðmundarkvæði	83
9.5.1	Overlevering og forfattarskap	83
9.5.2	Innhald og oppbygging	83
9.5.3	Analyse	83
10	Konklusjon	86
11	Litteratur	88
12	Summery in English	93
13	Samandrag på norsk	94

Forord

Det var ei språkhistorisk, snarare enn litterær, interesse som fekk meg til å byrja mitt studium i norrøn filologi. Sansen for skaldedikting vart vekt på Bergsveinn Birgisson's kurs Vikingtidsskaldens mentale univers ved Universitetet i Bergen, vårsemesteret 2006 der han underviste med utgangspunkt i si doktorgradsavhandling *Inn i skaldens sinn* som kom ut to år etter. Når eg valde skaldedikting som emne for mastergradsavhandlinga mi haustsemesteret 2006, visste eg at eg gav meg sjølv ei utfordring. Trass i interesse for denne diktforma, kunne eg sanna Hallvard Lies ord “*Den norrøne skaldediktning hører uten tvil til de litterære foreteelser som det faller moderne mennesker aller vanskeligst å komme i noe inderlig forståelsesforhold til.*” (1982 [1957], s. 14) kvar gong eg sette meg ned og freista å lesa ei strofe. Kor stor utfordringa skulle verta og kor lang tid arbeidet skulle koma til å ta, kunne eg ikkje føresjå. Hadde eg fylgt det gode rådet alle rundt meg – tidlegare førelesarar, rettleiar, familie og vener – gav, å berre få noko ned på papiret heller enn å venta på perfekt inspirasjon og så heller endra det seinare, hadde eg nok vore ferdig for lengst. Til sist har eg forstått dette rådet og det har vore med stor glede eg endeleg har fullendt dette arbeidet.

Alle som har gjeve meg støtte i denne tida når ramnane har hengt over meg fortener takk. Her vil eg berre nemna nokre særskilt. Bersveinn Birgisson inviterte meg til Cambridge Kenning Symposium juni 2011. Symposiet baud på interessant, fagleg drøfting og arbeidet med mitt innlegg fekk meg til å ta fatt i avhandlinga igjen etter eit lengre avbrekk. Som tilsett ved Menotec-prosjektet har eg samarbeidd med professor Odd Einar Haugen om å skriva ein lengre tekst Retningslinjer for morfologisk og syntaktisk annotasjon av gammalnorsk tekst. Å samarbeida med ein så røynd forfattar har vore ypparleg skrivetrening. Min rettleiar professor Else Mundal har gjeve verdfulle innspel gjennom heile skriveprosessen, også i tida eg ikkje har vore oppmeld som student. Eg vil også takka henne særleg for invitasjonen til seminaret *Community: Inside and Out* i Balestrand vårsemesteret 2008. Til sist vil eg takka mine foreldre, Bjørg Thorsen og Jon Arne Øverland, for hjelp med korrekturlesing.

1 Innleiing

Vil vi studere variasjonsteknikken i forlenging av kenningsystemet, bør vi sjå på kampskildringane, og si mest karakteristiske form får desse i det vi kan kalle likdyr-motivet. (Fidjestøl 1980, s. 318)

Dette sporet gav Bjarne Fidjestøl i si doktorgradsavhandling *Det norrøne fyrstekvadet* frå 1980, og denne avhandlinga er min freistnad på å fylgja det opp. Emnet for denne avhandlinga er såleis bruken av kenningar innanfor likdyrmotivet i norrøn skaldedikting. Allereie denne setninga kan vera lite transparent for lesarar som ikkje er kjende med denne forma for dikting og granskinga av henne. Dei fyrste fem kapitla vil difor forklåra mi forståing av desse omgrepa. Kapittel 2 gjev ei heilt kort innføring i norrøn skaldedikting. I kapittel 3 vil eg drøfta overleveringsgrunnlaget for denne diktinga, korleis eg vil setja strofene opp i dette arbeidet og korleis desse to emna er nært knytte til kvarandre. Kva ein kenning er, vil verta definert i kapittel 4. Ein introduksjon til likdyrmotivet og sentrale estetiske sider ved det vil verta gjeve i kapittel 5. Mi forståing av desse omgrepa byggjer sjølvsagt på andre forskarar sine arbeid, og i kapittel 6 skal me sjå kort på historia til forskinga på kenningar.

Kva meinte Fidjestøl med *variasjonsteknikken*? I den same boka definerer han ordet slik: “Eit av dei mest karakteristiske trekk ved skaldekunsten i det heile, og særleg ved lovkvadsdiktinga, er variasjonsteknikken. Skaldedikta tek oppatt og oppatt dei same utsegner i stendig nye former, og den kunstnarlege energien blir framom alt sett inn på å finne nye uttrykk” (1980, s. 317, sitert igjen og vidare drøfta i kapittel 5). Valet mitt av likdyrmotivet som korpus heng saman med dette forholdet, for det er ei av dei “utsegnene”, eller motiva, som både vert teke opp att oftast og variert med størst virtuositet innom skaldediktinga. Den utbreidde bruken kan ein sjå på som ein konservativ, tematisk stereotypi og variasjonen som kvar skald sin originale kunstnargjevnad. Det er klårt at opphavet til likdyrmotivet heng saman med heiden mytologi, og dette kjem me tilbake til i drøftinga av *Haraldkvædi* i kapittel 9.2. Men også i lovkvad til kongar etter kristninga og innføring av ein felleseuropeisk skrifkultur til det norrøne samfunnet vert likdyrmotivet flittig brukt. Det store spørsmålet som har vore utgangspunktet for denne avhandlinga er om bruken av likdyrmotivet, særleg med kenningar, i skaldediktinga, trass i sin stereotype natur, speglar mentale endringar hjå skaldane etter kristninga. Eg har

nærma meg dette spørsmålet både med ei brei undersøking av kjeldene og med nærlesing av utvalde strofer i korpuset.

Kapitla 7 og 8 er ein presentasjon av primærkjelder. På grunn av omfanget til likdyrmotivet viste det seg snart umogeleg å samla alle kjelder til det innom skaldediktinga. I kapittel 5.1 grunngjev eg kvifor eg har avgrensa korpuset til kenningar for 'ramn'. Vidare er tilgrensande kjelder om ramnar, t.d. i norrøn prosadikting eller i folketru, også så mange at det ikkje har vorte plass til å trekkja dei inn i stort omfang. Kapittel 7 gjev ein introduksjon til mitt kjernekorpus og korte oversyn over tilgrensande primærkjelder; heiti (d.e. omskrivingar eller poetiske synonym med eitt ord) for 'ramn' i kapittel 7.2, skaldedikt som nyttar ordet *hrafn* 'ramn' i 7.3 og nokre utvalde norrøne prosakjelder som omhaldar ramnar i 7.5. Nokre tilgrensande kjelder frå andre kulturar og tider er anekdotisk nemnd i kapittel 5.1. I kapittel 8.1 til 8.6 freistar eg å ordna mitt korpus av ramnekenningar etter bruksmåtane deira i strofene. Med eit slikt oversyn på plass var det lett å jamføra mitt korpus med dateringane av strofene i Finnur Jónssons *Den norsk-islandske skjaldedigtning*, og dette er gjort i kapittel 8.7. Bjarne Fidjestøls kritikk av Jan de Vries statistikk over mytologiske kenningar (1999, kapittel XI) burde vera startstrek for ein kvar statistikk over kenningar og eg skal vedgå at min statistikk i 8.7 ikkje står i mot denne kritikken på fleire punkt.

I kapittel 9 skal me sjå på strofer frå fire utvalde dikt frå korpuset. Fyrst ser me på to lovkvad, *Haraldkváði* i 9.2 og *Háttalykill* strofe 26b i 9.3. *Haraldkváði*, som truleg stammar frå 900-talet, er det fyrste til å måla ut likdyrmotivet og eg argumenterer for at det kan ha tent som førebilete for mange seinare dikt. Dette diktet legg fram likdyrmotivet med utmålande detaljar over mange strofer, noko som er utypisk for resten av korpuset. Ein heilt annan og svært kompakt stil finn me i strofe 26b av *Háttalykill*, som er sagt å vera dikta av Rognvaldr jarl i samarbeid med Hallr Þórarinsson på midten av 1100-talet. Dette diktet pakkar fire kenningar for 'ramn' inn i éi einskild strofe. Deretter ser me på to kristne dikt, *Plácítúsdrápa* frå 1100-talet i 9.4 og *Guðmundarkváði* frå 1300-talet i 9.5. I bådessa dikta kan likfuglen sjå ut som ein framand fugl. Eg stiller spørsmålet om kva motivasjon skaldane kan ha hatt for å nytta likdyrmotivet i desse dikta.

Me samlar trådane med nokre konkluderande merknader i kapittel 10 og gjev eit kort samandrag av avhandlinga på engelsk i kapittel 12 i på norsk i kapittel 13.

2 Stutt innføring i norrøn skaldedikting

Det eldste skaldekvadet me kjenner er nordmannen Bragi enn gamli Boddasons *Ragnarsdrápa* som er frå fyrste halvta av 800-talet – dersom det er ekte og det er det gode grunnar til å tru (jf. Lie 1982 [1952]). Skaldediktinga kan ikkje vera eldre enn synkopetida fordi urnordisk språk ikkje er kompatibelt med skaldane sine versemål. Dette diktet er i versemålet *dróttkvátt*, eit svært komplisert versemål, og det mest utbreidde innom skaldediktinga og mest typiske for hennar stil. *Dróttkvátt* er eit stavingsteljande versemål med både stavrim og innrim¹. Skaldedikting vart dikta fram til 1300-talet. Frå 1000-talet av vart det å vera skald i hovudsak ein islandsk profesjon. Store delar av den overleverte diktinga er lovkvad dikta av kongen sine hirdskaldar, og dette er det prototypiske biletet av ein skald. Den andre hovudgenren er, etter kristninga, religiøs dikting. Men skaldane trong ikkje vera hirdmenn eller geistlege, og det er overlevert dikt om mange ulike emne:

“*Dróttkvátt* poets include kings, bishops, outlaw, seven woman, and, the sagas claim, ghosts and Swedish berserks. They adopted whatever role the situation called for – genealogist, prime minister, historian, warrior, storyteller, journalist, satirist, prophet, diplomat, lover, or, fool.” (Frank 1978, s. 24, jf. ei liknande liste i Bergsveinn Birgisson 2007, s. 3 som nemner enno fleire roller)

Eit særlege trekk ved skaldediktinga var i kor stor grad ho nytta seg av omskrivingar der ei tyding vart skrive om med to eller fleire andre ord, på norrønt kalla *kenningar*. Eit døme på dette som *havets hest* = ‘båt’ er lett forståeleg for oss i dag, fordi alle indoeuropeiske språk til alle tider har nytta seg av liknande omskrivingar, både i kvardagsspråk, jf. t.d. ord som *sjøpølse* ‘eit sjødyr’, og særleg i dikting. Men i ingen litteratur har omfanget og kompleksiteten til slike omskrivingar vore så stor som i skaldediktinga. Det er kenningane og deira bruk og estetiske verknad som er den sida ved skaldekunsten denne avhandlinga vil fokusera på.

¹ Stavrim rimar like konsonantar eller ulike vokalar i framlyd, slik at t.d. *Móðr* rimar på *margar* i fyrste lina av Einarr Skúlason's *Geisli*, strofe 13; *Móðr vann margar dáðir*. Innrim rimar stavingar med lik eller ulike vokal og lik konsonant i innlyd, slik at *Móðr rimar på dáðir* i den same lina; *Móðr vann margar dáðir*. Denne avhandlinga kjem ikkje til å fokusera på metrikken i skaldediktinga, for ei vidare innføring sjå Gade, K. E. (1995) *The structure of Old Norse Dróttkvætt poetry*, kapittel 1.

3 Overlevering og attgjeving av strofer

Frå og med neste kapittel, og særleg i kapittel 9 der me skal sjå på ein del strofer i detalj, vert det sitert heile strofer frå kvede. Praksisen for å gje att strofer frå skaldedikt ymsar ein del mellom ulike fagtekstar og utgåver alt etter kva føremål og publikum forfattaren har hatt. Oppsettet røper også alltid noko om forfattaren sin haldning til diktinga, t.d. har mange notidige forskarar påpeikt at når Finnur Jónsson ofte berre omsette kenningar med tydeordet deira, må han ha sett på dei primært som erstatningar. Difor tykkjer eg det er verdt å nytta nokre liner på å forklåra og grunngjeva det formatet eg har vald for denne avhandlinga. Dette har òg hjelpt meg i formateringa av teksten til å gje dei siterte strofene ein mest mogeleg einsarta utsjånad. Etter å ha gått gjennom formatet for attgjeving av strofer, vil eg kort drøfta vilkåra for overleveringa av strofene og enda kapittelet med å kopla desse to momenta saman.

3.1 Format for attgjeving av strofer

Eg set strofene opp med tre punkt: (1): Unormalisert tekst med moderne linebryting, (2): strofa normalisert og løyst opp til prosaisk syntaks (avstytt til "P:") og (3): omsetjing (avstytt til "O:"). Det kan synast som eit unødig stort apparat, men eg trur alle desse tre elementa er naudsynte. Den unormaliserte teksten er så nær ein kjem kjeldematerialet utan filologisk gjennomgang av alle handskriftene strofa er overlevert i. Normaliseringa og den oppløyste prosasyntaksen syner korleis ein les strofa og er til ei viss hjelp for lesarane. Omsetjinga viser korleis ein tolkar ord og er til god hjelp for lesarane.

Den unormaliserte teksten støtter seg i dei fleste tilfelle på A-banda av Finnur Jónssons *Den Norsk-islandske Skjaldedigtning*, men ofte med ei kort drøfting av handskriftene kveda er overleverte i og av og til med drøfting av uklåre eller tvitydige ord. Ideelt sett ville eg i større grad jamført Finnurs arbeid opp mot dei aktuelle handskriftene, men sidan eg har arbeidd med såpass mange ulike tekstar ville det gått ut over dette prosjektet sine rammer. Det er jo også ei føresetning for all forskning at ein støtter seg på andre sitt arbeid. Linedelinga i kortliner burde vera ukontroversiell og har røter tilbake til 1600-talshandskrifter, som t.d. *Fagrskinna*-avskrifta AM 303 4°. Det er likevel verdt å minna lesarar som ikkje er kjende med handskriftsarven om at i mellomalderhandskriftene vart ikkje poesien delt med liner i det heile.

Det vert ofte sagt at det er viktig å ta med prosaoppløysing av strofene for å syna korleis ein les dei. Det er heilt klart at normaliseringa viser korleis ein les strofene fordi ein der

syner kva for ord – overleverte eller rekonstruerte – ein meiner den unnormaliserte teksten viser til. Mi røynsle med dei strofene eg har sett på her er at flyttinga av setningsledd, endringa av ordfylgja i frasar og innskotet av teiknsetjing oftast ikkje viser ein særskilt lese måte fordi det prosaiske innhaldet er så enkelt at det ikkje er tvil om kva for setningsledd som høyrer til kva for eit verb osv.. Det er likevel viktig å ta med dette nivået av to grunnar. For det fyrste fordi det er ein fin stad å markera kenningane og for det andre fordi det er ei stor hjelp til undervegs med lesinga og seinare til lesarane. I mitt arbeid ved Menotec-prosjektet har eg annotert hundrevis av prosasetningar på norrønt, men eg tykkjer kjensla mi for reglar for fylgda av ord og setningsledd ikkje har vorte sikrere likevel. Det synest klårt at for å laga normative reglar for korleis ein prosatekst skulle verta sett opp, måtte ein nytta ein statistisk analyse av eit stort korpus. Sidan eit slikt arbeid enno ikkje ligg føre, har eg dels nytta skjønn og dels støtta meg til B-banda av *Skjaldedigning* i dei tilfella Finnur har lagt til prosaordfylgd. For den normaliserte, oppløyste teksten fylgjer eg etter beste evne ONP-ortografien. Eg har nytta ei mykje enklare teiknsetjing, med færre semikolon og fleire setningar enn t.d. Finnur Jónsson. På dette nivået har eg markert kenningane med skarpe klammer. Det kan t.d. sjå slik ut: [gunn-már] (d.e. *kampmáke* ('ramn')) For fleirledda kenningar vil kvar kenning verta hierarkisk pakka inn i skarpe klammer. Fleirledda kenningar er vidare omtalte i 4.4 nedanfor. Eg har løyst opp alle strofer, jamvel dei som har ei etter måten enkel ordstilling, som t.d. *Haraldskvæði* 3 i 9.2.3 nedanfor, fordi eg meiner det er viktig å ha med normaliseringa og markera kenningane i alle høve.

Omsetjingane er mine egne og fylgjer den norrøne teksten tolleg slavisk. Dei er altså ikkje meint som poetiske gjendiktingar, men ei forklaring av orda og kenningane. I tråd med denne tanken set eg ikkje alltid om ord som kan vera arkaiske i moderne mål. Eit døme er verbet *breyfask* i *Haraldskvæði* 4. som eg set om med *røyva seg*. Dette gjer eg ikkje som ein kamp mot orddøden i vår tid, men fordi eit kvart ord har sine egne semantiske grenser. Såleis kunne ein tolka *breyfask* anten som 'leda på seg' eller 'briska seg' og bae delar er mogeleg i samanhengen. For ei god gjendikting måtte ein sett føre seg scena å nyo og valt det ordet som hōvde best i eins eige mål, men å avgrensa tydinga til ord for snevert eller subjektivt hōver ikkje i eit arbeid som dette. For å letta lesinga har eg likevel sett meir frekvente ord i parentes. Ord som ikkje har ei uklår eller ukjend tyding, som t.d. *vinbjarg* i *Haraldskvæði* 2, vert sette om på ein bokstaveleg måte med støtte i ordbøkene og sette i doble gåseaugo; "beiteberg". Kenningane er på dette nivået markerte med *kursiv* tekst for grunnordet og kjenneordet (eller –orda) og med tydeordet i parentes med enkle gåseaugo. Lesarar som er ukjende med omgrepa grunn-, kjenne- og tydeord vil finna ei forklåring av dei i 4.1 nedanfor. Ved fleirledda

kenningar er dei ulike trinna skilde med teiknet >, såleis vil kenningen [hungreyðondum [hanga gagls]] sjå slik ut i omsetjinga: *den hengde mannens* (d.e. ‘Odins’) *gásunge* (‘ramnens’) > *ramnens hungerøydarar* (‘krigarane’). Merk at eg konsekvent vil nytta genitivsformer for kjenneorda².

Når setningar, frasar og kenningar vert diskuterte lausrivne frå strofene, som i kapittel 8.2, handsamar eg formateringa av dei friare. Sidan materialet er såpass stort, har eg i slike tilfelle for det meste berre støtta meg til den retta teksten i B–banda av *Skjaldedigtning*.

3.2 Overleveringsgrunnlaget for strofene

Vegen frå skalden til vår forståing av kvedet hans er lang – opptil rundt 1200 år – og det er mange distinkte ledd teksten har gått eller kan ha gått gjennom på denne veggen, mange av dei med fare for forvanskning. Det kan vera verdt å sjå føre seg desse ledda for å få eit betre bilete av kor mykje og kor lite ei framstilling som den eg har skissert i førre kapittel har i seg av den opphavlege diktinga.

Det fyrste leddet er diktinga, det som har gått føre seg i skaldens sinn før han framfører kvedet sitt. Prosasamanhengen framstiller ofte denne prosessen som spontan, særleg for einskilde *lausavísur* (d.e. lausståande strofer utan ein eigen tittel), og det ikkje råd for oss å vurdera i kva grad ein øvd skald har vore i stand til å improvisera strofer eller ikkje. Men det finst òg døme der prosaen skildrar diktinga som ein tidkrevjande prosess. I *Egils saga Skalla-Grimssonar* finst det to døme på det. Det fyrste er når Egil sit i klemma hjå Erik Blodøks og dronning Gunnhild i Skottland og reddar livet sitt med å hylla fienden sin med *hofuðlausn* (kapittel 59–60). Dronninga vil drepa Egil med det same, men venen hans Arinbjørn overtaler kongen til å la han leva ei natt. Når Arinbjørn går opp på loftet for å sjå korleis det går med diktet til Egil, seier han: [...] *at ekki var ort. “Hefir hér setit svala ein við glugginn ok klakat í alla nótt, svá at ek hefi aldregi beðit ró fyrir.”* ‘at inkje var dikta. “Det har sete ei svale her ved gluggen og gjalla heile natta, så eg har aldri fått ro for henne.” Svala viser seg å vera Gunnhild som har skapt seg om, og Arinbjørn sit vakt for å halda henne borte slik at Egil fekk tid til å dikta “[...] *alla drápuna ok hafði fest svá, at hann mátti kveða um morgininn* [...]” (1933, kap. 59) ‘dikta heile dråpa og læra henne utanboks slik at han kunne kveda henne om

² Eg deler synet at genitivsformer med unntak av ved propria og eldre former som *heimsens* ikkje er god stil på nynorsk, men i denne spesialiserte, tekniske bruken tykkjer eg det er den mest elegante løysinga.

morgonen'. Av denne episoden ser me at å dikta ei heil staseleg dråpe må ha vore ein prosess som tok tid jamvel for ein øvd skald og det høver gjerne betre med vår oppfatning av vanskegraden til denne typen dikting. Det andre er når Bodvar, Egils son, har døydd i ei skipsulukke. Faren ligg til hugtung sengs og vil korkje ta i mot mat eller drykk. Torgjerd, Egils dotter, overtaler faren til å dikta eit arvekvede etter Bodvar og tilbyd seg å "rista á kefli" 'rista på kjevle' (1933, kap. 78). Han diktar så det vakre diktet *Sonatorrek* om tapet av sonen. Nett kva slags gjenstand *kefli* n. referer til er usikkert, men det er klårt at det var noko ho kunne skriva diktet ned på med runer. Så båe desse historiene syner ikkje berre at diktinga kunne ta tid, men også at diktinga og memoriseringa (eller nedskrivninga) av henne var to distinkte prosessar. Gert Kreutzer drøftar inngående terminologien som vart nytta om det å dikta kvede i *Die Dichtungslehre der Skalden : poetologische Terminologie und Autorenkommentare als Grundlagen einer Gattungspoetik* frå 1977.

Det andre leddet er urframføringa, ein spesiell augneblink i det norrøne samfunnet som ofte fekk direkte sosiale og politiske fylgjer i den ytre verda, spontane som ved Egils løysing av hovudet sitt eller planlagde. Det er ikkje umogeleg at ein del yngre kvede fyrst vart til på pergamentet før dei vart framførde (og det kunne ein i grunnen sagt om dikteringa av *Sonatorrek* òg), slik at ein kunne sprunge over dette leddet, men for dei fleste dikt kan det verka som urframføringa deira var deira toppunkt. Det var også under urframføringa at det neste leddet – munnleg tradering – kunne ta til ved at tilhøyrarane som hørde diktet for fyrste gong tok til å memorera det.

Det tredje leddet er munnleg tradering. I høgmellomalderen er det sannsynleg at dikt som vart framførde i eit skriftlærd miljø vart skriva ned så snart etter at dei vart framførde (eller som nemnd i førre avsnitt at dei jamvel teoretisk sett kan ha vorte komponerte ved skrivebordet) at dette leddet ikkje er relevant, men for dikt dikta på 800-talet og gjerne ikkje skrivne ned før på 1200-talet har traderinga gått gjennom mange ættledd. Kor fast kan dikta ha heldt seg i opp til over 400 år med munnleg overlevering? Frå og med Albert B. Lord's feltstudie av jugoslaviske framførarar av munnleg diktning *The Singer of Tales* frå 1960 har synet på munnleg tradering, både i noverande og forne kulturar, endra seg fundamentalt. I dette arbeidet synte han at diktarane memorerer det narrative grunnskjemaet til sogene dikta deira fortel og eit bibliotek av formlar som dei kan byggja dikta opp med, snarare enn å memorera strofe for strofe. Kvar framføring av eit dikt er såleis unik og av ulik lengd. Desse reglane har i stor grad sett ut til å passa overleveringa av munnleg dikting i mange ulike munnlege samfunn, men det finst gode grunnar til å rekna skaldediktinga som i stor grad eit unntak frå denne vanlege typen overlevering. Dei skaldiske versemåla i seg sjølv er så faste at

dei bind orda fast som stein i eit byggverk. Denne metaforen finst uttrykt i skaldediktinga sjølv, t.d. når Eyvindr skáldaspillir Finnsson i *Háleygjatal* 13 ender diktet sitt: “[*Jólna sumbl*] / *enn vér gótum, / stillis lof, / sem steinabru.*” ‘*Gudanes drykk* (eit ‘dikt’) har eg atter fått fram – fyrstens lov – som ei steinbru.’ Held me på denne metaforen, vert kenningane som mørtel i muren fordi dei gjer det enno vanskelegare å brigda bygnaden utan at han fell saman. Det går likevel an å sjå på kenningane som formlar. I *Kenning, Metaphors, and Semantic Formulae in Norse Dróttkvætt* frå 2005 analyserer Gary Holland kenningsystemet på bakgrunn av formulaisk teori om munnleg dikting (og moderne metafor-teori). På bakgrunn av at talet på realiserte kenningar ser ut til å vera uendeleg, men at kenningstypane er svært få, resonerer han:

“Each of these kenning systems (d.e. kenningtypar) constitutes a ready-made semantic structure with indefinite many surface realizations. Viewed in this manner such semantic structures as [...] [horse of sea] function exactly like (oral) poetic formulae, but these are not fixed *surface* expressions with fixed semantic structure as Kiparsky and a host of the earlier scholars of the Parry-Lord school would have it; rather, they are fixed *semantic* structures with variable surface structures, that is, semantic formulae. (s. 139, Hollands uthevingar)”


Etter mi enkle forståing av den typen munnleg dikting Lord såg på er det ikkje innlysande at kenningane fungerer eksakt som formlane gjer der, nettopp fordi formlane har ein lik eller liknande realisasjon i kvart tilfelle. Det finst sjølvstøtt døme på at den same realisasjonen av ein kenning er nytta fleire gonger, i vårt korpus er t.d. [gunn-már] *kampmáke* (‘ramn’) nytta fire gonger, men brorparten av realisasjonane av ein kenningstype er ulike, og må vera det for å rima med andre ord i strofa. Tilhøvet mellom kenningsystemet og mekanismar i munnleg dikting er eit komplisert spørsmål som det er ikkje plass til å drøfta vidare her, det sentrale i denne samanhengen er at fastleiken til skaldisk metrikk saman med kenningsystemet etter mitt syn gjer det sannsynleg at strofer frå vikingtida har vorte relativt ordrett munnleg overleverte fram til høgmellomalderen. Dette høver godt med ein viktig funksjon til skaldediktinga, at ho skulle festa historiske hendingar knytt til viktige personar til minnet.

Det fjerde leddet er den fyrste nedskrivinga, starten på dikta si skriftlege overlevering og føresetnaden for at me har tilgang til dei i dag. Ingen “original”-handskrifter frå mellomalderen har vorte overleverte så alle våre kjelder har gått gjennom ei skriftleg overlevering i det neste leddet.

Det femte leddet er den tekstuelle overleveringa av strofene. Ei kvar overlevert strofe vil finnast i minst eitt, og i nokre tilfelle temmeleg mange, handskrift. Mange finst i dag berre overleverte i yngre papirhandskrifter, slike som t.d. AM 52 folx av den tapte *Fagrskinna*. Ofte kan me rekna med at det ikkje har skjedd store forvanskingar i dette leddet. Skrivarane endra ofte prosaen (t.d. til yngre islandske språkformer) samtidig som dei kopierte strofene svært nøyaktig. Dette er nok eit uttrykk for den same respekten for alt som var gamalt dikta naut i si munnlege tradering, men kan òg ha hendt fordi det har vore gamle ord skrivarane ikkje har forstått. Det er utenkjeleg å overlevera dikting ein ikkje forstår særleg lenge på eit munnleg stadium, men ikkje vanskeleg å gjera det på eit skriftleg. Av desse fem ledda er det altså berre det siste som representerer kjeldene me har tilgang til i dag og dei fire fyrste me rekonstruera ved å kopla mange typar informasjon saman. Den mest primære måten me kan sitera ei strofe på er altså med eit bilete av ei handskriftside eller ein nøyaktig faksimilær transkripsjon av henne.

3.3 Samanfatning

Hadde denne avhandlinga fokusert smalt på eitt dikt hadde det vore rett å gje ei slik faksimilær transkripsjon av alle handskriftene til det, men alle dei tre punkta eg vil nytta ved siterte strofer, forklåra i 3.1 ovanfor, er på eit lægre nivå. Men kvart av desse tre nivåa grip likevel attende til dei overleveringshistoria åt strofene:



Figur 1: Overleveringgrunnlag og tolking

Eventuelle tekstrettingar frå den unormaliserte, diplomatriske transkripsjonen til den normaliserte teksten byggjer på heile vår moderne forståing av norrønt språk og ortografi. Det kan verka hovmodig å påstå at me kan retta "feil" frå dei skrivarane som har overlevert kjeldene til oss eller forstå meir av litteraturen enn dei. Me forstår neppe fleire, men ganske sikkert

andre ting, fordi me i dag har sjanse til å raskt gjera breie samanlikningar på grunnlag av tekstutgåver, ordbøker og oversiktsarbeid som Meissners *Die Kenningar Der Skalden*. Grensa mellom retting og normalisering er også uklår, særleg ved småe endringar som *grannd að dana brannde* → *grønduðr Dana brandi* i Eyvindr Finsson skáldaspillirs *Lausavísur* 5 i AM 51 fol.

Markering og tolking av kenningar byggjer såleis på det samla korpuset av overleverte kenningar. Hadde den 13. strofa av Eyvindr skáldaspillir Finnssons *Háleygjatal* eg siterte over vore den einaste kjelda som stod att av norrøn litteratur, kan det godt henda me aldri hadde klart å tenkja oss at kenningen *jólna sumbl* tydde ‘dikting’, jamvel om me visste at *jól* n. pl. tyder ‘gudar’ og *sumbl* n. tyder ‘drikkelag’ eller ‘drykk’. Men ikkje berre kan me jamføra med eit uttal slike kenningar for ‘dikting’ (jf. Meissner 1921, s. 363 ff.), me har òg tilgang til ei forklåring av mytologien bak dei i *Skaldskaparmál*. Sidan mønsteret for dei frekvente typane av kenningar er så kjent for oss, vil det kunne definera tyde- og grunnord (desse termene vert forklårte i 4.1 nedanfor) som elles kunne vore ukjende.

Dei tre nivåa i attgjeving av teksten ber såleis tre funksjonar: For det fyrste lesehjelp, for det andre referansar til den samla, moderne oversikta over skaldediktinga og for det tredje tydeleggjering av mi tolking.

4 Kenningdefinisjonen


For den vidare diskusjonen er det naudsynt å definera kenningen og sjå på funksjonen til dei ulike elementa hans. Eit kardinalspørsmål i forskingshistoria er om kenningane er metaforar. Det er eit komplisert spørsmål som kan få mange svar alt etter kva teorigrunnlag ein nyttar. I dette kapittelet vil eg ikkje retta meg mot slike *stilistiske* spørsmål, men kasta ljøs over dei sidene ved kenningar eg oppfattar som mest sentrale, og fastsetja kva *termar* eg vil nytta. Eg har såleis i utgangspunktet freista å halda meg til eit *formelt* perspektiv, men det viste seg fort umogeleg å halda stilistiske spørsmål heilt utanføre diskusjonen. Eg har så langt som råd nytta ramnekenningar som døme, og innhaldet i mitt korpus har fått styra kva sider av kenningane som vert tekne opp her.

4.1 Minimumsdefinisjonen

Reint formelt er det mogeleg å gje ein enkel definisjon av typiske (d.e. “ekte”) kenningar: *Kenningen er ei omskriving der eit ordinært substantiv vert erstatta av (minst) to andre substantiv.* Variantar av denne definisjonen har stor faglitterær utbreiing (sjå t.d. Noreen 1921 s. 3f, Krause 1930, s. 5, Fidjestøl 1974, s. 7f, punkt 1, 2 og (6), Frank 1978, s. 42, Lie 1963, s. 376, Mundal 2004 s. 249 mfl.) og går truleg attende (Holland 2005) til Rudolf Meissners definisjon i *Die Kenningar der Skalden*: “*Die einfache Kenning ist also ein zweigliedriger Ersatz für ein Substantiv der gewöhnlichen Rede*”. Sjølv om definisjonen likevel ikkje kan stå som eit urokkeleg minste sams multiplum – korkje for det overleverte kenningkorpuset³ eller for forskingshistoria⁴ – vil eg rekna han som ein minimumsdefinisjon her. Lat oss sjå på eit døme:

³ Unnataka er der kjenneorda er adjektiv (sjå Meissner 1921, s. 2ff) eller eit av erstattningsledda er utelate. Det siste står på grensa til heite (norr. *heiti*, omtalt i 7.2 nedanfor). Båe typar vert ofte rekna som “uekte”.

⁴ Ei oppsummering av alternative definisjonar finst i Gary Holland (2005, s. 126ff). Han syner at smalare definisjonar (Huesler 1921, s. 12 og Lindow 1975, s. 317) er ein konsekvens av at ein inkluderer estetiske føresetnader i definisjonen og at det er mogeleg å definera kenningen utifrå andre kriterium enn dei tradisjonelle (Amory 1982, s. 74).



Figur 2: Kenning for 'ramn' i *Geisli*, strofe 52

Her vert altså det ordinære substantivet ramn *omskrive* og *erstatta* av substantiva *gunnr* 'kamp' og *mór* 'máke'. Definisjonen fyller oppgåva si, men syner oss berre beingrinda i systemet, og me står att med mange openberre spørsmål: (1): Kva grammatisk funksjon har dei ulike ledda, (2): kva er tilhøvet mellom dei og (3): etter kva slags prinsipp er figuren dana?

Når definisjonen vert vidare presisert og desse spørsmåla diskutert, kverv den breie faglitterære semja, og granskarane skil meir eller mindre lag. Konsekvensen av desse spørsmåla vert gjerne at ein må trekkja inn stilistiske perspektiv i definisjonen, det er jo òg naturleg sidan det er snakk om eit tropisk uttrykk.

Før me kan sjå på funksjonen til og tilhøvet mellom dei ulike ledda, treng me termar for dei. Avstyttingane T, G og K i modellen over (figur 2) står for tydeord, grunnord og kjenneord. Dette omgrepsapparatet nyttar eg etter Fidjestøls framlegg (1974).

(1): *Tydeordet* (her: 'ramn') er altså det *ordinære* (eller gjerne meir presist: *prosaiske*) *substantivet* som vert *erstatta*, fylgjeleg er det alltid usagt i samanhengen, det opptrer ikkje på tekstoverflata. Lat oss sjå på kvadet for å syna dette, Einar Skulasons *Geisli* 52, 1. helm.:

Hæðiz hialldr æ vidum
 hunngr sløkte vel þunngan
 gunnar mæR j geira
 gaullpecina vøllum. [...]

P: Hildir háðisk á víðum Peizínavøllum. [Gunnar mór] slókði vel þungan hungri í [geira göll] .

O: Kampen stod på dei vide Peizinavollane. *Kampens máke* ('ramnen') slókta vel sin tunge hunger i *spydas larm* ('kampen' (Finnur Jónsson set om med 'blodet')).

Grunnordet (her: *mór* 'máke') er den grammatiske ekvivalenten til tydeordet i samanhengen. Det vil seia at det tek den kasusen grunnordet "ville hatt" om omskrivingsteknikken ikkje hadde vorte nytta. I vårt døme kan me såleis kalla ramn for tenkt subjekt, og grunnordet *mór* står såleis i nominativ. Når kenningar i faglitteraturen vert nytta som døme utanføre tekstsamanhengen, vert grunnordet alltid sett i nominativ singularis.

Kjenneordet står grammatisk sett som utfylling i substantivfrasen der grunnordet er kjerne, og står alltid i genitiv eller som fyrste samansetjingslekk der kenningen er eit samansett substantiv. Det er vanleg å rekna med eit genitiv-tilhøve i samansetjingar òg (jf. Fidjestøl 1972, s. 8. Frederic Armory (1982) gjev vidare ei krevjande framstilling av kenningane som *compounds* men det er ikkje akkurat dette skiljet han diskuterer). Denne grensa kan òg norrønt prosamål reknast som glidande (Haugen 2001, 17.2.4), og som den utbreidde særskrivinga i handskriftene kan gjera til eit tolkingsspørsmål. I korpuset av ramnekenningar, finst det nokre perfekte par som styrkjer dette synspunktet, t.d. *gunn-mór* / *gunnar mór* og *blóð-valr* / *blóðs valr*. Kenningkorpuset som heilskap har ei mengd av slike par.

(2): Det grammatiske grunntilhøvet mellom grunnord (kjerne) og kjenneord (attributt) er gjeve i frasestrukturen, men kva slags funksjon genitiven har varierer, etter Lies analyse (1963, s. 378) mest hyppig mellom spesifiserande funksjon og objektsgenitiv. Dømet *gunnar mór* fell i den fyrste kategorien, *gunnar* spesifiserer kva slags *mór* det er tale om. Brorparten av kenningar for ramn er skipa på denne måten (gruppe 41. c. hjå Meissner), men det finst òg døme på objektsgenitiv som i [hræsævar bergir] '*lik-sjøens* ('blod') > *blodets drikkar* ('ramn')'. Desse kan ein sjå på som omformingar av underliggjande setningar (teori og modelloppsett etter Haugen 2001, 17.2.4):

X bergir (verb) hræsævi → bergir *hræsævar* 'X drikk blod → blodets drikkar'

Som ein fylgjerett, men likevel fascinerande, konsekvens svarar då det storkne subjektet til det usagde tydeordet, altså X = T. Det finst jamvel nokre få døme på andre funksjonar, t.d. [arna eiðbróðir] '*ørnens fosterbror* ('ramn')' (possessiv genitiv). Denne typen er utan metaforisk innhald og slår berre fast at 'ørn' og ramn er fosterbror, eigenleg etter same prinsipp som

norrøne og nyislandske patronymikon. I *Snorre-edda* vert denne kenningstypen kalla *viðkenning* eller *sannkenning* (1954, kap. 83).

4.2 Inkongruensregelen

Tilhøvet mellom alle ledda uttrykkjer Fidjestøl (1972, s. 8) i ein formel (litt forenkla her):

$$\left\{ \begin{array}{l} \text{K} \\ \text{G} \end{array} \right\} \neq \text{T}$$

Regelen er at korkje kjenneordet eller grunnordet skal vera synonyme med tydeordet, og han kallar dette *den semantiske inkongruensregelen*. Denne regelen er eit viktig fundament for kenningestetikken med di han garanterer at tydeordet ikkje vert uttrykt, at figuren verkeleg fungerer som *erstatning* i tråd med minimumsdefinisjonen.

Inkongruensen mellom tydeordet og grunnordet er særleg viktig med di han ofte ovrar seg som antonymi, på det stilistiske planet resulterer det i ei *motsetjingsspaning*. Dette omgrepet vart introdusert av Bergsveinn Birgison (2008, 4.2). Men likevel reknar “*visse skaldetolkarar [...] i sine tolkingar ofte med kenningliknande omskrivingar der G = “T”.*” (Fidjestøl 72, s. 16). Dette vert snart ei stilistisk-semantisk vurdering, og i røynda finst det ein gradvis overgang mellom $G \leftrightarrow T \rightarrow G \neq T \rightarrow G \approx T \rightarrow G = T$ ⁵ som må verta vurdert i kvart enkelt tilfelle. Konteksten spelar her ei avgjerande rolle, for om skalden nemner tyderordet, vert inkongruensen så veikt at kenningen vert redusert til ein apposisjon (for eit døme sjå Lie 1963, s. 378), altså i motstrid med *erstatningsregelen*⁶. I ramnekenningkorpuset finst det ein del døme

⁵ I mangel av etablert symbolbruk, nyttar eg her \leftrightarrow for å markera antonymi og \neq for ulikskap.

⁶ Den same distinksjonen er viktig for *perifrasen* i retorikken: “*A distinction should be made between graphic paraphrase with mention of the verbum proprium itself (§ 590) and true periphrasis, which suppresses the verbum proprium itself but is a semantically evocative definition (cf. § 110) of the verbum proprium (§ 591).*” (Lausberg 1998, §589, mine sperringar). Likskapen mellom perifraser og kenning har vorte påpeika av mange (t.d. Frank 1978, s. 42), og det kunne vera freistande å nytta dette omgrepet i staden for *erstatning*, men det inneber i alle fall to problem. I daglegtale (jf. t.d. *nynorskordboka*: “*biletleg omskriving: metafor*” eller *New Oxford American dictionary*: “*the use of indirect and circumlocutory speech or writing*”) og ålmenn litteraturvitskap (jf. t.d. Lothe 1997) kan det sjå til at omgrepet har fjerna seg for langt frå den tekniske tydinga i retorikken til å dekkja *erstatningsregelen*. Den

som kan tolkast som døme på $G \approx T$, nemleg dei minst ti kenningane med *gjóðr* truleg ‘fiskeørn’ (jf. nynorsk *jo*). I skaldepoetikk lyt me sjå på antonymi og synonymi i eit utvida og delvis konvensjonelt system, og ‘ørn’, ramn (og delvis ‘ulv’) vert i visse høve å rekna som synonyme fordi dei kan ha same *funksjon*, jf. Meissners drøfting av *Tiere des Schlachtfeldes* (1921, s. 116). Finnur Jónsson forklårar tilhøvet at *gjóðr* vart rekna som eit ordinært fugleheite med at “*forfatteren har vist ikkje vidst, hvad g. egenlig var*”, men det er vel usannsynleg. Det finst òg eit underleg døme på $K = T$, “*hrafns nafni*” ‘ramnens namne (‘ramn’)’. Samanhengen er *Oláfsdrápa* 22, 2. helm.:

[...] en fiadr deckvm flockvm

flvgv hrafns at þat nafnar [Den siste fjerdingen har usikker lese måte (Kock 1923, §2548), men det råmer berre indirekte denne fjerdingen]

Prosaordfylgje: en [nafnar hrafns] flugu at þar fjaðrdøkkum flokkum.

Omsetjing: men *ramne-namnane* (‘ramnane’) flaug dit i fjørdøkke flokkar.

Om denne tolkinga er rett, vert inkongruensregelen einast handheva ved numerusdistinksjonen. Numerus er generelt er eit uklårt skilje i skaldediktinga og numerusdistinksjonen er neppe nok til å konstituera ein “ekte” kenning. Me går oss likevel fast i vår eigen hermenautikk om me vel å ikkje sjå på dette uttrykket som ein kenning.

4.3 Kenningliknande perifrasar utanføre skaldediktinga

Kenningar er ikkje eit særnorrønt fenomen. Mange granskarar har påpeikt at tilsvarande konstruksjonar finst i anna eldre germansk dikting (sjå t.d. Mohr 1933, 24-35, sjå

retoriske grunndefinisjonon høver i utgangspunktet derimot svært godt: “*Periphrasis is the paraphrasing of one word by several words.*” (Lausberg 1998, ibidem), men detaljane vert fort for spesifikke. Det kan sjå ut som ein må gje ein eigen perifrasedefinisjon for gjera seg nytte av omgrepet i ein kenningdefinisjon, men det er neppe naudsynt så lenge omgrepa *omskrivning* og *erstatning* ser ut til å duga. Eg vil likevel gjera meg bruk av omgrepet *perifrase* her, men då synonymt med *kenningliknande konstruksjon* o.l. om tropar i moderne språk, altså i ei breiare tyding enn *kenning*.

vidare (Olsen 2002) for ei interessant jamføring av desse likskapane). Det er heller ikkje eit særlitterært fenomen. Kenningliknande tropar finst i daglegdagse uttrykk i mange språk, døme frå moderne norsk er *bergflette* ‘vedbend’, *havets frukter* ‘skaldyr’ og *jungelens konge* ‘løve’. *Bergflette* er truleg heilt avmetaforisert i dagleg språkbruk, ein tenkjer ikkje over samanlikninga av *forma* til planten med ei flette, men oppfattar berre ordet som eit namn på planten. For somme konsept finst det jamvel ikkje andre utbreidde nemningar enn perifrasar, t.d. *sjøløve* ‘eit slag seldyr’.

Det er lite som skil kenningane i norrøn skaldediktning frå slike prosaiske døme når det gjeld den reinte formelle skipnaden – alle døma kunne passa inn modellen i figur 2 over, og fylgjer for så vidt inkongruensregelen.

Når det kjem til den stilistiske verknaden er skilnadene derimot store. Eg vil gå litt bort i frå det formelle perspektivet og bruka litt plass på å diskutera det, fordi kontrasten demonstrerer kor viktig inkongruensregelen er. Eg har ikkje funne eit utbreidd perifrastisk uttrykk for ramn på moderne norsk, og må difor nytta eit anna døme.

Sjølvs om perifrasen *sjøløve* ser ut til å fungera analogt med fiskekenningen “*fjørðhjorð*” ‘*havets hjord*’ (‘fisk’ i samanhengen vel ‘sild’) – *eit landdyr eller ein flokk av landdyr vert spesifisert ved hjelp av eit ord som representerer havet* – er både verknaden og motivasjonen vesensulik. *Sjøløva* vert samanlikna med løva fordi dei *liknar*, anten i skapnad (jf. *havhest* ‘eit slag sjødyr’) eller i posisjon i sitt miljø (altså via ideen om løva som *jungelens konge*) – motivasjonen må ha vore å gje eit lett forståeleg bilete. *Hjorda* vert samanlikna med *fisken* dels fordi dei liknar – baa går i flokk eller stim (Mundal 2004, s. 240) – men samstundes kanskje liksom gjerne fordi dei *ikkje liknar* – storfe⁷ er *store*, sild er *små*; storfe er *tamme*, fiskane i havet er *ville*. Konteksten fordrar eit ernæringsperspektiv⁸, og storleiksantonymien vert då særleg sterk. Storfe var det *største* landdyret som vart nytta som mat medan sild var ein av dei *minste* matfiskane – altså ein superlativ antonymi. Innanføre kenningestetikken treng ein ikkje rekna det som eit problem at eit bilete både kan vera naturleg metaforisk (stimanalogien) og grotesk motsetjingsladt (STØRST/MINST– og VILL/TAM–antonymiane) på same tid. Den naturlege sida er eit *treffande* sanseleg bilete på same måte som *sjøløve* medan det groteske snarare er ein del av

⁷ *Hjorð* er i fylgje *Lexicon Poeticum* “*vistnok alltid kvæg, når ikkje andet udtrykkelig angives*”. På dansk kan *kvæg* – som på norsk – tyda både ‘storfe’ og ‘småfe’, men tydinga ‘småfe’ er marginal (*Ordbog over det danske sprog* 1929). Eg reknar difor med at Finnur har tenkt på storfe.

⁸ For ei forklåring av strofa og konteksten hennar, sjå (Mundal 2004, s. 240). Sigurður Nordal tolka kenningen på ein heilt annan måte, med *fjørð* i tydinga ‘i fjor’ (sjå Kock 1936, §2905)

hyperboleestetikken i skaldediktinga (og i dette tilfellet humoren i strofa) og kenningsystemet. Fiskekenningane er rett nok for få til å dana seg eit bilete av systemet bak dei, men ser me dei i samband med kenningar for ‘orm’ (og ‘båt’), ser det ut som det finst ein konvensjonell antonymi mellom ‘landdyr’ <> ‘fisk’⁹, som i *fjorðhjørð* er nytta fullt ut.


Me kan kunkludera med at det er ein skinnlikskap mellom *sjøløve* og *fjorðhjørð*. *Sjøløve* er dana etter normalsemantiske prinsipp og motsetjinga mellom landdyr og sjø er umotivert og tilfelleleg. Tilsvarende ord viser at projiseringa kunne vore ei heilt anna så lenge biletet var treffande, jf. t.d. *sjøstjerne* (himmellekam), *sjørose* (planteriket) og *sjøpølse* (kulturprodukt). *Sjøløve* står i grunnen nærare dei ikkje-metaforiske spesifiseringane i substantivsamansetjingar som *sjøaure* og *sjøkrep*s enn dei stilistisk motiverte og ofte konvensjonelt motsetjingsladde kenningane.

4.4 Fleirledda kenningar

Me har no sett på at den stilistiske funksjonen og motiveringa til kenningane skil seg frå perifrastiske uttrykk i normalspråket. Somme av dei som har jamført skaldediktinga med anna eldre germansk diktning har konkludert med det same (Olsen 2002). Men det som i mest påfallande grad skil kenningbruken i skaldediktinga generelt og drottkvættstilen spesielt frå tilsvarende figurar i annan poesi er eit kvantitativt forhold: “*Þar* [d.e. i drottkvættstilen] *úir og grúir af kenningum*”, skriv Einar Ól. (1962, s. 148). Inga anna diktning er så rik på perifrasar som skaldediktinga, og noko heilt særmerkt er utvidinga av kenningane til uttrykk med tre (*tvíkennt*) eller fleire (*rekit*) substantiv.


I *tvíkennt* (av *tvíkenndr.* ‘dobbelst kjent’ altså ‘skrive om med to kenningar’) fungerer ein kenning som kjenneord i ein annan. Eit døme med tydeord ramn er [hræsævar bergir] *lik-sjögens* (‘blod’) > *blodets drikkar* (‘ramn’), som me alt har sett på.

⁹ Slik med ‘ál’ som eit mellomledd mellom ‘fisk’ og ‘orm’ (jf. Lie 1946, i 1982, s. 320, eller ei *nøytralisering* om me torer å setja motsetjinga inn i Einar Haugens strukturalistiske mytologianalyse (Lane (red.) 1970, s. 170ff).



Figur 3: *tvíkennt*-kenning frá *Haraldkvæði* 20

Her er kjennordet BLOD i ramnekenningen skriva om med ein ordinær kenning for BLOD. *Tvíkennt*-kenningar er svært utbreidda i skaldediktinga, i vårt korpus er t.d. alle nomen agentis-kenningane *tvíkennt*, jf. kapittel 8.4 under. Kenningar sett saman av fleire enn to kenningar vert i *Háttatal* kalla *rekit*, det er perfektum partisipp av verbet *reka* 'omskrive med fleire kenningar (grunntýdinga er 'driva')'. Av *rekit*-kenningar er treledda det mest frekvente, men firledda er ikkje sjeldsynte og kenningar med fem eller fleire ledd ikkje vanskelege å finna. Teoretisk sett er det helmingen som sett grensa for kor mange ledd det er plass til i ei strofe. Eit døme på ein femledda kenning finst i *Guðmundarkvæði* 23:



Figur 4: *Rekit* kenning frá *Guðmundarkvæði* 23

Nyansane i tydingane til dei ulike ledda er litt forenkla i omsetjinga i diagrammet her, men nærmare omtalte i 9.5.3 under. *Rekit*-kenningar kastar ut ei mengd assosiasjonar i ein helming. Assosiasjonane kan vera knytt til innhaldet i strofa, men vil alltid i ein viss grad laga doble tydingar, særleg ved mytologiske kenningar. Dei ulike ledda i *rekit*-kenningane kan også reflektera kvarandre, t.d. ved å assosiera til ein felle myte, men vil ofte sprikje i mange retningar. Verknaden av mange assosiasjonar som ikkje er nært knytte saman er ofte eit uttrykk for skalden sin sprudlande kreative overflod, men kan også verka umotivert, særleg i yngre diktning. I nettopp dette tilfellet argumenterer eg i omtala av *Guðmundarkvæði* i 9.5 under for at det er liten refleksjon mellom metaforane i kenningen og innhaldet i strofa, det vil seia at ledda i *rekit*-kenningen kan verka umotiverte i samanhengen. På same tid som dei fleirledda kenningane gjev diktinga assosiasjonar i mange retningar, har dei ein tendens til å forenkla det prosaiske innhaldet i strofene dei står i rett og slett på grunn av plassen dei tek opp i helmingen. Ein typisk helming i drottkvætt vil vera $6 \times 4 = 24$ stavingar. *Guðmundarkvæði* 23 er nett 24 stavingar og den femledda kenningen (inkludert dei tilhøyrande adjektiva *aumr*

'aumeleg' til tydeordet 'menn' og *sterkr* 'sterk' til *prima* 'larm') utgjer 13 av desse, altså litt over halvta av helmingen.

5 Likdyrmotivet

Likdyrmotivet er eit av dei mest utbreidde motiva i norrøn skaldedikting. I si mest grunnleggjande form kan det ovra seg som den markerte setninga i denne strofa frå Einarr skálaglamm Helgasons *Vellekla*:

36. **Fjallvondvm gaf fylli**

fvllr varð en spior gvllv

herstefnandi hrafnvvm

hrafn a ylgjar tafni.

P: Herstefnandi gaf fjallvondum hrøfnum fylli. En spjør gullu. Hrafn varð fullr á [ylgjar tafni].

O: Hærstemnaren gav dei fjellvane ramnane føde. Spjuta gjalla. Ramnen vart mett av *hulvens bytte* ('lika').

Utifrå dette dømet kan me danna eit grunnskjema for motivet: "X (d.e. *kongen* el. *krigaren*) gav Y (d.e. *ramnen*, *ørnen* el. *ulven*) Z (d.e. *føde*)". Jamfører me skjemaet med denne strofa, svarer X til *herstefnandi*, Y til *fjallvondum hrøfnum* og Z til *fylli*. Det er eit unntakshøve at likdyrmotivet er så beintfram uttrykt. Typisk for skaldediktinga er variasjon og ornamentikk over stereotype tema. Bjarne Fidjestøl kalla dette *variasjonsteknikken* og forklarar det slik: "*Eit av dei mest karakteristiske trekk ved skaldekunsten i det heile, og særleg ved lovkvadsdiktinga, er variasjonsteknikken. Skaldedikta tek oppatt og oppatt dei same utsegner i stendig nye former, og den kunstnarlege energien blir framom alt sett inn på å finne nye uttrykk*" (1980, s. 317). Dette viser seg både i den utbreidde bruken av kenningar – slik at alle dei tre nominale ledda i grunnskjemaet kunne vorte skrivne om med kenningar – men også på setningsnivå – slik at sjølv skjemaet vart variert på mange måtar, jamvel slik at både X og Z ikkje kjem til uttrykk på overflata. Men alle omskrivingane gjev meining på bakgrunn av grunnskjemaet. I kapittel 8.2 gjev eg eit oversyn over bruksmåtane til mitt korpus – kenningar for 'ramn'. Sjølv om dette oversynet nok ikkje fangar opp alle omskrivingar av likdyrmotivet, vil det nok dekkja brorparten.

Bakgrunnen for likdyrmotivet er realistisk – likdyra, og ramnane særleg, er åtseletarar. Under arbeidet med denne avhandlinga, som fleire stader har vorte nokså teknisk, har eg ofte

gløymt kor frykteleg det reelle grunnlaget for motivet er. Det er umogeleg å estimera det faktiske omfanget av åtsel av falne på slagmarka i nordisk vikingtid og mellomalder, men John Bernström reknar mange av dei skildringane likdyrmotivet gjev som realistiske i si omtale av ramnar i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*:

“K[orpar] föredrar animalisk föda och lämpar smidigt sin diet efter årstider och omständigheter: i första hand lever den på as och diverse lägre organismer men dödar även, då tillfälle därtill ges, smärre daggdjur och fåglar. Den äldre Eddans hjätlesagor nämna korp oftare än någon annan fågel och genemgående såsom valplatsernas alltid närvarande likfågel; andra källor göra sannolikt att den även regelbundet uppehöll sig i offerlundar och på galgbackar. Vid flera tillfällen omtala isl. sagor hur en el. ett par k[orpar] åtfölja beväpnade män, vilkas uppträdande de kloka fålarna lärt sig uppfatta såsom “signal” till en blivande måltid [dette er skildra i fleire dikt, t.d. Egill Skallagrímssons *Lausavísa* 7]. Vid större drabbningar, särskilt höst ock vinter, infunno sig k[orpar] i stora skaror [dette er også skildra i fleire dikt, t.d. *Oláfsdrápa* 22] [...]” (1964, s. 170)

Den kan sjå ut til at Bernström set vel stor lit til kjeldene, særleg heltesogegenren var jo ikkje særleg realistisk, men på bakgrunn av intelligensen og tilpassingsevna til ramnar og at både dei og ulvar var mykje meir utbreidde enn i dag, er det å venta at alle desse scenene har ein reell bakgrunn, sjølv om dei vert overdrivne og stereotypiserte i litteraturen. Såleis kan me rekna med at skaldane hadde sett åtseletinga med eigne augo på slagmarka eller ved andre høve. Jamvel om menneskja i vikingtid i nordisk mellomalder har hatt eit anna mentalt forhold til vald og død, lyt dette ha vore syn som har sett ugløymande spor i sinnet. Likevel er motivet nærmast alltid anten positivt heroisk eller nøytralt teknisk brukt, somtid stuttmålt og nærmast som ein genrekonvensjon ved lovkvaddiktinga og somtid utmåla med realistiske detaljar. Om dikt av den siste typen skriv Fidjestøl at: “[...] *dei syner at ein formelprega variasjonsteknikk ikkje i og for seg utelukkar ei sansenær skildring, men emnet er lite hyggeleg, og eg skal avstå frå å sitere meir [...]*” (ibidem, s. 321). Eg er samd i at emnet er lite hyggeleg, og valde det med ei viss motstand fordi skildring av vald ikkje fascinerer meg personleg. Likevel er emnet (som Fidjestøl også nemner innleiingsvis i det same kapittelet, jf. sitat i mi innleiing, kapittel 1) så sentralt i norrøn skaldedikting og så godt eigna til å setja ljøs på stereotypi og originalitet innom denne diktinga at eg har levd med alt blodsølet.

Det er forståeleg at for menneske i norrøn tid, der vald og død var ein nær del av livsrøynsla, let seg underhalda av kampskildringar med utmålande skildringar av våpen og valdelege scener som likdyrmotivet. Det er mykje meir underleg kor stor appell tilsvarande motiv har i vårt samfunn i vår eiga tid der dei fleste menneske lev eit liv skjerma frå våpen (med unntak av jaktvåpen) og drap. Ser ein t.d. på populære kinofilmar retta mot eit vakse publikum, er det få av dei som ikkje skildrar våpen og vald. Rett nok er brorparten av desse frå ein annan kultur (den nordamerikanske) der våpen og vald diverre framleis er eit utbreidd trekk i samfunnet, men det forklårar ikkje den gode mottakinga dei får hjå oss. Det finst fleire generelle studium over kvifor menneske er fascinerte av skildringar av vald, sjå t.d. Dolf Zimmermanns *The Psychology of the Appeal of Portrayals of Violence* i *Why We Watch* (1998, s. 179ff), som også har ei omfattande litteraturliste over dette emnet (s. 227ff). Det hadde vore interessant å lesa mitt korpus i ljøs av slike studium, men det ville gått utover grensene til denne avhandlinga.

5.1 Korpusavgrensing

I førre kapittel såg me at Y i grunnskjemaset for likdyrmotivet (X gav Y Z) kunne verta uttrykt med *ramn*, *ørn* eller *ulv*. Det samla korpuset til motivet utgjer altså alle realisasjonar – vanlege prosaord, heiti og kenningar – av desse tre likdyra. Det viste seg å verta eit for stort korpus for dette arbeidet, og eg har avgrensa kjernekorpuset mitt til kenningar for ‘ramn’ og kort drøfta tilgrensande kjelder: heiti for ‘ramn’ i 7.2, realisasjonar av ordet *brafn* i skaldediktinga i 7.3 og nokre prosakjelder om ramnar i 7.5. Det er fleire grunnar til dette valet av korpus:

Min fyrste innfallsvinkel til dette arbeidet var kenningar. Sjølv om eg ser på bruksmåtane av kenningar i setningar snarare enn deira interne struktur, er strofer med kenningar mest interessante i studium av *variasjonsteknikken*.


Talet på ramnekenningar (182) var høveleg stort for eit oversyn over bruksmåtar medan ørnekenningane og ulvekenningane ville gjeve for små korpus.

Skildringane av ramnane som åtseletarar er ofte meir detaljerte og livaktige enn skildringane av ulvar og ørnar. Det er også venteleg på bakgrunn av at ramnar er svært intelligente fuglar, med mange typar framferd menneske kan kjenna seg igjen i, medan ørnar har ei meir instinktiv rovdyrnatur. Den interne strukturen i kenningane er også oftare knytt til likdyrmotivet ved ramnekenningar enn ulvekenningar.

Her må det nemnast at eg i tråd med Rudolf Meissners oversyn i *Die Kenningar der Skalden* reknar alle kenningar som denoterer likfuglar som ikkje ettertrykkjeleg lyt vera ørnar som ramnekenningar. Om dette skriv han:

“Unter den Tieren des Schlachtfeldes, die sich an den Leichen der Gefallenen sättigen, tritt der Rabe insofern hervor, als seine Kenningar weit zahlreicher sind, als die der Wolfes oder des Adlers. Doch ist hier zu bemerken, daß manchmal Zweifel entstehen kann, ob der Rabe oder etwa der Adler gemeint ist. Die gleichen Bestimmungen gelten für sie beide” (1921, s. 116f)

Som eintydige kenningar for ‘ørn’ nemner han typen [arnar jóð] *ørmanes avkom* (‘ørn’). Mitt korpus vil altså omfatta kenningar som det er uråd å avgjera om refererer til ‘ørn’ eller ‘ramn’ og kenningar som eintydig viser til ‘ramn’.



Figur 5: Inndeling av likdyr

At visse av kenningane eintydig referer til ‘ramn’ kan ein sjå av epitet som skildrar fulglane sin mørke farge. Men usikre kenningar som peiker i retning av ‘ørn’ har eg, i tråd med Meissner, inkludert i mitt oversyn. Om desse to punkta skriv han:

“Epitheta (besonders schwarz, dunkelfarbig) oder charakteristische Züge des Zusammenhangs lassen keinen Zweifel zu, daß die meisten dieser Kenningar den Raben bezeichnen sollen, demgemäß ist auch im folgenden die große Masse unter Rabe zu finden. Einzelne Stellen zeigen aber, daß Kenningar, die man sonst ohne weiteres gewohnt ist, als Raben anzusprechen, gelegentlich auch für Adler stehen können. So in der Hauslǫng der Þjóðólfr *mór valkastar bóru* (14, 3, 6) und *sveita nagr* (15, 8, 3), denn hier

ist der Riese Thiazi [d.e. ei germanisert form av *Þjazi*] Adlergestalt gemeint; vígstari, Adler.” (ibidem, s. 117)

På denne måten er bruken min av ordet *ramn* ikkje heilt presis i denne teksten, og viser snart til *ramn* og snart til *likfugl* generelt i figuren over. Ideelt skulle eg ha vurdert kvar enkelt tilfelle i korpuset og brukt ordet *ramn* der kenningen eller samanhengen tydeleg viser til ramnar og *likfugl* der det er uklårt om det er meint ramn eller ørn. Overgangen er glidande og for mitt samla korpus ville det vorte for upraktisk å gjennomføra eit slikt skilje, og for drøftinga av einskilde strofer vil det koma fram kva for type det er snakk om, så ein får leva med denne mangelen på presisjon.

Slik har eg avgrensa korpuset innanføre den norrøne litteraturen. Eg har òg valt å ikkje trekkja inn skildringar av likdyrmotivet eller ramnar frå andre kjelder utanføre norrøn litteratur. Sett bort i frå zoologiske studium av ramnar, er slike kjelder i alle fall av tre typar:

(1): Nærskylde kjelder eg kunne ha sett på er gamalengelsk og gamaltysk diktning der motivet finst, men i mindre omfang, og yngre nordisk folketru knytt til ramnar.

(2): Det ser ut til at alle stader ramnar finst på jorda har dei gjort inntrykk på folk og ein finn svært varierende skildringar av dei i folketru heilt frå alle verdshyrna med eller utan referanse til deira åtseletarnatur. Til dømes opptrer ramnen i skapingssoga til Haida-folket på nordvestkysten av Nord-Amerika som reknar ramnen som opphavet til menneskja (t.d. skildra i Bill Reids skulptur *Raven and The First Men* ved UBC Museum of Anthropology).

(3): Sist, men ikkje minst, lever likdyrmotivet knytt til ramnar i beste velgåande i moderne kultur og vert ofte portrettert i filmkunsten i fleire land¹⁰.

¹⁰ Som ein digresjon kan det nemnast at til og med i det tidsrommet eg har arbeidd med denne avhandlinga har det kome ut minst tre filmar med slike skildringar. Alt frå ei hyperbolsk skildring av ein svær ramneflokk som går til åtak på ein konvoi i eit dystopisk ørkenlandskap i Russell Mulcahys nordamerikanske *Resident Evil: Extinction* frå 2007 via ei lettare, humoristisk skildring av ein ramn som går til åtak på småfolk i Hiromasa Yonebayashi japanske *The Secret World of Arrietty* frp 2010 (inspirert av Mary Nortons engelske roman *The Borrowers* frå 1952) til ei realistisk skildring av tortur i Lech Majewskis polsk-svenske *The Mill and the Cross* frå 2011 (inspirert av Pieter Brueghel den eldre maleri *Vegen til Calvaria* frå 1564). Skildringa i *Resident Evil: Extinction* minna meg om fjaðradøkkum flokkum ‘fjòrdøkke flokkar’ i den 22. strofa av Halfredr vandræðaskalds Óláfs drápa Tryggvasonar (strofa er sitert i 4.2 ovanfor). Skildringane i *Resident Evil: Extinction* og *The Secret World of Arrietty* er urealistiske: Ramnane vert skildra som målretta rovfuglar som går til åtak på levande menneseke eller menneskeliknande skapningar, ei overdriving ein aldri finn i skaldediktninga. *The Mill and the Cross* skildrar den gruelege detaljen at ramnane fyrst byrjar åtseletinga med den falne sine augo, dette motivet

Det hadde sjølv sagt gjeve mange nye perspektiv til mitt materiale om eg hadde studert og trekt inn alle desse tre typane kjelder, men snart fleire perspektiv enn det hadde vorte plass til.

5.2 Motsetjingsspaning i likdyrmotivet

Omgrepet *motsetjingsspaning* vart introdusert av Bergsveinn Birgison i hans doktorgradsavhandling *Inn i skaldens sinn*, der han skriv: “Jeg har valgt å definere det jeg oppfatter som den estetiske grunnfølelsen bak skaldediktinga og kjenningkunsten som “motsetningsspenning”. Dette er den organiserende modellen (grunnskjemaet) for kjenningmodellene” (2008, s. 78). Dette uttrykkjer eit syn på omskrivingsteknikkane i kjenningssystemet som intendert komplekse, ikkje som ei forvansking av eit eldre, enklare system. Felles for alle motsetningsladde kenningar er at dei er bilete ein ikkje kan sansa med sansane, men berre sjå føre seg, og mange av dei uttrykkjer bilete som korkje me eller folk i norrøn tid kan ha sett på som vene.

Eg deler synet på at *motsetjingsspaning* er grunnlaget for “grunnfølelsen bak skaldediktinga” og tykkjer omgrepet er eit hendug verkty for å analysere *unaturen* i skaldediktinga, for å tala med Lies omgrep. Eg vil i dette kapitlet med utgangspunkt i nomen agentis-kenningen *hungreyððndum hanga gagls* frå *Hallfreðr Óttarsson vandræðaskálds Hákonardrápa 2* diskutera korleis likdyrmotivet gjev rom for lag på lag med motsetjingsspaning. Det er mi von at dette både vil tena som ei praktisk innføring i korleis *motsetjingsspaning* fungerer for lesarar som ikkje er kjende med omgrepet og som ei vidare innføring i likdyrmotivet.

Ok geirrotrv gautvar
gagls við strengjar halgi
hvngreypvndvm hanga
hlóþvt iarni seðar.

P: Ok [gøtvar [geir-Rótu]], séðar jární, hléðut (av *hlýja*) [hungreyððndum [hanga gagls]] við strengjar hagli.

finst også uttrykt i ei *lausavísa* i *Ragnarssaga* der det heiter at: “[unda valr] krefr hér augna minna ósynju” ‘sárets falk (‘ramnen’) krev her augo mine utan grunn’.

O: Og *spjut-Rotas* ('kampens') > *klednad* ('brynja'), sett saman av jarn, lydde (d.e. verna) kje den *hengde mannens* (d.e. 'Odins') *gásunge* ('ramnens') > *hungerøyðarar* ('krigarane') mot *strengenes hagi* ('pilene').

Det øvste laget av motsetjingsspaning er mellom BONDESAMFUNN/ARISTOKRATI og LIV/DØD (ibid., s. 84) Desse to dikotomiane ligg i sjølve likdyrmotivet og finst direkte eller indirekte i alle realisasjonar av det. I vårt døme kjem det indirekte til uttrykk på grunn av dei vidare omformingane, men i eit enklare døme som "*Jarl saddi hrafna*" 'Jarlen metta ramnane' frå ei den sjuande strofa av Tindr Hallkelssons dråpe om Hákon jarl. Som Bergsveinn påpeiker var det å føda krøter arbeid for dei lægre klassane og kvardagen, ikkje noko virke for herskarar og krigarar. I prosa hadde det såleis vore utenkjeleg å sjå *jarl* eller andre stormenn som subjekt til verb som *seðja* eller *fóða* der objektet var eit husdyr. Det finst elles nokre skilnader i norrøne prosakjelder om at herrefolk har eit personleg forhold til dyra sine. Eit slikt døme er *Bjarnar saga Hítðólakappa*, kapittel 13. Bjørn bur ei tid hjá Tord om vinteren på Hitarnes og har med seg "*þrjá gangandi gripi, hesta tvá ok hund*" 'tre gangande eigneluter, to hestar og ein hund'. Tord kritiserer Bjørn fordi han "*setr hund sinn jafnaudgan okkr undir bordi*", 'set hunden sin jamgod med oss under bordet' og "*ginnir hann húskarla mína til þess at gefa þeim, ok er þat lítilmannligt at ginna þá til at gefa hrossum.*" (1923, kap. 13. Normalisert.) 'han lokkar huskarane mine til å gje dei [d.e. dei to hestane] [fôr] og det er småmannsleg å lokka dei til å fôra hestane.' (Mi omsetjing). Tord freistar ei tid å porsjonera maten for å sjå om Bjørn held fram med å gje hunden like mykje, og det gjer han. Denne episoden vitnar om eit nært forhold mellom ein stormann og dyra hans, men det kjem òg fram at han ikkje føder hestane sjølv, men bed tenarane gjera det. Verknaden av den kontrasten mellom å føda krøter og aristokratiet er både estetisk spaning og å trekkja helten sine offer ned. Om å føde dyr hadde låg status, kor låkt må det ikkje ha vore å verta føda sjølv? Når dette motsetjingsfylte biletet var så grundig etablert i skaldediktinga gjennom den utbreidde bruken og variasjonen av likdyrmotivet kunne det verta remetaforisert og snudd som i Kormákr Ógmundarsons *Lausavísa* 16 der han i ei svært nedlatande skildring av ein bonde kallar han med kenninga *frenju fódur* 'kyrnes fodar (d.e. 'bonde')'. Det er prosaisk opplagt at denne *hrímugr hlúki* 'sotete tufsen' arbeider med å føda kyr, men med likdyrmotivet som bakteppe tener kenninga til å framheva klasseskilnaden mellom bonden – BONDESAMFUNN – og skalden sjølv – ARISTOKRATI. Klasseskilnadene i mellomalderssamfunnet – den uhorvelege avstanden frå træl til konge – må ha vore ei dagleg spaning og det er ikkje rart han kunne nyttast som ei kunstnarleg spaning. Å snu dikotomien BONDESAMFUNN/ARISTOKRATI på hovudet har ikkje berre litterære parallellar, men har vore eit

rituelt trekk i somme mellomaldersamfunn. Både delar er omtalt i Mikhail Mikhaïlovich Bakhtins *Rabelais and Folk Culture of the Middle Ages and Renaissance* frå 1965. I omtala av årlege karneval skriv han:

“One of the indispensable elements of the folk festival was [...] a reversal of the hierarchic levels: The jester was proclaimed king, a clownish abbot, bishop, or archbishop was elected at the “feast of fools”, and in the churches directly under the pope's jurisdiction a mock pontiff was even chosen.” (utg. 1984, s. 81)

Spaninga mellom LIV og DØD ligg i at likdyret får føde (liv) ved offeret sin død. Denne spaninga finst overalt i naturen og i mytar i alle slags kulturar.

Ved å skriva om ramnen med ein kenning kunne skaldane laga nye lag av motsetjingsspaning. Det neste laget av motsetjingsspaning i vårt døme ligg i sjølve ramnekenningen *hanga gags* ‘den hengde mannens (d.e. ‘Odins’) gåsunge’.



Figur 6: Gåsunge og ramn. Bileta er henta frå Wikimedia Commons og lisensierte til fri attgjeving under Creative Commons Attribution 2.0 generisk lisens.


Eit trekk ved ramnane som ofte vert utmålt er den mørke fjørhamen deira. Alle andre fuglar dei vert omskrivne med har lysare fjørham enn dei, og det danar grunnlaget for motsetjinga MØRK/LJOS.

Inventaret av fuglar som vart nytta som grunnord i ramnekenningar er ganske variert og har hatt ulik grad av motsetjing. Her vil eg i hovudsak gå ut ifrå dømet *gagl* ‘gåsunge’ isolert, men trekkja inn og jamføra med nokre andre arter. Etter mi meining er kenningane med *gagl* særleg motsetjingsfylte. Sidan *gagl* indikerer born er det ein kontrast mellom VAKSEN/BORN,

SVAK/MEKTIG og STOR/LITEN. Storleiksmotsetjinga verkar andre vegen når grunnordet er *svanr* ‘svane’. Innanføre likdyrmotivet er åtseletarnaturen til ramnane eit av dei viktigaste aspekta ved dei. Slik er det ein skarp kontrast mellom gåsungane sin PLANTEETARNATUR og ramnane sin ÅTSELETARNATUR. Denne motsetjinga finst ikkje eller er svært svak når rovfuglar som *haukr* ‘hauk’ vert nytta som grunnord. For eit moderne sinn synast det å vera ei motsetjing mellom gåsungen si USKULD og ramnane si SKULD, men det er kan henda ei anakronistisk lesing.

Merk at dikotomien MASKULINUM/FEMINUM ikkje er ein mogeleg kontrast mellom grunnordet og tydeordet innanføre kenningsystemet. Grunnordet skal fylla ut den syntaktiske funksjonen til tydeordet og må ha same grammatiske kjønn som det. Som det heiter i *Skáldskaparmál*: “*Alla aðra fugla karlkenda má kenna við blóð eða hrá ok er þat þá nafn ørn eða hrafn*” (1954, kap. 75, normalisert) ‘Alle andre fuglar som er hankjønn kan ein referera til med blod eller lik og då er det uttrykk for ørn eller ramn’ (mi omsetjing). Ramnekenningar med grunnord ‘svane’ måtte såleis nytta maskulinumet *svanr* og ikkje femininum som *svanbruðr* eller *alpt*. Altså fungerte kenningane både medvite spaningsbyggjande, men òg som avløyssarar slik at ikkje ein kvar motsetjing var mogeleg.

Motsetjingane me har sett på går langs aksen mellom tydeordet og grunnordet medan det er motsetjingane langs aksen mellom grunnord og kjenneord som vore mest drøfte i andre studiar. I andre kenningmodellar er det her spaninga ligg, som t.d. motsetjinga HAV/LAND i skipskenningar, som t.d. mellom kjenneordet *alda* ‘båre’ og grunnordet *fill* ‘elefant’. Slike skipkenningar har òg ein spaningsakse mellom tydeordet ‘skip’ og dyret i grunnordet, nemleg INANIMAT/ANIMAT. I dømet vårt ser eg ikkje noko beinveges motsetjing mellom *hangi* ‘den hengte, d.e. Odin’ og *gagl* ‘gåsunge’. Ordet *gagl* alluderer til myten om Odins hanging, og i denne konteksten til ramnane hans. Det assosiative verknaden kan gjerne også sest på som anaturleg, men han skapar inga motsetjing. Ei svak spaning mellom grunnord og kjenneord finst i andre ramnekenningsvariantar. T.d. er det i kenningen *sára þorns sveita svan* ‘forenkla: blodets svane’ ei motsetjing REIN/TILSULKA. Jf. omtalen av denne strofa i 7.2.1 under.



Figur 7: Motsetjingsspaningslinjer i ein ramnekenning og ein skipskenning

Den mest ordinære måten å laga ein nomen agentis-kenning med *hangi gags* som kjenneord ville vore å nytta eit ord av typen *fóðir* 'fødar' som grunnord. Når *Hallfreðr* her snur dette to gonger om til *hungreyðandi* 'hungrøydar' vert det dana eit ytterlegare lag med spaning mellom motsetjingane SVOLTEN/METT. Motsetjingsspaningsverknaden av slik dupleksnegasjon er særskilt omtalt i 8.3.2 under, med den same kenningen som døme.

Til no har me sett på motsetjingsspaninga i kenningen internt, og det er ein naudsynt framgangsmåte for ein slik analyse. Men om me ser på kenningen slik han inngår i strofa eller mange fleire lag av motsetjing ein tilhøyrar kunne opplevd. På grunn av den interpolerte ordstillinga blandar assosiasjonar frå dei ulike kenningane seg og skapar nye motsetjingar som kan gå ut over innhaldet i strofa. I vårt døme gjeld det kanskje særleg *gøtvar* 'klednad' og *gags* som står rett etter kvarande og er bunde saman med rim. I andre strofer kan eit diskontinuerleg kjenneord seint i helmingen lata grunnordet stå som subjekt til verbet i nokre sekund, gjerne med ein motsetjingsfylt verknad. Det hadde vore mogeleg å freista å lista opp alle dei mogelege motsetjingane ein kan finna i ei strofe som den ovanfor, men eg trur ikkje det ville hatt så mykje føre seg. Den urolege kjensla av at det er eit utal motsetjingar vove inn i strofene, både dei ein kan oppdaga og dei ein ikkje enno har tenkt på, kan nettopp ha vore det som gav denne diktinga ei kraft for tilhøyrarane me berre til ein viss grad kan sjå. Det er nok mange motsetjingar og enno fleire assosiasjonar som ikkje er synlege for oss i dag.

6 Forskingshistorie

Denne korte forskingshistoria har same fokus som resten av avhandlinga. Såleis vil sentrale forskarar som har arbeidd med andre emne innanfor skaldediktinga, t.d. metrikk, ikkje verta omtalte. Eg har vigg ein del plass i dette kapittelet til lengre sitat, dels fordi eg trur lesarane vil få den same trøyskapen av lesa dei som eg har hatt av å finna dei fram, men også fordi ein epoke si ånd kjem best til uttrykk i sitt eige språk.

6.1 Gransking av skaldedikt i høgmellomalderen

Analytisk gransking av kenningar tok til på Island på 1100 og 1200-talet. På denne tida vart det skriva fem såkalla grammatiske avhandlingar og fleire av dei nytta skaldestrofer som døme. Eit anna viktig verk er *Skaldskáparmál*, som truleg vart skriva av Snorri Sturluson. *Skaldskáparmál* kan ha vore meint som ei lærebok for aspirerande skaldar og har av mange vorte sett på som ein del av ein litterær renessanse på Island på fyrste halvta av 1200-talet. Verket forklarar mange sentrale kenningtypar og mytologien bak dei. Hadde me ikkje hatt dette verket overlevert, hadde det nok vore fleire kenningtypar me hadde hatt vanskeleg for å forstå. Dette gjeld særleg dei som er bygt på eit kulturspesifikt eller mytologisk grunnlag og som ikkje har stor ålmenn metaforisk klang, t.d. mannskenningar som [nadd-Freyr] *spjut-Frøy* ('mann') med eit gudenamn som grunnord og eit våpen som kjenneord. Av dei grammatiske avhandlingane er det særleg den tredje og den fjerde som nyttar skaldedikt som døme. Den tredje siterer 123 strofer, mange av desse frå fortidas hovudskaldar, men også ein del dikt som er dikta for å illustrera poeng i teksten. Den siterer 62 strofer og vidarefører denne praksisen, her er brorparten av kveda dikta som ein del av avhandlinga. Den fyrste grammatiske avhandlinga er kjend for å vera eit svært originalt verk der forfattaren viser ei djup og fantasifull innsikt i sitt eige morsmål. Dei seinare grammatiske avhandlingane er mindre originale og nærmare knytt til felleseuropeisk kunnskapsarv. Skaldedikta vert såleis ofte siterte for å illustrera punkt som ein finn i latinske grammatikkar frå mellomalderen, særleg retoriske figurar eller tropar¹¹. Det seier seg sjølv at dei ættledda som overlevte skaldediktinga fram til

¹¹ Ein liten digresjon: Det finst også seinare arbeid som vidarefører denne tette samanknytninga av klassiske tropelære og norrøn skaldedikting. Eit obskurt døme er P. L. Dintlers *De gamles poetiska språk* frå 1859. Dintlers kunnskapar om klassisk retorikk var (mildt sagt!) større enn hans forståing av norrøn dikting og han emenderer

denne granskinga tok til, ikkje tenkte på omskrivingane i henne i slike termar. Mitt syn på forskingshistoria til skaldediktinga i moderne tider er at ho gradvis, og med ulike tilnærmingar, har prøvd å koma nærmare ei forståing av den opphavlege stilkjensla som dreiv fram denne forma for dikting, fordi ein ikkje kjem særleg nær ei slik forståing om ein ser diktinga gjennom klassisk, gresk-romersk lære om omskriving og estetikk.

Frå mellomalderen vil eg no springa fram til 1800-talet. Handskriftene si historie i mellomtida er interessant, men ikkje så relevant for denne avhandlinga. For den som er interessert i denne epoken av overlevering og gransking av norrøn kultur, vil eg tilrå Ludvig Holm-Olsen *Lys over norrøn kultur* (1981, særleg kapittel 2–5), som gjev eit godt og lettlese oversyn av denne tida, med særleg vekt på Noreg si rolle.

6.2 Forsking før andre verdskrigen

På 1800-talet vart norrøn dikting oppdaga å nyo, og ein viktig faktor for dette var nasjonalromantikken si interesse for fortida. Edda-diktinga, som mange på denne tida gjekk utifrå at måtte vera svært gammal, vart godt motteken, men skaldediktinga stemde ikkje med det biletet ein ynskte av fortida og fekk av mange negativ kritikk eller vart sett på som ei forvansking av Edda-diktinga (jf. Frank 2005, s. 160f). For å syna kor skarp denne kritikken kunne vera, vil eg sitera to døme, den eine retta mot *innhaldet* i diktinga og den andre mot *forma*.

I den satiriske romanen *Melincourt* som Thomas Love Peacock (engelsk forfattar og satirikar) gav ut i 1817 opptrer denne kritikken av innhaldet i skaldediktinga, med fokus på likdyrmotivet (utdraget er pakka inn i ein dialog mellom to av figurane i romanen):

og set om strofer slik at dei gjennomgår ein metamorfose til dikt om moralfilosofi i lærd stil. For kuriositetens skuld vil eg sitera ei slik lesing. Under omtala av *Epitheton* (s. 99ff) siterer Dintler ein fjerding av ei strofe som finst i vårt korpus, Snorri Sturlusons *Háttatal*, strofe 5: “*Hamdøkkum fær Hlakkar / hauk munnröða aukinn*”. Fjerdingen gjev ikkje meining utan resten av helmingen der subjektet *ógnþorinn valds skjaldar* står. Strofa er ei svært ordinær likdyrstrofe som forenkla kunne vorte sett om: “*den kampdjerpe ‘krigaren’ får auka munnrøden til den hamdøkke ‘rammen’.*” Ikkje veit eg korleis Dintler kan ha kome fram til:

Öfverdrift I nöjen har till följd stora bekymmer

Ju öfverdrifnare begärens förespeglingar äro, ju mera förökas de. (s. 100)

“As to the 'Scald's strong verse,' I must say I have never seen any specimens of it that I did not think mere trash. It is little more than a rhapsody of rejoicing in carnage, a ringing of changes on the biting sword and the flowing of blood and the feast of the raven and the vulture, and fulsome flattery of the chieftain, of whom the said Scald was the abject slave, vassal, parasite, and laureat, interspersed with continual hints that he ought to be well paid for his lying panegyrics.” (Peacock utg. 1896, s. 274)”

Denne kritikken, som rett nok ikkje stammer frå forskinga si verd, har eit så underhaldande språk at det ikkje er rart at ho ofte vert sitert i av engelskspråklege skaldekvadsforskarar (t.d. av Turville-Petre 1976, s. lxxiv og Frank 2005, s. 160) Om Peacock hadde lese skaldedikting i anna enn omsett form, har eg ikkje funne ut. Men ser ein på prosaiske omsetjingar av strofer som skildrar strid generelt og likdyrmotivet særleg i isolasjon, kan ein godt forstå kritikken hans. For tenkjer me tilbake på sitatet om variasjonsteknikken frå Fidjetøl i kapittel 5 ovanfor var det ikkje i det prosaiske innhaldet skaldane fokuserte sin *kunstnarlege energi*. Men også uttrykket, og særleg den omfattande bruken av kenningar, fekk av somme granskarar ei minst like negativ vurdering:

“Omskrivningerne indtage en stor plads, de sige i grunden intet, og ere kun tom klegt; ofte udtrykkes en ganske simpel tanke ved lange omskrivninger; og forskellige læsemåder med hvad deraf følger, forklaringer, bringe endnu mere forvirring i det, der skulde være en opløftelse for sjælen. Lange digte, der f. ex skildre kamp, der kan udtrykkes på så mangehånde måder, komme derved til at mangle indhold, i det de opløste omskrivninger sige ett og de samme. Derved går en stor del, især af den senere nordiske poesi, tabt for os; enkelte more sig ved at finde ud af den, historikerne lade sig nøje med meningen; de, der ere vante til anden poesi, kan ingen nydelse have deraf. Kort sagt, denne slags poesi er smagløs.” (Petersen utg. 1874, s. 240)

Niels Matthias Petersen (professor i nordisk språk ved Universitet i København frå 1845 til 1862) gav denne kritikken i 1861. Igjen er fokuset spesielt retta mot kampskildringar. Petersens kritikk kjem ikkje frå ei misforståing av diktinga, i resten av teksten syner han god forståing for korleis skaldediktinga heng saman.

Når den utbreidde bruken av kenningar vart så negativt vurdert, var det ei sentral oppgåve for forskarane på denne tida å finna ut korleis kenningane hadde oppstått og fått så stort omfang.

Mange tenkte seg at dei kompliserte versemåla til skaldediktinga, særleg *dróttkvátt*, tvang fram omfanget av kenningane. Lie kalla dette *verstvangteorien* og skreiv at C. Rosenberg med urett hadde vorte kalla far til teorien medan hans eigenlege utformar var Finnur Jónsson (jf. Lie 1982 [1957], s. 239ff). Andre tenkte seg at kenningane var stivna variantar av eldre, enklare metaforar. Lie kalla dette *fossil-teorien* og knyter synet til Hjamlar Falk, men meiner det var eit ålment syn både før og etter han (jf. Lie 1982 [1957], s. 241ff). Med eit negativt syn på *dróttkvátt*-stilen som ein degenerert versjon av *edda*-stilen som bakteppe, er båe desse teoriane logiske slutningar. To meir originale teoriar frå denne tida byggjer båe på at kenningane hadde opphav i tabu, *profantabuteorien*, med Axel Olrik som opphavsmann, og *sakraltabuteorien*, med Friedrich Kauffmann som opphavsmann. Det er ikkje plass til å gå inn på desse teoriane her, men den som er interessert finner omtale av dei i hjå Lie (1982 [1957] s. 251ff) og Bergsveinn Birgisson 2007 (s. 71).

Tida frå siste halvta av 1800-talet fram til mellomkrigstida var ei viktig og produktiv tid i skaldediktinga sin forskingshistorie. I åra 1854–60 kom Sveinbjörn Egilssons ordbok over skaldespråket *Lexicon poetikum antiquæ linguæ septentrionalis* ut. Denne ordboka er den dag i dag eit uvurderleg hjelpemiddel for lesarar av skaldediktinga, i si reviderte og omsette utgåve frå 1931, kallar Finnur Jónsson henne for: “*den nordiske filologis hovedværk og hovedpyrd*”. I åra 1912–1915 gav Finnur Jónsson ut den samla skaldediktinga i *Den norsk-islandske skjaldedigtning*. I dag er ei ny utgåve under utgjeving ved prosjektet *Skaldic Poetry of the Scandinavian Middle Ages* eller *Skaldic Project*, både elektronisk og i bokform. Fram til dette arbeidet er fullendt står Finnurs utgåve enno som standardutgåve etter eit hundreår. For granskarar i tida før denne utgåva var det ikkje mogeleg å gjera systematiske etterrøkingar i store eller heile delar av korpuset til skaldediktinga. Alle seinare kvantitative studium av skaldediktinga (t.d. Jan de Vries’ *De skaldenkenningen met mythologischen inhoud* frå 1934, Fidjestøl 1982 og 1999, Edwards 1983 og arbeidet du har i handa) har direkte eller indirekte støtta seg på denne utgåva. I sin kritikk av de Vries’ metode drøfter Fidjestøl føremon og ulemper med denne situasjonen (1999, s. 277ff). I 1921, berre få år etter *Skjaldedigtning* kom ut, gav Rudolf Meissner ut eit sentralt, kvantitativt arbeid – *Die Kenningar der Skalden: ein Beitrag zur skaldischen Poetik*. Dette verket er eit oversyn over nær på alle kenningane i korpuset til skaldediktinga ordna etter tydeord og vidare etter kjenneord. Når kenningane etter kvart vert annoterte i den elektroniske utgåve av *Skaldic Project* vil dette hjelpemiddelet kunne erstatte Rudolf Meissner, men fram til dess vil *Die Kenningar der Skalden* også vera eit sentralt hjelpemiddel for kenningstudium, særleg kvantitative.

Når Finnur Jónssons utgjevararbeid har hatt ei så sentral rolle for seinare forskning, er det ikkje rart at hans arbeid stadig har vore oppe til kritikk. Det har likevel kanskje ikkje vore nok kritikk, for når ein les den retta teksten i *Skjaldedigning* saman med hans revisjon av *Lexicon Poeticum* set det i gong ei farleg sirkelrørsle der ein – eller, i alle fall nybyrjarar som meg – lett kan gløyma at hans lesemåtar er like subjektive som alle andre sine. Når Finnur som regel berre set om kenningane med tydeordet deira, ikkje kjenne– og grunnordet, kan det tyda på at han såg på kenningane som *erstatningar*. Det stemmer at Finnur mange stader la fram eit tolleg negativt syn på kenningane og at han var ein sentral stemme for det Lie kalla *Verstvang-teorien* (1982 [1957], s. 239ff), men han uttrykte også eit positivt syn på kenningane i si Litteraturhistorie:

“I virkeligheden er det da også disse omskrivninger, som, rigtigt forståede og fornuftig fortolkede, [...] gier skjaldepoesien i det her omhandlede tidsrum [før 1100] ikke alene dens ejendommelige udseende, men et virkeligt poetisk præg og en flugt, som en ligefrem meddelelse af de historiske kendsgerninger vilde savne. De kan siges at være skjaldepoesiens kød og blod, det huld, som de meddelte kendsgerninger ifører sig for at kunne fremtræde som et smukt legeme, og tillege det blod, der gennemstrømmer det hele og giver det liv, ånd og bevægelse.” (1920, s. 381)

Sjølv om dette er ei positiv vurdering, seier ho lite om kenningane sin eigentlege estetiske natur, som vel neppe kan seiast å vera *smukk* (jf. Bersveinn Birgisson 2007, s. 49). Men andre stader i det same verket, kjem hans negative syn på den eldste diktinga sin kompliserte kenningsstil fram:

“M.h.t. omskrivningernes u d s t r a k t e b r u g foregår der en udvikling eller forandring indenfor dette tidsrum [før 1100]; denne forandring skjer lidt før og omkr. 1000. Det er ved denne tid at skjaldepoesiens form, særlig i rytmisk henseende, fra at være tung og stiv, men solid, bliver overordenlig smidig, let og elegant; det er som om skjaldenes vers nu afrystede en gammeldags tung sprog-puppe og fløj du som lette og vævre sommerfugle. [...] Denne forandring havde den indflydelse på kenningerne, at de blev kortere [...] og, hvad er det vigtigste; langt færre.” (ibidem, s. 389, Finnurs uthevingar)

Utviklinga av kenningstilen i dei siste to hundreåra av skaldediktinga si historie vurderte Finnur som negativ (ibidem, s. 389, jf. sitat i 9.5.3 nedanfor), eit syn eg deler.

Finnur Jónnsons skarpaste kritikarar var ein av hans samtidige – Ernst A. Kock. Mellom dei var det i heile deira forskarliv ein vedvarande polemikk. Tydelegaste kjem denne til uttrykk i Kocks store kommentar til skaldediktinga *Notation norrænæ* som kom ut frå 1923 til 1944 og i Kocks eigne utgåve av skaldediktinga. Dette verket er delt inn i 3428 kortare paragrafar som regel med kommentarar til einskilde strofer. Her kan ein slå opp på ei tilfelleleg side og vil truleg finna eit åtak på Finnurs *Skjaldedigning*, med uvanleg saftig retorikk. Eit døme er kritikken av lesemåten av Gamli kanókis *Harmsól* strofe 25 med retorisk vekt på teiknsetjinga i Finnur retta tekst: “Skj:s helming bär varningstecken [...]; *saðr, þeims, sinna, iðrask, synda* – typen hack, hack, hack, hack!” (1926–1929, §1193). Trass i alle dei usaklege personåtaka, er dette verket av stor verdi. Den mest gjennomgåande kritikken er at Finnur emenderte handskrifttekstane for mykje i sin retta tekst. Kock føreslår ofte alternative lesemåtar som både ligg tettare til kjeldene og gjev god meining. Måten eg har nytta det i dette arbeidet, er å dobbeltsjekka strofer eg har sitert der noko er vanskeleg å forstå. Som mange har peika på representerer ikkje Kocks kritikk eigentleg noka fundamental usemje med Finnurs estetiske syn på skaldediktinga, striden stod om detaljar.

Skulle ein freista å summera opp kritikken av skaldeforskinga før andre verdskrigen, er eit hovudpunkt at den ålmenne estetiske stilkjensla enno var forankra i eit klassisk ideal om det *vakre* og *naturlege*, og at desse ideala ikkje er godt eigna til å forstå opphavet til *dróttkvátt*-stilen. Finnur Jónsson var sjølv klár over dette poenget då han skreiv:

“En digtart æstetiske betydning er alltid relativ og nøje knyttet til den tids ånd, i hvilken den blomstrer, finder folks smag og behersker denne. For de allerfleste i nutiden vil skjaldepoesien i æstetisk henseende være overordenlig, for ikkje at sige ganske fremmed, og anderledes kan det heller næppe være.” (ibidem, s. 369)

Det same kan ein seia om vår notid, skaldedikttingsforskinga i etterkrigstida har ikkje gjort skaldepoesiens estetikk meir populært tilgjengeleg. Men endringar i vårt mentale landskap – t.d. på grunn av psykoanalysen, med si vekt på det umedvitne og seinromantisk og særleg modernistisk estetikk, som sprengde ideala om det vakre og naturlege om att og att, på nye måtar – gjorde det mogeleg for forskarar å sjå på skaldediktinga gjennom nye briller. Desse nye innfallsvinklane har bringa oss nokre skritt nærmare ei autonom forståing av skaldestilens estetikk. Dei gresk-romerske stilideala og tolkingsmodellane kom til den norrøne kulturen gjennom kristendomen og den felleseuropeiske skriftkulturen han hadde med seg. Når desse

ideala feste seg så djupt i vår ånd, måtte det kanskje koma eit radikalt brot med desse ideala før ein kunne sjå den førkristne diktinga i eit klårare ljøs?

6.3 Forsking etter andre verdskrigen

Sjølv om han ikkje var den fyrste som uttrykte eit tydeleg moderne gjennombrøt i skaldediktninga, var Hallvard Lie den stemmen som uttrykte det klårast gjennom artiklane *Skaldestil-studier* frå 1952 og *'Natur' og 'unatur' i skaldekunsten* frå 1957. I den sistnemnde skriv han innleiingsvis:

“Det er ikke min hensikt å ville forsøke å «forsvare» skaldekunsten som sådan, estetisk, smaksmessig, men jeg tror at den har et ennå uoppfylt krav på å komme til sin historiske rett som et adekvat og konsekvent uttrykk for en bestemt, kultur- og åndshistorisk betinget *kunstvilje*, at vi m.a.o. må forsøke, så langt råd er, å forklare dens totalpreg såvel som dens vesenbestemmende enkeltkomponenter ut fra den prinsipielle forutsetning at det er relativt *frie viljesakter* det hele er utsprunget av og ikkje av en rekke kunstige (bl.a. metriske) tvangssituasjoner og utskeiende dekadense-tilstander. Det er nemlig et eiendommelig, men påtakelig faktum at selv noen av de grundigste kjennere og ivrigste «forsvarere» av skaldediktningen i sine betraktninger og vurderinger av selve *stilen* i denne diktingen har gitt uttrykk for et grunnsyn som nødvendigvis innebærer at de trekk som fremheves, får en rent *passiv* eller *negativ* karakter.” (Lie 1982 [1957], s. 202, Lies uthevingar)

Dette synet har i store trekk vunne gjennom i moderne forskning på skaldedikting.

Omskrivingane, kompleksiteten og den omstilte syntaksen i den eldre skaldediktinga er hjå dei fleste notidige forskarar sett på som eit autentisk uttrykk for ein særeigen norrøn estetikk.

Forskinga er i våre dagar meir mangslungen enn nokosinne, og ho fangar opp impulsar frå samtida og andre fag (til dømes frå strukturalisme hjå Marold (1983) og Fidjestøl (1974), frå lingvistikk hjå Diana C. Edwards (1983) og nyleg frå kognitiv metafor-teori hjå Holland (2005) og Bersveinn Birgisson (2007)) som lyser opp stendig fleire sider ved skaldediktinga. Det er vanskeleg å sjå kvar straumane renn i si eiga tid, og etter Lies tid har det kome til mange nye idear, men så vidt eg kan sjå, ikkje noko nytt paradigmeskifte av tilsvarande storleik. Skulle eg freista å skriva forskingshistorie etter Lie si tid, ville det såleis vorte mange korte punkt som

det hadde vore vanskeleg å knyta saman til ei historie, så heller enn å parafrasera ideane til nyare forskarar som har inspirert dette arbeidet her, viser eg til sitat og referansar i resten av avhandlinga.

7 Oversyn over korpuset og tilgrensande kjelder

I det overleverte korpuset av skaldedikt har eg identifisert 182 kenningar for ramn fordelt på 153 strofer, 113 tilfelle av lemmaet *hrafn* fordelt på 125 strofer og heiti for ramn i 18 tilfelle. Vidare har eg sett på 25 tilfelle av ordet *hrafn* i prosakjelder. I dette kapitlet vil me berre kort sjå på den interne strukturen til ramnekenningane som utgjer kjernekorpuset for denne avhandlinga, bruksmåtane deira kjem me grundig tilbake til i kapittel 8 nedanfor. Me nøyer oss med å gje eit meir overflatisk oversyn over dei andre kjeldene, jf. drøfting av avgrensing av korpus i 5.1 ovanfor.

7.1 Ramnekenningar

Mitt korpusoversyn i kapittel 8 er på setningsnivå og tek ikkje omsyn til den interne strukturen til kenningane. Fordelinga av ulike typar ramnekenningar er så godt sett opp i Meissners *Die Kenningar der Skalden* at eg her nøyer meg med å visa til hans oversyn (1921, s. 119ff). Eg har nytta hans oversyn som grunnlag for å byggja opp mitt korpus og berre funne nokre få kenningar han ikkje har fanga opp. Eit spørsmål må me likevel ta opp i samband med den interne strukturen til kenningane og det er om dei alltid eintydig refererer til ‘ramn’. Meissner nemner to slike tilfelle:

“*gagl* und *geitungr* (Hornisse) sind auch Grundwörter für Waffenkenningar, sodaß hier bei Gleichheit der Bestimmungen Zweideutigkeit entstehen kann, *sárgagl*, *sáргеitungr* könnte einen Raben oder auch einen Pfeil bedeuten [...] Eine andere Konkurrenz ist an sich möglich, wenn ein Vogelname, etwa *svanr* als Grundwort für Schiff gewählt und durch den Namen eines Seekönigs bestimmt wird [...]” (ibidem, s. 118)

Den sistnemnde typen vil ikkje ovra seg i vårt korpus med di sjøkongenamn (eller homonym til sjøkongenamn) aldri opptrer i ramnekenningar, men den fyrste typen finst det 16 døme på, tre med *geitungr* og 13 med *gagl*. Men denne sidetydinga utgjer ikkje noko problem i vårt korpus, fordi det i konteksten i desse 16 tilfella alltid synest klart at det må vera ‘ramn’, ikkje ‘pil’, som er meint.

7.2 Ramneheiti

I tulesupplementet til Skaldskaparmál i grammatikk- og poetikkodeksane AM 748 I b 4^o og AM 748 I b 4^o er det lista tjueto heite for ramn. Utanom det obskure nøytrret *klóakan* (var. *kialakan*), er alle maskuline i tråd med kravet om genussamsvar som gjeld for kenningane. Såleis er *krákr* m. oppført, og ikkje *kráka* f.. Nokon sexusdistinksjon av typen *ólpt* f. og *svanbrúðr* f. ‘hosvane’ versus *svanr* m. ‘hannsvane’ (sjølv om denne distinksjonen ofte er utviska, finst det tekstar som stadfestar han, jf. Fritzner 1954) er ikkje tydeleg mellom *kráka* f. og *krákr* i prosatekstar. *Krákr* er likevel det einaste potensielle heitet som ei fylgje av det *grammatisk* funderte genussamsvarskravet.

Utifrå heita sitt system er *hrafn* òg teknisk sett eit heiti for ‘ramn’, men i og med at det er det einaste som har noka særleg utbreiing i den overleverte litteraturen, vert det omtalt særskild i kapittel 7.3 under. Ein kan dela heita inn i 5 grupper:

7.2.1 Nomen agentis-kenningliknande konstruksjonar og -samansetjingar

Det er lista fire samansetjingar: *holdbori* ‘kjøtborar’, *árflognir* ‘morgonflygar’, *hornklofi* ‘?hornklove’ og *borginmóði* ‘som bergar seg med sitt mot’. Alle desse samansetjingane slektar på nomen agentis-kenningar som *bergir hræsavar* ‘bloddrikkar’. Dei to fyrste har gjennomsiktig tyding med tilknytning til likdyrmotivet og det finst parallelle usamansette variantar av dei, nemleg *boringi* ‘borar’ og *viti* ‘varslar’. Dei andre to er meir opake sjølv om etymologien tykkjest klár: *hornklofi* ‘hornklove?’ og *borginmóði* ‘som bergar seg med sitt mot’¹².

Sambandet med likdyrmotivet er ikkje innlysande for *árflognir* ‘morgonflygar’ og *viti* ‘varslar’. Førestellinga om at ramnane flyg tidlege om morgonen og varslar kampen har heller ikkje nokon parallell internt i dei overleverte kenningane, men biletet av ramnane som heng over kampstaden i otta og varslar kampen er måla ut i mange strofer. Skildring av at ramnane ventar i otta på ein kamp som skal stå om morgonen finst eksplisitt i Þþyn ([...] *krefr morginbráðar*

¹² Denne tolkinga etter Lexicon Poeticum, som altså les ledda som avleidd av *bjarga* ‘berga’ og *móðr* ‘mod’. Lesemåten synest rimeleg, men tydinga er ukjend.

'krev morgonfangst') og Harkv 3 ([...] *at degi ondverðum* 'i otta'). Tydelegast er dette biletet måla í ei *lausavísa* frá om lag 955 av Hrómundr halti Eyvindarson í tåtten om han. Ho er høveleg á sitera í denne samanhengen fordi det også er éi av to strofer som har overlevert ordet *borginmóði*.

Vt heyri ek svan sveita
sara þorns er mornar
brad vegr borgin moda
blafjalladan gjalla
sva gol fyr þa er feigier
folk narungar varu
gvnnar haukur er gaukar
gautz bragda spa saugdu

P: Heyrik út bláfjallaðan [[[sára þorns] sveita] svan] gjalla. Bróð vegr borginmóða es mornar. Svá gól [gunnar haukr] fyrr, es [[Gauts bragða] gaukar] sǫgðu spǫ, þás folknǫrungar vǫru feigir.

O: Eg hǫyrer utanfrá den svartskinna *sárets tornes* ('sverdets') *sveittes* ('blodets') *svanen* ('ramnen') gjalla. Byttet vekkjer ramnen í otta. Slik gol *kampens hauk* ('ramnen') før når *Odins handlings* ('kampens') *gaukar* ('ramnane') varsla at krigarane skulle dǫy.

7.2.2 Avleiingar

Ramnetula viser som mange av tulene alle avleiingstypene som er moglege i norrønt språk. Den førre kategorien er døme på verbavleiing, adjektivavleiing finn me í *blæingr* 'den svarte' av *blár* 'svart' og substantivavleiing í *klóakan* truleg av *kló* 'klo' og *liti* etter *Lexicon Poeticum's* framlegg av *lit* 'auga'.

7.2.3 Dunkel etymologi

Desse utgjer brorparten av tula. Ord med dunkel etymologi er *óværi* (var. *overe*), *drúkr*, *krummi* og *krumsi*. Ord som er kjende í andre tydingar eller relaterte til ord som er det, men

vanskelege å knyta til ramn er *geri* (primærtyding 'ulv'), *spori* (Lexicon Poeticum knyter det til sistelekken i dvergnamnet *haugspori*) og *ártali* (i tydinga 'árteljar' om månen i Allvismål)

7.2.4 Propria

Namna på Odins to ramnar – *Huginn* og *Muninn* – vert somtid nytta om ramnar generelt og somtid om desse to særskilde individa. Grensa er ikkje alltid lett å dra.

7.2.5 Anna

Det latinske *korvús* (var. *kormiss*, d.e. artsnamnet *corvus*) er oppført, like eins *korpr* (som ikkje hadde den utbreiinga i prosalitteraturen det har fått i vår tid). Desse to orda har truleg sams opphav (De Vries 1977, b. I s. 326). *Krákr* er omtalt innleiingsvis.

7.2.6 Omfang

Som tilfellet er for mange av tulene (norr. *þula* f. 'remse over poetiske synonym') finst flestalle av desse heita ikkje overlevert i litteraturen. Størst utbreiing har *Huginn* (10 døme) og *Muninn* (8 døme) (båe er ofte nytta som kjenneord i ramnekenningar), samansetjingane *borginmóði* og *arnflognir* finst to gonger kvar, *hornklofi* er kjend som tilnamn til Harald Hårfagres skald Torbjørn – og det er det heile. Båe handskriftene ramnetula er overleverte i – AM 748 I b 4° og AM 757 a 4° b – er frå etter 1300 og spørsmålet om opphavet og autentisiteten til tula verkar påtrengjande: Kan denne lista av stort sett obskure uttrykk som snautt finst i overleverte kvad vera eit produkt av ein forfattar som la fram nokre fantasifulle synonymforslag han tenkte seg andre kunne nytta eller kan det ha vore overlevert munnleg jamsides skaldediktinga utan å ha vorte nytta undervegs? Dette er eit stort, ålment problem med tulene og tuleinnsлага i eddadikta. Dei gnomiske (d.e. partia av Allvismål, der me får læra kva ulike ting heiter i *heimi hverjum í* 'i kvar heim', er i seg sjølv ein tydeleg indikator på kor viktige synonymssystem må ha vore i den norrøne poetikken og fleire av uttrykka der er òg eineståande. Det same kan ein seia om variasjonsteknikken i kenningspråket. Det er ein tendens i nyare forskning til å sjå på tulene som sjølvstendige tekstar med kunstnarleg verdi (jf. Thorvaldsen 2006, s. 131ff), ikkje berre som lister. Eg let spørsmålet stå ope her med di desse

tjueto heita áleine neppe kan gje presise svar. Ei interessant inndeling av tulene i *Skaldskaparmál* vert gjeve i Gurevich (1992) *Þulur in Skaldskaparmál: An Attempt at Skaldic Lexicology*.

7.3 Ordet *hrafn*

Innleiingvis nemnde eg at eg har funne 126 tilfelle av lemmaet *hrafn* fordelt på 113 strofer. Ordet finst i ytterlegare 13 tilfelle, men då er det snakk om mannsnamnet *Hrafn*. Bruken ser ikkje ut til å skilja seg vesentleg frå bruksmåtane til kenningane.

7.4 Edda–dikt

I *A concordance to Eddic poetry* har Kellog identifisert 14 tilfelle av ordet *hrafn* (1988, s. 203) og 5 av ordet *Huginn* (ibidem, s. 207). I nokre tilfelle vert ramnane nytta som eit bilete på mørk let. Nokre Edda-strofer har eit innhald som er knytt til likdyrmotivet t.d. *Guðrúnarkviða in forna*, strofe 8 og 9.

7.5 Prosakjelder

Somme av prosakjeldene som omtaler ramnar er knytte til likdyrmotivet. Motivet er sjeldan lagt ut så rett fram som i skaldediktinga, det viser seg ofte i samband med varsel eller spådomar om kampar gjennom skildringar av draumar eller blot, som t.d. i *Soga om knylingane*:

[Kong Valdemar og hæren hans kjem til Gradarheia, og finn ut at kong Svein er på veg dit med ein stor hær og at det snart vil verta slag mellom dei. Han legg seg til å sova og drøymer. Han tykkjer han ser far sin, den heilage Knut Låvard (ags. hlāfweard, NO, s. 263), og han seier til han:]

““Hér ligg þú, son minn!” sagði hann, “ok ert mjök óttafullr um skipti ykkur Sveins konungs, hvernveg fara munu; ver hraustr enn”, sagði hann, “þvíat þú hefir góð málaefni í ykkrum deilum; hygg at nú vandliga, hvat ek segi þér, son minn! þvíat þetta er ekki fals, er fyrir þik berr: þá er þú vaknar, muntu sjá, hvar hrafn einn flýgr, ok þat skaltu vandliga

hugsa, hvar hann sez, þvíat þar skaltu skipa fylking þína, sem hrafninn nemr stað; ok mun guð þér sigr gefa.” (1982, kap. 117. Normalisert)

“Her ligg du, min son” sa han, ”og er mykje ottefull ved styrkeprøven mellom Svein og deg, korleis den skal gå; hald tappert ut,” sa han, ”for di sak star godt I oppgjeret mellom dykk; legg no nøye merke til kva eg seier deg, min son, for dette som no openberrar seg for deg er inkje bedrag: når du vaknar vil du sjå ein ramn flyga, og då skal du merkja deg nøye kvar han set seg, for der ramnen slår seg ned skal du skipa fylkinga di og Gud vil gjeva deg siger.” (Mi omsetjing)

“Eptir þetta vaknar Valdimarr konungr ok stóð upp ok hugsaði draum sinn; hann sá, hvar hrafn einn flaug, svá sem honum hafði verit til vísat.” (1982, kap. 118. Normalisert)

‘Deretter vaknar Valdemar og stod opp og hugsa draumen sin, han såg ein ramn koma flygande slik som det hadde vorte vist han.’ (Mi omsetjing)

[Valdemar vinn så vidt det er slaget med og får etter dette einemakta i Daneveldet.]

Ofte vil prosateksten nemna ramnar i samband med siterte likdyrstrofer, som t.d. i saga om Hákon Jarl i *Fagerskinna*:

“Þá er Hákon kom austr fyrir Gautland, þá feldi hann blótspón, ok vitraðisk svá sem hann skyldi hafa dagráð at berjask, sér á hrafna tvá, hversu gjalla ok fylgja alt liðinu. Svá sem hér segir: [Her fylgjer Einar skálaglamm Helgasons *Vellekla*, strofe 30]” (1847, s. 40)

‘Når Hákon kom aust til Gautland, kasta han blótspón, og det såg ut til å openberra seg at det var ei lagleg tid for han å slost. Han ser på to ramnar, korleis dei gjalla og fylgde hæren. Som det er sagt her:’ (Mi omsetjing)

Fleire prosakjelder omtalar ramnar i samband med andre førestellingar enn likdyrmotivet som ikkje finst spegla i skaldediktinga – somme meir realistiske, som t.d. lover for fugleveidn i *Grágás* (*Grágás*, s 349f), og somme meir fantastiske, som t.d. skildringa av ein ramn som flyg med eit lækjeblad til Sigmundr i *Völsungasaga* (1954, kap. 8). Det vert ikkje plass her til ein brei

gjennomgang av prosakjeldene, men me må via litt plass til handsaminga av ramnar i lovene. Lovtekstar syner oss fortida frå ein heilt annan vinkel enn skjønnlitteratur, ein vinkel direkte knytt til reelle omstende i samfunnet. I *Landabrigðisþáttur* 'Bolken om innløysing av land' er det ein bolk *Um veiðar og almenningar* 'Om veidn og allmenningar' (Grágás, s 349f). Der står det at når ein fer gjennom annan manns eigeðom, kan ein kan ta fuglar langs vegen "að ósekju" 'utan å gjera seg straffskuldig', men ein skal likevel ikkje fara heimanfrá i eins ærend for å gjera det. Løyvet er vidare spesifisert:

56 "Rétt er manni að veiða í annars manns land örnu og hrafna, smyrta og lær og spóa og alla smáfugla þá er eigi fljóta á vatni, nema rjúpur. Vali skal eigi veiða og álftir og gæs og andir. [...] Sæfugla skal hann enga taka í annars landi, eða í veiðistöð."

'På annan manns eigeðom er det lovleg å veida ørn og ramn, dvergfalk, heilo, spue og alle småfuglar som ikkje flyt på vatnet forutan ryper. Ein skal ikkje veida falk, svaner, gjæser og ender. [...] Ein skal ikkje veida nokon sjøfuglar på annan manns eigeðom eller på veidestader.' (Mi omsetjing)

Ørn og ramn er altså fritt vilt, men samanhengen gjer det ikkje klårt om det er fordi dei er skadefuglar eller verdilause. Merk at "örnu og hrafna" er syntaktisk sameint og delvis skilt frå dei andre artane. Dette sitatet er slående jamført med likdyrmotivet. I likdyrmotivet er ramnane ofte venene til krigaren og vert framstilte i eit heroisk ljós, medan denne lova gjer det tydeleg at i røynda var dei ikkje sett pris på, og dei var jo heller ikkje til noka praktisk nytte for menneskja.

8 Bruksmåtane til ramnekenningar

I det fylgjande vert det gjeve eit oversyn over heile det overleverte korpuset av ramnekenningar ordna etter bruk. Meissners oversyn (1921, 116ff) har vore utgangspunkt for å finna fram til materialet, og så vidt som eg kan sjå, er arbeidet hans på det nærmaste komplett¹³. Korpuset omfattar 182 kenningar fordelt på 153 strofer. Oversynet har to siktemål, eit primært og eit sekundært. Fyrst og fremst ynskjer eg 1) å visa *alle* dei ulike måtane ramnekenningar har vorte brukt på i det overleverte korpuset ved å ordna dei i eit trehierarki. På basis av dette vil eg, meir spekulativt, vidare 2) jamføra dei ulike kategoriane med den dateringa strofene har hjå Finnur Jónsson for å sjå etter utviklingslinjer.

Nummereringssystemet som er brukt for døme er vilkårleg og har fyrst og fremst vore for eigen bruk. I dette kapitlet kjem eg ikkje til å setja om den interne strukturen til kenningane og bruka referansesystemet frå *Skj.* (desse forkortingane er forklåra i *Lexicon Poeticum* (1931, s. XIII) heller enn å gje att namn på skaldane og strofene. Dette er fordi det er så mange døme at dette kortare formatet gjev betre flyt i teksten.

8.1 Prinsipp og problem ved kategoriseringa


Det er ikkje mogleg å jamføra setningane og frasane kenningane inngår i om ein tek omsyn til ordfylgd og andre interpolerte setningar, det er altså oppløyst prosaordstilling som ligg til grunn for oversynet. Kategoriane stoffet er inndelte etter er dels grammatiske, dels semantiske, dels relaterte til mekanikken i kenningsystemet, og dels, på dei tunnare greinene, tematiske. Plassen til ulike variablar i hierarkiet byggjer på innhaldet i materialet, ikkje ein på førehand utvikla teori. Føremonen med dette er eit økonomisk system, ulempa er at ulike kategoriar opptrer på same nivå og plasseringa vert ei skjønssak. Slike problem vil verta nemnd i samband med dei aktuelle døma og drøfta spesifikt etter gjennomgangen av oversynet. For primærsiktemålet – å gje eit samla oversyn over alle måtar ramnekenningar vart nytta på – er dette likevel ikkje så problematisk. Skulle ein ordna eit større og meir heterogent

¹³ Denne vurderinga byggjer ikkje på gjennomlesing av heile skaldediktungskorpuset, men på stikkprøver. Der det har vore bolkar på over tjue sider i *SkjI* utan ramnekenningar (t.d. s. 159-179) hjå Meissner, har eg lese gjennom desse sidene for å sjå om noko vanta. I strofer med mange ramnekenningar, har Meissner ein heilt sjeldan gong sprunge over nokon, desse er stillteiane lagt til.

kenningmateriale, måtte inndelingsprinsippa i større grad heva seg teoretisk over materialet, slik at t.d. berre grammatiske kategoriar vart nytta på hovudgreinene. Det verka lite tenleg for ramnekenningsskorpuset som er svært heterogent på grunn av stereotypien i likdyrmotivet.

8.2 Oversyn

Den fyrste distinksjonen er mellom ramnekenningar **A.** i **nominal** bruk, **B.** som kjenneord i **nomen agentis**-kenningar og **C.** som **utfylling** i andre frasar.



Figur 8: Hovudkategoriar

8.3 Nominalledd

I drygt helvta (59%) av materialet er ramnekenningane nytta som nominale ledd. Dette utgjer 107 kenningar. Dei kan både ha formene:

1. subjekt som t.d. i *ÞGísl* 7, 1: “**hræs haukar** gullu” ‘*ramnane gall*’ (eks. 1.)
2. direkte objekt som t.d. *Hl 10a*, 2: “[frák] Sigurð seðja **sára skára**” ‘[eg har høyrð at] Sigurd metta *ramnen*’ (eks. 2.) og
3. indirekte objekt som i t.d. *Ív* 22, 3: “jǫfurr vann **folkstara** fang” ‘kongen skaffa *ramnen* fangst’ (eks. 3.)

Hadde heile korpuset vore analogt med desse døma, ville det vore logisk å dela inn vidare etter setningsledd, men døme som det fylgjande kompliserer det heile:

4. *Þorm Lv* 22, 7: “**benþiðurr** fekk blakkan bjór” ‘*ramnen* fekk *blod*’ (eks. 4.)


Sjølv om *benþiðurr* syntaktisk sett er subjekt her, har setninga lite til felles med **1.** Semantisk sett er konstruksjonen snarare å rekna som ein passiv variant av **3.**, *ramnen* har ei benefaktiv rolle i baa døma. Døme som **1.** der ramnekenninga har ei klár agentiv rolle

konstituerer ein karakteristisk underkategori, men heller ikkje semantiske roller høver åleine perfekt til ei vidare oppdeling. I t.d.:

5. *Hfl* 11, 4: **benmós** granar óru-t blóðs vanar; ‘*ramnane*’ sine *nebbar* var ikkje blodfrie

må vel subjektet seiast å ha ei objektiv rolle, men setninga har lite til felles med 2., det finst fleire liknande døme som skildrar einkvan *tilstand*. Derimot liknar 2. og 3. på kvarandre tematisk sett, i båe variantane er ramnen ein *mottakar*.


Nominalledd vert såleis vidare delt inn i 1. **agentiv**, 2. **mottakar** og 3. **tilstand**. Nokre ganske få døme – mellom anna når ein ramnekenning ein hende gong vert nytta i ein annan kontekst enn likdyrmotivet – passar ikkje inn i desse kategoriane og vert plasserte i 4. **anna**:



Figur 9: Nominalledd

8.3.1 Agentiv

I snutt halvta (43%) av tilfella av ramnekenningar i nominal bruk er ramnen sjølv aktør. Som Bjarne Fidjestøl har peikt på er dette typisk for skildring av slag (1982, s. 202). Syntaktisk sett avgrensar kategorien seg til subjekt og neksusobjekt ved akkusativ med infinitiv. Det finst mange distinkte motiv som danar undergrupper:



Figur 10: Agentiv

Dei tre største som utgjer godt over helvta er:

6. ramnen flyg til, over eller metta frá kampstaden som t.d. i *Þorm* 3, 4: **vápna hreggs gjóðr** fló opt frá gunni; *'ramnen' flaug ofte (metta) frá kampen,*

7. ramnen får seg drykk eller føde som t.d. i *Hl* 31b, 5: **morðs mór** drakk sylg af dreyra; *'ramnen' drakk ein svelg av lika,* og

8. ramnen gjell, sjá døme 1., førre avsnitt.

Vidare finst det fleire mindre grupper, med to-tre døme kvar:

9. ramnen krev eller ynskjer noko som t.d. i *Ragn* V, 4, 1: **unda valr** krefr hér augna minna ósynju; *'ramnen' krev her augo mine utan grunn,*

10. ramnen sit på ein menneskelekamsdel som t.d. i *Ragnarsþ* 1: **veiðivitjar vals** sitja á bragna halsum; *'ramnane' sit på halsane til mennene,*

11. ramnen rører på ein av lekamsdelane sine som i t.d. *Arn* 2, 15, 3: **valgammr** skók blóðugt fiðri í vápna rimmu; *'ramnen' skok med dei blodige vengjene i kampen* og

12. ramnen vader i blod som t.d. i *Drv* X, 2, 3: **hykk blóðug blóðgögl** stóðu í blóði of skor; *eg trur dei blodige 'ramnane' stod i blod over hovudet.*

Med unnatak av den siste gruppa knyter ingen av dei andre smågruppene seg til einskilde dikt eller skaldar, og det er rimeleg å skilja dei ut som eigne temagreiner sjølv om det er få blad på. Her og elles gjeld det at dei døma eg gjev er dei enklaste og mest typiske. Ofte må det ei viss grad av tolking til for å plassera tekststader i dei ulike gruppene, t.d. er *kampstaden* i 6. ofte uttrykt pars pro toto med *sára* e.l.. Dette er stort sett uproblematisk, men strofene i 9. er så ueinsarta at det ikkje er sikkert at dei konstituerer eit sjølvstendig motiv. I nokre få strofer er det eineståande motiv som ikkje passar inn i nokon av gruppene eller som er vanskeleg å tolka. Nokre av desse er svært interessante med di dei dreier seg om spå ramnane si evne til å spå som sjeldan vert nemnd i poesien, t.d. i:


13. *Hróm* 1, 7: **Gauts bragða gaukar** sogðu spó; *'ramnane' varsla*

Om ein tenkjer seg prototypen til likdyrmotivet som “X (d.e. *kongen* el. *krigaren*) gav Y (d.e. *ramnen*, *ørnen* el. *ulven*) Z (d.e. *føde*)”, er det i utgangspunktet vanskeleg å sjå at motiv som 6. og 7. fell inn under det – her er det korkje nokon krigar eller noka føde. Det kan såleis verka overraskande at desse konstruksjonane er så omfangsrike. Men medan dei fleste omskrivingsstrategiane av motivet verkar på ord- eller setningsnivå (j.f. diskusjonen om nomen *agentis* under), er dette ei meir litterær omtolking. I 6. utfører skalden eit temporalt brigde, i staden for å skildra sjølvve atsetinga, legg han perspektivet før eller etter henne. Desse utsegna gjev berre meining på bakgrunn av likdyrmotivet og kan såleis reknast som

omskrivningar av det. Resultatet er ofte ein litt meir narrativ kampschildring enn i dei meir prototypiske døma, med di eit tidsperspektiv vert trekt inn. I dømet over er likdyrmotivet i så stor grad underforstått at det ikkje eingong er naudsynt å nemna at ramnane flyg *metta* frå kampen.

8.3.2 Mottakar

I 40% av tilfella av ramnekenningar i nominal bruk er ramnen ein mottakar i konkret eller abstrakt forstand:



Figur 11: Mottakar

Dette kan ein sjå på som den mest prototypiske varianten av likdyrmotivet, både krigaren, ramnen og føda (anten i form av verb eller substantiv) er med. Syntaktisk sett kan ramnen forma alle typar setningsledd. Brorparten (79%) av tilfella er konkrete som i 2., 3. og 4., langt færre (19%) abstrakte som i t.d.:

14. TorfE 3, 7: ek gœla **holunda val**; *eg gleder 'ramnen'*

Det finst òg eitt døme på dupleksnegasjon¹⁴, heller enn å seia at krigaren *metta* ramnane, snur skalden det til at:


15. Hallv 6, 7: hjaldrórr þverrir **odda Leiknar haukum** hungr; *'krigare' stiller 'ramnane' sin hunger*

¹⁴ Omgrepet *dupleksnegasjon* byggjer på Fidjestøl: “ved ein slags dobbelt negasjon blir hungredeyfir eller gráðar eyðir synonym med fœðir” (1982, 201). Jf. XX. Eg nyttar denne termen i staden for *litot* med di den doble nektinga har ei ganske anna form her enn i vanleg retorikk.

Utrykket ser kanskje ikkje ut til å ut rettferdiggjera ei eiga gruppe her, særleg den idiomatiske klangen til omsetjinga gjer at det ser lite særmerkt ut, men me skal straks sjå at dupleksnegasjon går igjen i fleire undergrupper og kan vera svært karakteristisk som i døme 16., 22., og 29.. Når omsetjinga ser så prosaisk ut, er det nettopp fordi litotar er ein vanleg måte å gje målet farge i vår tid òg, slik som t.d. når “ikkje så hakkande gale” er meint å tyda “tolleg bra”. I den poetiske verda til skaldane har dupleksnegasjonane vore eit viktig verkty for å skapa ytterlegare motsetjingsspaning. Dette verkar kanskje sterkast når det vert fletta inn i kenningane internt som i døme 22. *hungreyðøndum hanga gagls*; ‘ramnen’ sin “hungerøydar” under. Å *eyða* ‘øyda’ har ein kraftigare klang enn å *þverra* ‘minska’ (som oftast vart nytta intransitivt) og ordet *hungreyðandi* representerer tydeleg motsetjinga SVOLTEN/METT. Ordet finst berre overlevert i denne strofa av *Hákonardrápa*, og såleis truleg har vore *Hallfreðr Óttarsson vandræðaskálds* hugskot.

8.3.3 Tilstand

Dette er ei relativt lita (13%) og heterogen gruppe, men alle tilfella skildrar i vid tyding tilstanden til ramnen:



Figur 12: Tilstand

Syntaktisk sett kan kenningane her utgjera subjekt eller direkte objekt. Snau halvta (43%) er dupleksnegasjonskonstruksjonar, ofte upersonlege som i t.d.:

16. *Liðsm* 6, 3: skalat **hanga má** hungra; ‘ramnen’ skal ikkje hungra.

Andre mindre grupper er; ein av ramnen sine lekamsdelar er tilsulka med blod. Det finst to døme, 5. over med dupleksnegasjon og:

17. *Ív* 29, 7: **benþiðurr** bar blóðga vængi; ‘ramnen’ bar blodige vengjer,

18. ramnen gleder seg, vert gledd eller liker kampen som i t.d. *ÞGísl* 7, 1: **sára nagr** gladdisk; ‘ramnen’ gledde seg.

Dertil kjem to tekststader som ikkje passar inn i nokon av desse gruppene.

8.3.4 Anna

To strofer inngår i rámeforteljinga i *Haraldskvæði* og har inkje med likdyrmotivet å gjera, jf. omtala av dette kvedet i 9.2 under.

8.4 Nomen agentis

Dei 53 nomen agentis-konstruksjonane utgjer ein snau tredjepart (29%) av korpuset.

Syntaktisk sett høyrer dei strengt teke til *utfyllings* kategorien – ramnekenninga fungerer som attributt i ein substantivfrase, som kjenneord alltid gjer. Men dette er ei svært særmerkt og homogen gruppe; i alle døma er toppptydeordet ‘krigar’. Sidan kjenneordet i vårt korpus er ein *kenning* for ‘ramn’, er per definisjon alle døma minst to-ledda:


20. *ÞSvart* 3: **folkstara fòðir**; ‘ramnen’ sin fòðar (d.e. ‘krigaren’)

Konstruksjonane slektar mykje på *mottakar* kategorien av nominalledda, særleg døma med direkte objekt. Her skal me sjå på dei som omformingar av slike setningar. På bakgrunn av Odd Einar Haugens drøfting av objektsgenitiv (2001, s. 265), kan me tenkja oss at setningar av same type som 2. ligg under alle desse nomen agentis-kenningane:

X fòðir (verbet) folkstara → folkstara fòðir (oppsettet etter Haugen)

For denne klassifiseringa vert det dei underliggjande setningane som er aktuelle, det eigenlege verbet i konteksten – krigaren sine dådar – tek me omsyn til. Den litterære verknaden av omforminga av ‘ramnen’ frå objekt til objektsgenitiv – frå setningsledd til attributt – om ein jamfører t.d. 2. og 20. er at han er meir perifer i konteksten, som kjenneord ofte er. Men på grunn av det underliggjande verbalgrunnlaget for konstruksjonen er ‘ramnen’ likevel langt mindre perifer enn i reine nominalkenningar som 25. og 26.. Som ein fylgjerett konsekvens av

analysen av nomen agentis-kenningane som omformingar av *mottakarkategori*en av nominalledda, vert undergruppene nett dei same:



Figur 13: Nomen agentis

I 26% av tilfella abstrakte som t.d. i:

21. *ÞKolb* 3, 3, 8: huggendr **sárgamms**; ‘ramnen’ *sin gledar*

i tre dømme dupleksnegasjonskonstruksjonar, alltid i samansetjingar med *hunger-*, som t.d. i:

22. *Hfr* 1, 2, 2: hungreyððondum **hanga gagls**; ‘ramnen’ *sin hungerøydar*

og som i *mottakarkategori*en i brorparten (68%) av tekststadene konkrete som i 20..

Det er to motiv som danar undergrupper av dei konkrete døma. Den meste vanlege (89%) er at ‘krigaren’ er den som *føder* ‘ramnen’, som i 20.. I fire dømme er motivet at ‘krigaren’ *fargar* ramnen eller ein av lekamsdelane hans som i t.d.:

23. *Kuml* 2, 6: **undgjóðs** lituðr; ‘ramnen’ *sin fargar*

Denne litle gruppa er som ei meir aktiv utforming av 5. og 17. jamvel om X er unemnd i konteksten.


Grunnlagsverbet for *fjóðir* – *fjóða* ‘føda’ – er tydeleg konkret og for flestalle meir eller mindre fjerne synonym til ‘føda’ avleidd skaldane tilsvarande nomen agentis-ord; *mótuðr* av *mata* ‘mata’, *nistendr* el. *nistir* av *nista* ‘proviantera’ *bræðir* av *bræða* gje *brøð* ‘bytte’ osb.. Dei mest fantasifulle døma som *brynnir* av *brynna* ‘gje feet drykk’ (avleidd av *bruðr* ‘brunn’) er ofte berre overleverte i éi einskild strofe, og det kan godt henda at dei aldri fanst nokon annan stad – at dei var eit unikumprodukt av ein einskild skald sin “morfologiske kreativitet”.

Like tydeleg er *huggendr* av *hugga* ‘hugga’ abstrakt, anten ein les det i si prosaiske tyding ‘hugga’ eller som eit poetisk, variasjonsteknisk synonym til ein prototyp som *gleðja* ‘gleda’ kan stå som døme på.

Både *hugga* og *fóðaða* har ei markert grunntyding í prosaspráket, men for andre grunnlagsverb er det ofte uråd á dra grensa mellom abstrakt eller konkret, anten på grunn av usikker etymologi eller ambiguitet. Eit definisjonsspørsmål vert det ved ord som *gólir* av *góla* eig. ‘fá til á gala’, kausativ til *gala* ‘gala’. Eg les konsekvent slike ord som ikkje har noko med føde á gjera som abstrakte og synonyme med *gleðja* for á fá ein ein enkel dikotomi mellom konkrete og abstrakte í undergrupper í oversynet. Det frekvente *grennir* av *grenna* har usikker tyding og har neppe samband med homonymet *grenna* ‘øydeleggja’ (jf. *Lexicon poeticum*, s. 203) som òg finst í prosaspráket. Om me definerer *grennir* som ‘fødar’ er det í altá í analogi med tilsvarende kenningar fordi denne tydinga ikkje kan påvisast etymologisk med slektskap til andre ord í eldre, samtidig eller yngre mál. Í fylgje *Lexicon poeticum* føreslo Konráð Gíslason at *grenna* kunne ha samband med *granni* og tyda ‘lokka til seg’. Det gjev god meining innanføre likdyrmotivet at krigaren lokkar likdyra til seg, men denne nyansen er ikkje synleg í nokon av dei overleverte strofene som nyttar verbet *grenna* eller nomen agentis-substantivet *grennir*. Ordtilfanget í skaldediktinga inneheld í det heile mange ord med uklár etymologi der den einaste máten á gje dei meining er í ljós av innhaldet í andre kenningar eller strofer. At *grennir* er *funksjonelt synonymt* med andre ord med tydinga ‘fødar’ er í alle fall sikkert. Enno verre er det med ord som *greddir* der grunnlagsverbet ikkje er overlevert.

8.5 Utfylling

Sams for denne litle (12%) og ueinsarta kategorien er at ramnekenninga stár attributivt, í alle tilfelle så nær som eitt í substantivfrasar:



Figur 14: Utfylling

Eineståande er det altså at kenninga står som utfylling i ein preposisjonsfrase:

24. *Ragn X, 1, 8*: [en dreyrug hræ dræpir í dal] fyr **valfugla**; [*enn á skulla drepa blodige lik i dalen*] for ‘ramnane’

I godt over halvta (68%) av substantivfrasane fungerer kenninga som kjenneord i *tvíkennt*-konstruksjonar. I tilknytning til likdyrmotivet står lik- og blodkenningane, ‘lika’ er ramnen sitt måltid og ‘blodet’ er drykken hans som i t.d.:

25. *Tindr 3, 4*: virði **valgagls**; *máltidet til ‘ramnen’* (d.e. ‘lika’) og

26. *Hl 26b, 3*: **morðhauka** milsku; *blandingsdrykken til ‘ramnane’* (d.e. ‘blodet’)

Desse kenningane kan vidare inngå i større rekit-kompleks jamvel der konteksten ikkje er kampschildring, men det tek me ikkje omsyn til her. Lik- og blodkenningane er det typiske, men i tre kenningar fungerer ramnekenninga som kjenneord i andre tydingar, i to svært spesielle krigarkenningar (*Þloft 2, 3, 3* som kanskje skulle vore tvunge inn under nomen agentis-kategorien og *Anon XII F, 2, 2*) og ein sirkulær ramnekenning som bryt inkongruensregelen:

27. *Obreið 1, 8*: barma **dolgsvölu**; *bror til ‘ramnen’* (d.e. ‘!ramnen’).

Dei få døma på attributiv bruk utanom kenningsystemet omfattar omtale av ein lekamsdel, i eitt døme der krigaren lét fienden falla under klørne til ramnen og to døme som liknar 5. og 23. som t.d.:

28. *Þklypp 8*: rjóðum **bengjóði** nef; [ut frá konteksten: *eg*] *raudfarga nebben til ‘ramnen’*, to døme med ein dupleksnegasjonsvariant som t.d. i:

29. *Esk 3, 3, 4*: herfýsir eyddi hungur **benþeyjar göllunga**; *‘krigaren’ óydde hungeren til ‘ramnen’*

og dertil det unike dømet:

30. *Gráf 2, 4*: at gamni **dolgeisu dísar gjóðum**; *til glede for ‘ramnane’* som har eit visst samsvar med dei abstrakte nomen agentis-variantane.

8.6 Veikskapar ved inndelinga

Eit opplagt underskot ved korpus generelt er at ramneheiti og kenningar og heiti for ‘ørn’ og ‘ulv’ ikkje er med. Særleg interessant hadde det vore å sjå om det fanst skilnader mellom bruksmåten til kenningane og *hrafn* eller ramneheiti. Det kan synast som ein veikskap at oppsettet ikkje tek omsyn dei ulike kenningvariantane som er brukte, men så vidt som eg kan sjå ville det gjort inndelinga umogleg.

Som nemnd innleiingsvis er det eit problem at kategori plasseringane byggjer på skjøn, dette viser seg når dei same underkategoriane går igjen under fleire hovudkategoriar. Tydelegast er dette i forholdet mellom *mottakarkategorien* av nominalleddgreina og nomen agentiskategorien, der underkategoriane, som nemnd, er identiske. Det finst neppe noko teorigrunnlag, strukturalistisk eller anna, som kunne unngått dette problemet, resultatet av t.d. å skyva *abstrakt* lenger inn mot stommen, ville berre vorte kommutasjon, der m.a. *nomen agentis* ville vorte skove lenger ut. Når det gjeld oversynsperspektivet er dette problemet minimalt, hierarkiet syner kva typar som finst og er dertil så ope at ein kan lesa det på mange måtar. Men når kategoriane skal nyttast kvantitativt i ei diakronisk etterrøking, er det eit klårt metodologisk problem. Jamfører ein t.d. dei ulike døma på dupleksnegasjon, er det meir som semjer enn skil – 29. *X eyddi hungr Y+gen* og 22. *hungreyððndum Y+gen*, er på det nærmaste *ordrette* variantar om me ser bort frå utrykka for X og Y, og i 15. *X þverrir Y+dat hungr* er hovudskilnaden berre at verbet er *þverra* ‘minska’ (som òg har ei nomen agentis-form *huntrþverrir* i *BKrepp* 2, 6), som vel er systemsynonymt med *eyða* i denne samanhengen. Desse døma konstituerer eit eige dupleksnegasjonsmotiv innom likdyrmotivet, med systemsynonym til *huntr* og *eyða* i ulike ordklassar som faste element. Omfanget av litotar er generelt stort innom skaldediktinga, og problemet om ein ville samla dei nemnde døma i ein kategori, er kva ein skulle gjort med døme som 5., der den doble nektinga vert nytta utanom dette motivet. Tilsvarande er forholdet mellom 5., (11.), 17., 23. og 28. som alle seier noko om at ein av ramnen sine lekamsdelar er blodig og fleire meir eller mindre markante motiv er synlege på tvers av systemet.

For å finna utviklingslinjer er sjølvsagt slike motiviske kategoriar vel så interessante som grammatiske, men som eit resultat av kategori plasseringa vert dei sekundære.

Mange av dei ytste underkategoriane er små med ned til to medlemmer. Ein kunne venta seg at dei då berre fanst hjå éin skald eller i eitt kvad – når det gjeld oversyn er dette igjen uproblematisk, men i eit diakront perspektiv ville motivisk utskilling her gjeve lita meining – men jamt over ser ikkje dette ut til å vera tilfelle. Unnataket er 12., dei tre døma av denne typen er fordelt på to lausaviser bae frå kapittel 13 av *Soga om Gunnlaug ormstunge*. Gunnlaug kjem *blóðugr mjök* ‘svært blodig’ til Illuge Svarte og Ramn *allr alblóðugr* ‘blodig overalt’ til Ánund og kved ei vise kvar til dei. Desse blodige draumevisene varslar holmgangen mellom hovudpersonane i saga, men å rekna dei som deira verk er heilt urimeleg, same kva ein måtte meina om draumar som overleveringsgrunnlag:

I Gunnlaugs vise (*Drv X 1*) stár det at *hræskári hlaut vaða fen hlýra benja*; ‘ramnen’ fekk vada i den lune sármyra (d.e. ‘blodet’) og i Ramn si, i tillegg til det som allereie er sitert, at *sárfikinn sárgammr hlaut enn þramma sára ó*; “den sárfikne ‘ramnen’ fekk enn vada i ‘blodet’”. Likskapen i motiv og jamvel ordlegging – forsterka av kopulasjonskjensla *enn* skapar – er i seg sjølv ein sterk indikasjon på at visene er uekte og har éin opphavsmann.

Når desse uekte einmannsstrofene likevel er skilde ut som ei eiga gruppe og ikkje sette i *annagruppa*, er det i analogi med liknande døme på tvers av mine hovudkategoriar, jamfør førre avsnitt.

8.7 Utviklingsliner

No skal me knyta kategoriane i oversynet frå 8.2 til datering av strofene i Finnur Jónssons datering i *Den norsk-islandske skjaldedigtning*. Sjølv sagt er alderen til mange av strofene usikker eller diskutabel. Eg har ikkje her hatt høve til å vurdere kvart einskilt tilfelle, men reknar dei tradisjonelle dateringane til å jamt over vera så riktige at dei kan gje eit grovt bilete av fordelinga av bruken av ramnekenningar. Om nokre punkt hadde vorte endra, hadde likevel hovudbiletet vorte det same.

Kolonnen *totalt* viser fordelinga av alle dei 182 tilfella av ramnekenningar fordelt på dei ulike kategoriane og underkategoriane frå oversynet i 8.2 og den øvste raden *total* viser fordelinga av dei 182 tilfella på dei ulike hundreåra. Prosenttalet i kvar underkategori viser kor stor del han har i kategorien over seg sjølv i hierarkiet. Eg vil nytta underkategorien • *kampstaden* under **i. agentiv** under **I. Nominal** på 1000-talet som eit døme på korleis ein kan lesa dette: Det er to tilfelle der kenningane er brukt til i ei skildring av *kampstaden* på 1000 talet (*Háv Lv 3, 2* og *Þorm 3, 4*). Den vidare delinga av desse to (*over kampstaden Háv Lv 3* og *frå kampstaden Þorm 3, 4*) har eg ikkje sett prosenttal på, dels fordi utrekinga er opplagt og dels fordi ein ikkje kan sjå noko mønster med så små tal. Dette er 15% av dei tretten tilfella der kenningane vert nytta i *agentiv* rolle på 1000-talet. Det er vidare 41% av dei trettito tilfella der kenningane vert nytta *nominalt* på 1000-talet. Desse trettito tilfella utgjer 61% av det dei femtito tilfella av ramnekenningar på 1000-talet. Endeleg utgjer desse femtito tilfella 29% av alle dei 182 kenningane i korpuset. Kolonnen *døme* viser til dei nummererte døma på dei ulike kategoriane i kapittel 8 ovanfor slik at ein raskt kan finna tilbake til døma og omtala av dei. Merk at det er overlevert eit hende kvede som gjer seg nytte av ein ramnekenning på 1300-talet, nemleg

Gyðmundarkvæði 23 som er omtalt i 9.5 under, og at det er utelate frå tabellen fordi det ikkje er nok til å syna eit mønster. For ordens skuld kan det nemnast at ramnekenningen der høyrer heime i *utfylling* > *kjennord* > 'blod'.

	Totalt:	9:	10:	11:	12:	Døme:
Total:	182	47 (26%)	52 (29%)	60 (33%)	22 (12%)	
I. Nominal:	107 (59%)	29 (62%)	32 (61%)	33 (55%)	13 (59%)	
i. Agentiv:	46 (43%)	14 (48%)	13 (41%)	10 (30%)	9 (69%)	
• <i>kampstaden;</i>	<i>11 (24%)</i>	<i>4 (29%)</i>	<i>2 (15%)</i>	<i>5 (50%)</i>	-	6.
- til	7 (64%)	2	-	5	-	
- over	2 (18%)	1	1	-	-	
- frå	1 (9%)	-	1	-	-	
- til med	1 (9%)	1	-	-	-	
• <i>næring;</i>	<i>11 (24%)</i>	<i>2 (14%)</i>	<i>3 (23%)</i>	<i>4 (40%)</i>	<i>2 (22%)</i>	7.
- bae	1 (9%)	-	-	1	-	
- drykk	6 (55%)	2	1	3	-	
- føde	4 (36%)	-	2	-	2	
• <i>gjall</i>	<i>9 (20%)</i>	<i>5 (36%)</i>	<i>1 (8%)</i>	<i>1 (10%)</i>	<i>2 (22%)</i>	8., 1.
• <i>krav/val/yns.</i>	<i>3 (6%)</i>	<i>1 (7%)</i>	<i>1 (8%)</i>	-	<i>1 (11%)</i>	9.
• <i>m.lekamsdel</i>	<i>3 (6%)</i>	-	<i>2 (15%)</i>	-	<i>1 (11%)</i>	10.
• <i>lekamsrørsle</i>	<i>2 (4%)</i>	<i>1 (7%)</i>	<i>1 (8%)</i>	-	-	11.
• <i>i blod</i>	<i>3 (6%)</i>	-	<i>3 (23%)</i>	-	-	12.
• <i>anna</i>	<i>4 (9%)</i>	<i>1 (7%)</i>	-	-	<i>3 (33%)</i>	13.
ii. Mottakar:	43 (40%)	7 (24%)	18 (56%)	14 (42%)	4 (31%)	
• <i>abstrakt;</i>	<i>8 (19%)</i>	<i>1</i>	<i>4</i>	<i>2</i>	<i>1</i>	14.
- ind. obj.	1 (12%)					
- dir. obj.	7 (88%)					
• <i>dupl.neg.</i>	<i>1 (2%)</i>	<i>1</i>	-	-	-	15.
• <i>konkret;</i>	<i>34 (79%)</i>	<i>6</i>	<i>13</i>	<i>12</i>	<i>3</i>	2., 3., 4.
- dir. obj.	13 (38%)	-	5	6	2	
- benefaktiv	21 (62%)	6	8	6	1	
iii. Tilstand:	14 (13%)	5 (17%)	1 (3%)	8 (24%)	-	

• <i>dupl.neg.</i>	6 (43%)	2	1	3	-	16.
• <i>blodig lekam</i>	2 (14%)	1	-	1	-	17.
• <i>glede</i>	4 (29%)	1	-	3	-	18.
• <i>anna</i>	2 (14%)	1	-	1	-	
iv. Anna:	4 (4%)	3 (10%)	-	1 (3%)	-	
• <i>rest</i>	2 (50%)	2	-	-	-	jf. 9.2


II. N. agentis: 53 (29%) 10 (21%) 17 (33%) 19 (32%) 7 (32%)

i. Abstrakt	14 (26%)	3 (30%)	5 (29%)	6 (32%)	-	21.
ii. Dupl. neg.	3 (6%)	2 (20%)	-	1 (5%)	-	22.
iii. Konkret:	36 (68%)	5 (50%)	12 (71%)	12 (63%)	7 (100%)	23.
• <i>føde</i>	32 (89%)	5	11	11	5	
• <i>farge</i>	4 (11%)	-	1	1	2	

III. Utfylling: 22 (12%) 8 (17%) 3 (6%) 8 (13%) 2 (9%)

i. Kjenneord:	15 (68%)	4 (50%)	3 (100%)	7 (88%)	-	
• <i>'blod'</i>	7 (47%)	2	-	4	-	25.
• <i>'lik'</i>	5 (33%)	1	2	2	-	26.
• <i>'anna'</i>	3 (20%)	1	1	1	-	27.
ii. Attributt:	7 (27%)	4 (50%)	-	1 (12%)	1 (50%)	
• <i>lekamsdel</i>	3 (43%)	2	-	-	1	28.
• <i>anna</i>	4 (57%)	2	-	1	2	29.

Kva for utviklingslinjer kan ein lesa av tabellen? Ser me fyrst på den fyrste raden, ser me at på 900-, 1000- og 1100-talet var det totale talet på ramnekenningar jamt og slakt stigande medan det fell til godt under helvta av det ein har sett før på 1200-talet. Frå 1300-talet er det, som nemnt ovanfor, berre eitt kvede med ramnekenningar som er overlevert.



Figur 15: Det totale talet på ramnekenningar per hundreår

Ser ein vidare på dei ulike underkategoriane, finn me mesta alle av dei allereie på 900-talet og at dei få unnataka til dette er på så lågt nivå at dei ikkje er signifikante. Ein kan tolka dette på to måtar. Anten var mesta alle bruksmåtar tekne i bruk på 900-talet eller vart somme av dei introduserte seinare og anakronistisk tilagt 900-talsskaldar. Både delar stemmer nok til ein viss grad, men eg vågar å stola så mykje på dei tradisjonelle dateringane at eg i grove trekk konkluderer med det fyrste.

Ser ein på fordelinga av ulike underkategoriar innanføre kvart hundreår, ser ein at fordelinga er temmeleg jamn eller i alle fall ikkje syner noko mønster. T.d. svingar fordelinga av ramnekenningar i *nominal* bruk i dei ulike hundreåra berre med mindre enn 5% frå den totale fordelinga til denne kategorien. Sameleis skil fordelinga av *Nomen agentis*-kenningar i dei ulike hundreåra seg med mindre enn 8% frå den totale fordelinga til denne kategorien. Når me kjem ned på lægre nivå, er det så få døme i kvart at ein skal vera varsam med å lesa ut noko mønster, men ingen av dei viser noko mønster som går i éin retning kor som er. Av dette kan me trekkja slutninga at fordelinga av bruksmåtar ikkje endra seg i vesentleg grad over tid.

Tabellen gjev altså negative svar på spørsmål om nye bruksmåtar vart introduserte over tid eller om det var utviklingslinjer i bruksmåtar. For meg var dette overraskande, men like verdifullt som positive svar. Det seier ikkje reint lite om konservatismen i skaldediktinga at det kan sjå ut som måten hovudskaldane tok i bruk kenningar i vikingtida heldt seg jamt hjå seinare skaldar. På denne bakgrunnen synest det meg rimeleg å argumentera for at dei eldste dikta med likdyrmotivet har tent til førebilete for mykje av den seinare diktinga, slik som eg kjem til å gjera i omtala av *Haraldskvæði* i 9.2.3 under. Det hadde vore interessant å laga eit

tilsvarande oversyn over utviklingslinene til dei ulike ramnekenningstypene og bruken av ordet *hrafn* for å sjå om dei ville stadfesta det negative resultatet eller synt andre liner, men i og med at det er tidkrevjande å setja opp eit slikt oversyn vert det ikkje høve til det i denne avhandlinga.

Skulle eg gissa på utviklingslinene før eg hadde gjeve denne kvantitative analysen av dei, hadde eg nok gissa at dei gjekk frå ein nominal, agentiv rolle, der dei omskrivne ramnane var ein aktiv del av handlinga i den eldre diktinga til meir abstrakte kategoriar der ramnekenningane fungerte som t.d. kjenneord i den yngre. Tvert om finst det ikkje døme frå 1200-talet på at ramnekenningar vart nytta som kjenneord i andre kenningar. Sjølv den som har mykje djupare stilistisk kjensle av epokane i skaldediktinga enn meg, trur eg kunne kome i fare for gissa fram utviklingsliner som ein ikkje kunne rekonstruert kvantitativt. Difor meiner eg at dette litt stivbeinte oversynet danar ein viktig bakgrunn for den vidare lesinga av einskilde strofer. I dette sambandet er det verdt å merkja seg del ein av Diana C. Edwards tredelte artikkelserie *Clause arrangement in skaldic poetry I. Clause arrangement in the dróttkvætt poetry of the ninth to fourteenth centuries* frå 1983. Her legg ho på bakgrunn av eit omfattande statistisk oversyn over setningsordning i drottkvættediktinga fram ein konklusjon som eg trur overraska mange og ingen så vidt eg veit tidlegare hadde funne ut intuitivt (1983, s. XX):

The skald's delight in intricacy of clause arrangement is less general and less extreme than might have been supposed. Any further assessment of the potential "difficulty" of skaldic poetry would need to embrace other aspect of composition including internal word order and diction.

9 Utvikling sett gjennom særskilde strofer

9.1 Innleiing

I kapittel 8.7 ovanfor gav forsøket på å finna eit utviklingsmønster i bruksmåtane av ramnekenningar eit i hovudsak negativt resultat. I grove trekk kom ingen nye bruksmåtar til over tid, og frekvensen av bruksmåtar endra seg ikkje signifikant gjennom hundreåra. Dette negative resultatet er på mange måtar like verdfullt som eit positivt. For det fyrste seier det mykje om konservativismen til kenningssystemet når eit bilete som likdyrmotivet med klåre heidne røter vert nytta på så einsarta måtar på 800-talet og 1200-talet. For det andre gjev det ein oversynleg bakgrunn over det normale som ein kan lata særreigne strofer stå ut ifrå, strofer som nyttar likdyrmotivet litt annleis enn det vanlege. Går ein slike særmerkte strofer i saumane, er det mi von at endringar i mentaliteten til skaldane skin gjennom. Det kan vera underfundige og ofte enkeltståande bruksavvik som ikkje lett kan fangast opp i eit statistisk system, så snarare enn eit bilete av ei jamn utviklingsline, får me mange ulike bilete som dels fortel noko om endringa frå heiden vikingtid til kristen høgmellomalder og dels fortel kvar si historie.

9.2 Haraldskvæði (Hrafnsmál)

Haraldskvæði, som òg vert kalla *Hrafnsmál*, er av fleire grunnar det opplagte kvedet å byrja med om ein skal sjå på særskilte strofer med ramnekenningar eller for den saks skuld likdyrmotivet i det heile. Det er det einaste kvedet i korpuset der ein ramn vert gjeve ei eiga røyst og talar med menneskeord. Røysta til ramnane er i andre dikt berre skildra med verb som *gala* ‘gala’, *gjalla* ‘gjalla’ og *hlakka* ‘gjalla’ – verb som skildrar ramnerøyst slik ho høyrer ut for oss vanlege døydelege som ikkje forstår fuglemål. *Haraldskvæði* er mellom dei eldste overleverte dikta der ramnekenningar eller likdyrmotivet generelt er brukt. Men eit indirekte vink om motivet finst i *Ragnarsdrápa* gjennom adjektivet *hrafnblár* ‘ramnsvart’.

I tillegg til desse to momenta er *Haraldskvæði* det diktet som i størst omfang målar ut likdyrmotivet. Likdyrmotivet og mytologien som knyter ramnar til kamp er sjølv sagt eldre enn

Haraldskáði, men desse tilhøva gjer det til ein freistande tanke at detaljar i dette diktet kan ha tent som førebilete for yngre dikt. På same tid inneheld det mange unike og ofte livaktige motiv som ikkje finst i yngre dikt.

9.2.1 Overlevering og forfattarskap

Diktet er overlevert i brotstykke i ulike kongesoger og har fyrst vorte samla til eitt dikt i vår tid. I 1200-talskjeldene er strofer av diktet sagt å stamma frå *Þórbjörn hornklofi*, *Þjóðólfr ór Hvíni* og *Auðunn illskælda* – alle tre vert nemnde som skaldar ved Haralds hárfagres hird i *Egils saga* (Holtmark 1961). Finnur Jónsson samlar alle strofene – tjuetre i talet – under *Þórbjörn hornklofi* sitt namn i si utgåve av skaldediktinga, men nemner forfattarspørsmålet: “*Flere av de herhenhørende vers tillægges i forskjellige håndskrifter Tjodolf hvinverske.*” (Skj AI, s. 24). For drøftinga her er ikkje forfattarskapet avgjerande. Det som er avgjerande er dateringa som eg kjem tilbake til. Eg reknar det som sannsynleg at diktet – i alle fall dei strofene me skal sjå på – er overlevert frå 800-talet nær opptil dei hendingane det skildrar. Dei fyrste seks strofene av diktet var berre overleverte i handskriftet *Fagerskinna* som vart øydelagt av brann, men finst kopierte i mange handskrift som slektar på eller stammar frå det. Andre delar av diktet er overleverte i ulike handskrift med ulik dekning, men sidan me i hovudsak berre skal sjå på strofe 1–4, vil ikkje den nokså kompliserte overleveringa av diktet verta drøfta vidare her.

9.2.2 Innhald og oppbygging

Slik diktet er sett opp i Finnur Jónssons utgåve, kan det delast i fire eller fem delar. Dei innleiande strofene (str. 1–4), som me skal sjå på her, har form av ei samtale mellom ei lyshærd og ljós valkyrje og ein ramn. Valkyrja stiller spørsmål om Harald Hårfagre og ramnen svarar. Desse dialogstrofene er så unike og inneheld så mykje interessant materiale om likdyrmotivet og mytologien knytt til det at eg gjev dei alle fire att i sin heilskap i 9.2.3 under. Det spørst om ein bør skilja dette ut som ein eigen del for dette er ei ramme som bind heile diktet saman, og gjennom heile diktet er det veksling mellom spørsmål (str. 15, 18, 20 og 22) og svar. Emna som vart tekne opp er:

1. Haralds oppvekst og personlegdom: Kor godt han liker seg ute til sjøs og gildskapen til flåten hans (str. 5–6)

2. Slaget ved Hafrsfjord (tradisjonelt datert til 872, men gjerne noko seinare) (7–13).

3. Haralds ekteskap med ei dansk kvinne (str. 14).

4. Livet ved Haralds hird: Korleis han er mot sine krigarar, skaldar og berserkar; kva slags *þrgáti* 'trøyskap' det er i hans hus (str. 15–23).

Kvedet i den forma det er overlevert til oss vert ofte rekna som fragmentarisk. Dette er ikkje berre fordi innhaldet sprikjer i mange retningar, men òg fordi det vekslar mellom versemåla *málahátt* og *ljóðahátt*. Anne Holtsmark skriv t.d.: “*det har ikke noe enhetlig preg, og er vel egentlig fragmenter av flere dikt.*” (1961, s. 226). Dette stemmer gjerne, men eg trur det er rimeleg å rekna dei av strofene som inneheld spor av rammedialogen som rester av eitt dikt fordi dette er ein så unik måte å knyte dei ulike emna saman på.

Dikt i versemåla *málahátt* og *ljóðahátt*, som *Haraldkvæði* og *Hákonarmál*, kallar Gabriel Turville-Petre *semi-scaldic* (1976, s. xvii); skaldiske i innhald, men ikkje i form. Grunngevinga er metrisk; versemåla tel ikkje stavingar. Eg tviler på at denne klassifikasjonen er særleg klårgjerande og det er verdt å minna seg sjølv om at skiljet mellom edda-dikting og skaldedikting er eit produkt av moderne forskning:

“Full-blown *dróttkvátt* is clearly different in a number of ways from traditional *fornyrðislag*, but many half-way situations lie between them and, these are often sensitive to indigenous genres or subgenres, which cut across the eddic-skaldic divide of modern scholarship.” (Ross 2005, s. 28)

Eg trur det er meir fornuftig å rekna edda-stil og skalde-stil som to ytterpunkt i eit kontinuum, slik Bernt Øyvind Thorvaldsen gjer framlegg om:

“En modell over poetisk kompleksitet ble foreslått, hvor norrøn poesi ble oppfattet som et kontinuum fra de enkle formene (eddastil) til de mer kompliserte (drottkvætt-stil). Selv om modellens forklaringspotensiale kan diskuteres, tar den i alle fall utgangspunkt i det faktum at de kriterier som skiller edda- og skaldediktning, viser til fenomen som i virkeligheten skaper en glidende overgang mellom de to kategoriene.” (Thorvaldsen 2006, s. 77)

Halvard Lie var alt i 1957 inne på ei slik oppmjuking av skalde/edda-dikotomien når han i si omtale av *Haraldskvæði* kallar det “*et av de beste eksempler på skaldisk eddastil (sakstil)*” (1982 [1957], s. 276, Lies uthevingar)

9.2.3 Analyse

Sjølv om forma til rammeforteljingsstrofene til *Haraldskvæði* har ei tilsvarende enkel og kenning-fattig *form* som dei forteljande delane av diktet, rommar dei eit komplekst innhald med mange fasettar. Ein måte å tilnærma seg desse strofene på er å sjå på dei ulike tidsperspektiva dei vekslar mellom. Fyrste helming av opningsstrofa er i notida, i kongens hall, der skalden vender seg til sine *sverdberande* hirdfellar:

1a. Lyði ringberendr
meðan ec fra Haralldæ sægi
odda i þrottar
enom harfagra

P: Hlýði hringberendr, meðan segik [odda íþróttir] frá Haraldi inum afarauðga.

O: Lyd, ring-berarar (el. sverd-berarar), medan eg fortel om *oddanes idrottar* (‘kampane’) frá Harald den ovrike.

Slike opningshelsingar er eit typisk trekk ved skaldediktinga, særleg lovkvadsgenren. Når skalden seier kva han skal fortelja om, er me over i ei mytisk fortid der skalden får informasjon frå ei valkyrje, ein ikkje-menneskeleg skapning, som ikkje er ein del av den historiske tida til menneskja:

1.b fra malom man ec sægia
þæim er ek møy hørýrða
hvíta haddbiarta
er við ramn dørmdæ

P: Munk segja frá mólum þæims ek heyrða hvíta, haddbjarta mey es við hrafn dómði.

O: Eg skal fortelja om den samtala som eg hørde¹⁵ ei kvit, lyshærd møy som hadde med ein ramn.

Koplinga mellom valkyrjer og ramnar finst ikkje tydeleg uttrykt i andre dikt i mitt korpus, men sidan både er nært knytte til Odin, kan motivet ha mytologisk signifikans. Kenningar med valkyrjenamn som kjenneord som t.d. *gunn-már* av valkyrjenamnet *Gunnr* f. 'kamp' eller 'valkyrjenamn' og *már* 'måke' kan visa tilbake til denne koplinga, men dei treng ikkje ha eit mytologisk innhald i det heile. Det er nemleg uklårt om eit ord som *Gunnr* f. opphavelig har hatt tydinga 'kamp' og deretter vorte eit valkyrjenamn eller om forholdet er motsett. Den neste strofa gjev ein levande karakteristikk av valkyrja og plasserer den mytiske tida på ein mytisk stad: "*á horni vinbjarga*" 'på kanten av "beiteberget"':

2. Vitr þottez valkyria

verar ne varo

þækkir suamo enne fram sotto

er fugls rodd kunni

cvadde en kværk hvita

oc en gløgg arma

hymis haus røya

er sat a horne vinbiarga

P: Vitr þóttisk valkyrja es foglsródd kunni. Verar vóru né svá enni frátleitu þekkir. En glæhvarma ok en kverkhvita kvaddi [hausreytir Hymis¹⁶] es sat á horni vinbjarga.

¹⁵ Finnur Jónsson omset med "jeg vil meddele de ord, jeg hørte af en mø [...] som talte med en ravn." i si *Skjaldedigtning* I,B (1973, s. 22). Eg deler Kocks oppfatning at *heyra mey mól* ikkje skal tyda "høyra ord av ei møy" (1926-1929, §1815).

¹⁶ Denne ramnekenningen har uklár tyding. Samansetjinga *haus røya* er i yngre handskrifter retta til *haus røyti* som lyt tyda noko slikt som 'Hymes haus-plukkar'. Finnur Jónsson retta til *Hymis *hausrofi*, men skriv i *Lexicon Poeticum* "Hymis hausreytir kaldes ravenen, uden at grunden til en sådan kenning kendes; der er en del, der taler for, at hausrofi er det rigtige; betydningen er den samme og grundlaget lige dunkelt" (1931, s. 231). Kock retta derimot til *hausreiti Ymis* med grunngjevinga "Den som säges 'rista Ymes skalle', är fågeln, som far över himmelen, alldeles så som det som säges 'rista valens land' (rista hvalfrón), är skeppet, som far över havet. (1926-1929, §1024). Rim på baa dei trykkunge stavingane i oddetalinene var ikkje obligatorisk i *málabáttr*, men om ein ser på oddetalinene i dei

O: Valkyrja tykte seg vera vis som kunne fuglemál. Menn var ikkje den kvassøygde kjære. Ho med dei ljose augneloka og den kvite halsen helsa *Hymes haus-plukkar* ‘ramnen’ som sat på kanten av “beiteberget”.

Denne karakteristikken er ei av dei viktigaste kjeldene me har om valkyrjer (om valkyrjer generelt, sjå Steinsland 2005, s. 255ff). Kanskje distanserer skalden seg frå henne ved å seia at ho sjølv *tykte* ho var vis som forstod kva fuglar sa. Men han var avhengig av denne magiske kunnskapen for å få omsett den saga han skulle dikta om. Valkyrja sin skræmelege natur kjem tydelegast fram i setninga “*Verar vóru né svá enni frátleitu þekkir.*”, ‘Menn var ikkje den kvassøygde kjære.’ Tre andre samansette adjektiv – *glæhvarmr* ‘med ljose augnelok’ og *kverkhvítr* ‘med kvit hals’ i denne strofa og *haddbjartr* ‘lyshærd’ i den førre – legg stor vekt på valkyrja sin ljose hår– og hamlet. I si omtale av dette diktet nemner Halvard Lie adjektivriksdomen og kommenterer at den ikkje er eit generelt trekk ved liknande dikt som *Hákonarmál* (1982 [1957], s. 277). I den neste strofa tek valkyrja sin dialog med ramnen til. Den fyrste helmingen er spørsmála som er naudsynte for å driva diktet vidare, medan den andre er ein stutthogd karakteristikk av ei nær historisk fortid som skalden på ein lur måte let valkyrja vera stemme til:

3. Hvat er yðr ramnar
hvaðan ero þer comner
með dræyrgu nefi
at degi anndværðum
holld loðer yðr i klom
ræs þæfr giængr or munni
nær hygg ec yðr i nott bioggu
þui er vissu at nar liggja

P: Hvat es yðr hrafnar? Hvaðan eruð ér komnir með dreyrngu nefi at degi ǫndverðum? Hold loðir yðr í klóm. Hræs þæfr gengr ór munni. Hykk bjogguð í nött nær því's vissuð nái liggja.

fire siterte strofene, ser ein at skalden oftast nyttar det. På det grunnlaget verkar Kocks retting litt usannsynleg og eg held meg til det retta handskriftsnære versjonen *hausreytir Hymis*.

O: Korleis har de det, ramnar? Kvarifrå er de komne med blodige nebbar i dagsens fyrstning (d.e. “otta”)? Kjøtt heng fast i klørne dykkar. Liktev står or nebbane. Eg tenkjer de held dykk i natt nær der som de visste at lik låg.

Sjølv om versemålet *málaháttir* generelt og *Haraldskvæði* spesielt har ein enkel stil, er denne strofa særleg lett, med så mange som fem korte setningar og naturleg ordstilling utan dei karateriserande samansette adjektiva som me ser i dei andre rammeforteljingsstrofene. Verknaden av adjektiva i den karateriserande stilen i strofene 1b og 2 er ei stillestående, mytisk tid. Me er i ferd med å gå ut av den mytologiske tida og inn i den nære fortida til kampen som stod natta før. Dersom me tenkjer tilbake til sitatet frå Roberta Frank i kapittel 2 ovanfor, hugsar me at ho lista opp mange ulike roller skaldane kunne ha. I denne og fylgjande strofe fyller skalden journalistrolla på ein meisterleg måte. Fjerdingen “*holld loðer yðr i klom / ræs þæfr giængr or munnri*” er konkrete observasjonar av situasjonen i notida som er eit resultat av hendingar natta før. Språket er verbalt og ikkje meir komplisert enn norrønt prosamål. Fokuset på ramnen sine kroppsdelar – klo og nebb – gjev skildringa eit aktuelt, observerande preg. Klårast viser dette seg ved uttrykket “*Hræs þæfr*” ‘lik-tev’. Så kort tid er det sidan kampen at lukta av han enno ikkje er svunnen. Det gjev fengjande journalistikk og skriva om det som nett har skjedd eller er i ferd med å skje. Fyrste helmingen av den neste strofa er tilbake i den mytologiske tida og ein overgang til diktet sin narrative hovuddel:

4a. Røyfðisk hinn haus fiaðri
oc um hyrnu þerdi
arnar¹⁷ æið broðer
oc at annsvorum hugði

P: Enn hǫsfjadr, [eiðbróðir arnar], hreyfðisk ok þerði of hyrnu ok hugði at andsvorum.

O: Den gråfjóra, *ørnanes svorne fosterbror* (‘ramnen’) røyva seg (d.e. ‘leda på seg’ el. ‘briska seg’) og tørka nebben og tenkte på svar.

Sjølv om fokuset her også er på ramnen sine kroppsdelar, gjer bruken av preteritum, det samansette adjektivet *hǫsfjadr* ‘gråfjóra’ og særleg kenningen at me er tilbake i den mytiske tida. At ramnen ‘tenkte på svar’ er ikkje god journalistikk. Nett denne frasen markerer

¹⁷ Finst også med tekstvarianten *aman* som det er vanskeleg å sjå å kan gje meining i samanhengen.

overgangen til den tida som det meste av resten av diktet er sett til, ei historisk menneskeleg fortid, nærmare bestemt livet og virket til kong Harald (jf. 9.2.2 ovanfor), skildra med ein narrativ tone som er så nøytral at ein snart gløymer at det er ramnen som fortel. Som alle gode forteljarar i mellomalderen tek ramnen til med det eldste han hugsar:

4b. Haralldē ver fylgðum
syni Halfðanar
ungum ynglingi
siðan or æggi comom.

P: Vēr fylgðum Haraldi syni Halfdanar, ungum ynglingi, siðan kómum ór eggi.

O: Me fylgde Harald, son av Halfdan, den unge Yngling sidan me kom or egget.

Dei ulike tidsperspektiva eg har skissert her er: 1) Notida, medan skalden fører fram kvedet sitt (str. 1a), 2) ei mytisk tid med stillestående karakteristikkar (str. 1b, 2, 3a, 4a), ei nær fortid med eit slag som stod natta før skildra med ein journalistisk tone (3b) og endeleg ei narrativ historisk fortid (str. 4b). Den etter måten enkle og utmålande stilen til desse strofene gjer dei godt eigne til ein slik gjennomgang. I eit dikt i *dróttkvátt*-stil kan alle desse tidsperspektiva vera fletta saman i éi line og enno vanskelegare å skilja frå kvarandre.

Ofte kjem det stillestående mytiske perspektivet berre til uttrykk gjennom kenningane. Det er ein utmerkt måte å visa til ei stillestående tid på. Kenningane er ikkje verbale og kan likevel visa til mytar. Eit verbalt språk plasserer alltid hendingar i ei bestemt tid og ofte på ein bestemt stad. Dette er ein konsekvens av tempusbøying og eventuelle tids- og stadsadverb. Kenningar kan visa til mytar utan å nytta verb og då er det som dei står utanføre den vanlege menneskelege tida. Det er vanskeleg for oss å tenkja oss korleis den førskriftlege kulturen oppfatta mytane sine. Men det tidlause er kanskje eit viktig språk. Det mytiske verda var der alltid, men kanskje i dag eller i går, så å seia. Dette kan vera forklaringa på kvifor det finst så få skaldedikt med reine mytologiske tema og kvifor kenningar vart så lite brukte i edda-dikt. Viste ein til mytologien gjennom stillestående kenningar var det ikkje naudsynt å fortelja mytane med setningar i det same diktet. Det neste me skal sjå på er motiv frå *Haraldkvæði* som ein finn att i seinare dikting. Dette gjeld:

(1): Motivet om at ramnen har tilsulka kroppsdelar (jf. døme 17 i 8.3.3 ovanfor), uttrykt med “*með dreyrgu nefi*” ‘med blodige nebbar’ og “*Hold loðir yðr í klóm*” ‘Kjøt heng fast i klørne

dykkar’ i *Haraldskvæði*. Biletet av blodige nebbar finn me att i Egill Skallagrímssons *Hofuðlausn*, strofe 11: “[*benmós*] *granar óru-t blóðs vanar*” ‘sårets måke (‘ramnane’) sine nebbar var ikkje blodfrie’ og i ei noko omskriven form i ei *Lausavísa* av Þorkell klyppr Þórðarson “*rjóðum [bengjóði] nef*” ‘[eg] raudfarga nebben til sårets *fugl¹⁸ (‘ramnen’).’ Biletet av kjøt i klørne er skriva om i Einarr skálaglamm Helgasons *Vellekla*, strofe 24: “*þryngvi þrimr hundruðum und hramma [nás gamni]*” ‘trengde tre-hundre [menn] under klørne til ‘ramnen’.’ Dette motivet er ei ganske opplagt omskriving av likdyrmotivet, og det set sjøve fuglen i fokus, men som ein kan sjå av tabellen i 8.7 ovanfor, hadde det eit lite omfang.

(2): Motiviet om at ramnane flyg tidleg om morgonen til eller frå kampen (jf. døme 6 i 8.3.1 ovanfor). I *Haraldskvæði* gjeld dette linene: “*Hvaðan eruð ér komnir [...] at degi ondverðum?*” ‘Kvarifrå er de komne [...] i dagsens fyrstning’ og “*Hykk bjogguð í nótt nær því’s vissuð náí liggja*” ‘Eg tenkjer de held dykk i natt nær der som de visste at lik låg.’. Førestellinga om ramnane sin tidlege flyging finst i heitet *árflognir* ‘morgonflygar’ (jf. 7.2.1 ovanfor). Eg har identifisert 11 strofer med motivet som har å gjera med at ramnane flyg til, frå eller over kampstaden, så dette motivet var relativt utbreidd. Berre ei av dei uttrykkjer direkte at flyginga skjedde tidleg på morgonen, ei *lausavísa* av Torf-Einarr Rognvaldsson: “*þar fló [hræva nagr] ár at sórum*” ‘der flaug *likets* *fugl¹⁹ (‘ramnen’) tidleg til sára’, og her er retninga motsett av i *Haraldskvæði*. Men fleire av desse strofene påpeiker ramnane sin iver etter å koma seg fort til dei nyss felne, t.d. Halldórr skvaldris *Útfarardrápa*, strofe 6: “[*náskári*] *fló til nýra unda*” ‘*likets skáre* (‘ramnen’) flaug til ferske sár’ og ei anonym strofe frå den tredje grammatiske avhandling: “[*blóðs svanr*] *þyrr beint til benja*” ‘*blodets svane* (‘ramnen’) styrtar rett til sára’. Denne skildringa av iveren til ramnane og den spatiale plasseringa av dei, minner om *Haraldskvæði* på mange punkt. For oss menneske som berre kunne bevega oss på land og sjå, har fuglane sin fridom til å ta seg fram utan å verta hindra av landskapet alltid vekt mytisk fascinasjon. Strofer som skildrar at ramnane varslar kampen (jf. døme 13 i 8.3.1 og heitet *viti* i 7.2.1 ovanfor) er truleg også knytte til dette.

(3): Motiviet om at ramnen rører på seg (jf. døme 11 i 8.3.1 ovanfor), i *Haraldskvæði* uttrykt med “*Enn hǫsfjadrí, [eiðbróðir arnar], hreyfðisk ok þerði of hyrnu*” ‘Den gråfjóra, *ørnanes svorne fosterbror* (‘ramnen’) røyva seg’. Eit typisk realistisk trekk med ramnar er måten dei rører seg på når dei er på bakken – ein litt humpete gange og med stadig risting og reinsing av

¹⁸ *Gjóðr* er ein ørneart og fylgjer såleis ikkje inkongruensregelen. *Lexicon Poeticum* forklarar førekomsten med at “forfatteren har ikke visst hva g. egentlig var” (1931, s. 186)

¹⁹ Kva for ein type fugl *nagr* m. viser til er ukjent.

vengjer og nebbar. Eg les desse setningane som ei livaktig skildring av desse rørslene. Underleg nok fekk dette motivet mesta ingen utbreiing i seinare dikting, men me finn det att i ei meir overdriven form i ei strofe, i stålet (d.e. eit syntaktisk frittstående innskot) i Arnórr jarlaskáld Þórðarsons *Magnússdrápa*, som også er kalla *Hrynhenda*, strofe 15: “[*valgammr*] skók blóðugt fiðri í vápna rimmu” > ‘*valens gribb* (‘ramnen’) skok med dei blodige vengjene i kampen’.

(4): Motivet om at ramnane lojalt fylgjer ein krigar er i *Haraldkváði* uttrykt med “*Vér fylgðum Haraldi syni Halfdanar*” ‘Me fylgde Harald, son av Halfdan’ finn me att i ei anonym strofe frá *Haralds saga Sigurðarsonar* “[*benþiðurr*] fylgði mér ‘sárets tiur (‘ramnen’) fylgde meg’. Dette motivet har eg ikkje identifisert som ein bruksmåte i oversynet i kapittel 8.2.

Felles for dei tre fyrste av desse motiva er at dei fokuserer på ramnane sjølve og er relativt realistiske. Det fyrste og tredje er stillestående medan det andre dramatiserer ramnane si romslege rørsle. Ingen av dei høyrer til dei mest populære bruksmåtane. Det er kanskje to grunnar til det. For det fyrste fjernar eit lyrisk fokus på ramnane sjølve noko av det heroiske fokuset på fyrsten som vert hylla og for det andre er desse motiva ikkje eigna for strofer som berre viser indirekte til likdyrmotivet.

Trass i at *Haraldkváði* er det mest mytologiske diktet i mitt korpus er det kanskje også det som skildrar likdyrmotivet på den mest realistiske måten. Dei tre fyrste motiva skildra ovanfor kunne vore inntrykk ein sat att med etter å ha sett åtseleting av falne i ein krig. Ei setning som “*Enn hǫsfjadr, [eiðbróðir arnar], hreyfðisk ok þerði of hyrnu*” ‘Den gråfjóra, *ørnanes svorne fosterbror* (‘ramnen’) røyva seg’ står langt i frå dei hyperbolske bileta ein finn ei andre dikt. Held me på kontinuum–modellen står *Haraldkváði* såleis ikkje berre i form, men også i innhald langt i frå *dróttkvátt*-stilen. Som døme på eit dikt som pressar likdyrmotivet i denne stilretning vil me no sjá på *Háttalykill*.

9.3 *Háttalykill*

Tittelen *Háttalykill* ‘versemål-nykel’ er truleg ei omsetjing av det latinske *clavis rhythmica* som tyder det same. Det er ei samling av ei rekkje ulike versemål, somme av dei med hevd i skaldediktinga elles og somme som truleg vart konstruerte for dette diktet med førebilete i latinske versmålssamlingar (Holtsmark 1961, s. 242f). Innom skaldediktinga finst det to slike dikt, *Háttalykill* og Snorri Sturlusons *Háttatal*.

9.3.1 Overlevering og forfatterskap

Háttalykill finst berre overlevert i to yngre papirhandskrifter med snirklete 1600-tals lykkjeskrift – UppsUB R 683x frå andre helvt av 1600-talet og Holm papp 25 8°x frå 1650-åra. Det er få ulike lesemåtar i desse to avskriftene som baa truleg stammar frå eit norsk eller orknøysk handskrift frå litt før 1200 (Holtmark 1961, s. 243). Handskriftet dei er avskrifter av må ha hatt ein del lakunar som i papirhandskriftene er gjeve att med rekkjer av bindestrekar, men dette gjeld heldigvis ikkje strofa me skal sjå på her. I *Orkneyinga saga* kapittel 81 heiter det at orkenøyjarlen Rognvald Kali Kollsson dikta diktet i samarbeid med islendingen Hallr Þórarinsson i 1140-åra.

9.3.2 Innhald og oppbygging

I det same kapittelet av *Orkneyinga saga* heiter det vidare at dei lét det vera fem vers i kvart versemål, men syntest det vart for langt og no er det to (ibidem, s. 242). Det stemmer med slik diktet no er overlevert, det har 82 strofer der to og to er døme på eit versemål. Diktet inneheld motiv frå heltesegn og lovprising av mange ulike kongar, både danske og norske. Likdyrmotivet og kampskildringar går igjen i mange av strofene og diktet har til saman 16 kenningar for ‘ramn’, meir enn noko anna dikt.

9.3.3 Analyse

Mange av strofene i mitt korpus er typiske likdyrstrofer, det er ofte enkeltstående strofer i lovkvad der likdyrmotivet er hovudtema. I slike strofer vil ofte fleire likdyr vera nemnde saman og ofte er også fleire likfuglkenningar sette side om side. Eg har funne 21 strofer som har to kenningar for ‘ramn’ og seks strofer som har tre. Strofe 26b av *Háttalykill*, som eksemplifiserer versemålet *háttlausu*, er eit særhende med fire ramnekenningar. Tre av desse kenningane er vidare kjennord i kenningar for ‘blod’. Dette er ein nokså sjeldan konstruksjon, eg har funne til saman sju døme som nyttar ramnekenningar som kjenneord for ein *tvíkennt* blodkenning. Denne strofa inneheld også ramneheitet *Muninn*, ordet *hrafn*, ordet *ørn* ‘ørn’ og nok ein kenning for ‘blod’ med ulveheitet *ylgr* ‘ho-ulv’ som kenneord. At strofa er skaldediktinga si stiløving i likdyrmotivet par excellence er det ikkje tvil om; ho nemner altså

alle tre likdyra, til saman sju gonger, både med kenningar, heiti og utan omskriving og har fire kenningar for ‘blod’, tre av dei *tvíkennt*, og alt dette på 49 stavingar.

Red gunnstara gildi
gautz mutari drecka
þui at mordhauka milsku
mun kunni sier nijta
ól var ognar gaghla
otrautt gefit ramni
red ijgiar miod æirni
ogndjarfur konungr veitta

P: [Gauts mútari] réð drekka [gildi [grunnstara]] þvít muninn kunni nýta sér [[mordhauka] milsku]. [Ql [ógnar gagla]] var gefit hrafna útrautt. Ógndjarfr konungr réð veita erni ylgjar mjöð²⁰.

O: *Odins hauk* (‘ramnen’) fekk drikka *kampens stare* (‘ramnen’) > *ramnens drykk* (‘blod’) fordi at ramnen (Munin) kunne nytta seg av *mordets hauk* (‘ramnen’) > *ramnens blandingsdrykk* (‘blod’). *Kampens gásunge* (‘ramnen’) > *ramnens øl* (‘blod’) vart gjeve til ramnane utan stopp. Den kampdjerve kongen fekk gjeve *ørnane ho-ulvens mjöd* (‘blod’).

Som eg var inne på i kapittel 4.4 ovanfor under omtala av fleirledda kenningar, vil fleireledda kenningar forenkla det prosaiske innhaldet i strofa der dei stár rett og slett på grunn av plassen dei tek opp og denne strofa syner dette betre enn nokon. Omskrivingane tek så stor plass at det ikkje er plass att til plassering i tid eller rom eller til livaktige skildringar som i *Haraldkváði*. Ein moderne lesar si estetiske kjensle vert verkeleg sett på prøve her. Ei god tilnærming til å sjá kunsten i ei strofe som dette er kanskje ikkje ordet estetikk i det heile, men ordet *íþrótt* som i eldre mál hadde ei vidare tyding enn det som er den vanlege tydinga for ordet *idrott* i dag. Rognvald jarl sjölv gjev i ei anna strofe ei liste over kva som kunne vera idrott i det norrøne samfunnet:

²⁰ For å få strofa til å gje meining føreslo Sveinbjörn Egilsson rettingane *mun* til *muninn* og *æirni* til *erni* (jf. *Skjaldedigtning* AI, s. 522)

Tafl *em* ec *ær* at efla
íþrottir kan ec níu
tyni ec trølla *rvnvm*
tið er mer boc ok smíþir
skriþa kan ec a skipv*m*
skyt ec oc rg *sva* at nytir
hvatvegia kan ec hygia
harpslatt ok bragþattv.

P: Kank íþróttir níu: Emk þorr at efla tafl, tynik traudla rúnum, bók ok smíðir er tíð, kank skriða á skíðum, skýk ok ræk svát nýtir, kank hyggja hvártveggja harpslött ok bragþóttu.

O: Eg kan ni idrottar: Eg er snar til á spela tavl, eg gløymer neppe runene, eg er van med bok– og smid–virke, eg kan gå på ski, eg skyt og ror så det nyttar, eg kan bæe delar; harpeslått og dikting.

Når ein i vår tid nyttar talemåten at *det har gått idrott i noko*, har det ein negativ klang. Gjeld det kunstnarleg verksemd tenkjer ein seg gjerne at originaliteten har måtta gjeva plassen for eit for stort fokus på teknikk og slik er det lett å lesa strofa frå *Háttalykill*. Fysiske aktivitetar som jakt og skigåing har klære mål og stil kjem i andre rekkje. Om målet for *dróttkvætt*-stilen var *variasjonteknikken*, er denne strofa framifrå *íþrótt*. Tenk t.d. på grunnorda i dei fire *tvíkennt* kenningane for 'blod', *gildi* 'drykk (grunntyding 'drykkelag'), *milska* 'blandingsdrykk', *ól* 'øl' og *mjøðr* 'mjød'. Her har skaldane byrja på ei *þula* over heiti for 'drykk' og mura dei inn i ein svært stabil mur. Den som meiner dette ikkje er nokon kunst, kan jo freista å få til det same sjølv! Som eg har vore inne på fleire stader passar ikkje denne gamle estetikken med kunstideala som fylgde kristendomen. Når skaldane tok til å dikta om kristne emne vaks det fram nye stilar i diktinga med færre kenningar og nye kenningar knytt til den kristne førestellingsverda, nye versemål og i det heile ein *klárare* stil. Denne nye estetikken mogna på 1300–talet og den estetiske konflikten mellom gammalt og nytt vart jamvel tematisert internt i slike dikt (jf. omtala av *Lilja* i Mundal 2004, s. 262). I kristne dikt finn me få ramnekenningar, både fordi dei unngjekk omskrivingar generelt i stor grad, men også fordi likdyrmotivet så klart har røter i mytologi og heidne heroiske krigarideal. Men sjølvsagt fanga ikkje alle opp dei klassiske

stilideala like fort eller godt. No skal me sjå på to kristne kvede som inneheld kenningar for ‘ramn’, men der ramnen på ulike vis kan sjå ut til å vera ein framand fugl.

9.4 Plácítúsdrápa

Plácítúsdrápa er eit tidleg kristent kvede. Det er rikt på kenningar av gamle typar som kan sjå ut til å stå i konflikt med innhaldet i diktet. Dette gjev ein ujamn stil og Finnur Jónsson vurderte dette forholdet som negativt: “*Digtet står i poetisk henseende ikke synderlig højt; det er overlattet med omskrivninger, ikke alltid lige heldige.*” (Finnur Jónsson 1923, s. 118)”. Men denne “uheldige” bruken av heide bilete skapar ei interessant brytning mellom ulike stilar i skaldediktinga og det er kanskje mogeleg å argumentera for at skalden sjølv har vore medviten på denne brytinga.

9.4.1 Overlevering og forfattarskap

Plácítúsdrápa er berre overlevert i eitt handskrift – AM 673 b 4°. Det er den einaste teksten i denne ti sider lange quartoen, som er eit av dei eldste overleverte islandske handskriftene og er datert til om lag år 1200 (Hreinn Benediktsson 1965, v). Handskriftet har mange smálakuner og er ille medfare av fukt. Den helmingen me skal sjå på har likevel rimeleg sikker lesing. Eg siterer diktet etter Finnur Jónssons transkripsjon av AM 673 b 4° i SkjA i dette kapitlet, med kenningane markerte med klammeparentesar.

Det er ukjend kven som dikta *Plácítúsdrápa*. Finnur Jónsson daterer kvedet til eldre enn andre halvta av 1100-talet med alderen til AM 673 b 4° som argumentasjon (1887, s. 213): “*Da nu håndskriftet ikke er digterens eget, men, som de mange skrivfejl og misforståelser viser, en afskrift, følger deraf, at drapaen ikke kan være yngre end fra midten af det 12. årh. omtrent.*” (sitert i (Þorbjörg Helgadóttir 1996, s. 224)). For drøftinga her er det sentralt at *Plácítúsdrápa* er eit av dei tidlege kristenkveda.

9.4.2 Innhald og oppbygging

Kvedet fortel brorparten av legenda om Sankt Eustachius (Þorbjörg Helgadóttir, 1996, s. 222). Namnet *Plácítús* er ikkje ein norrøn variant av Eustachius, som Þorbjörg skriv. Han vaks opp med namnet Placidus og endra det til Eustachius (Ευστάθιος, ‘grøderik’) når han vart døypt. Namna hans vart “*norrónnað*” til *Plácítús* og *Evstakíus* og er nytta om kvarandre i drápa. Strofe 1–11 fortel om at *Plácítús* og huslyden hans konverterer til kristendomen. I strofe 2 syner Gud seg for honom og han bed om å få fortelja dette til huslyden sin. I strofe 3 seier Gud honom at “*oll vil ec yþr [...] itru calla*” ‘alle dykk vil eg kalla til trua’, men átvarar mot framtidige trugslar og vandar. I fyrste omkvedet (str. 11) er omvendinga til *Plácítús* fullendt og han har vorte ein heilag mann: “*evstakíus eþe albasta ser valþe*” ‘Eustachius valde seg eit fullgildt liv’. Strofe 12–34 skildrar prøvingane Gud hadde bore bod om. Buskapen og husstanden hans tek til å falla (str. 12). Tjuvar stel alt han eig, men han misser ikkje trua (str. 13) og han fer frå heimen sin med kona og sine to søner til kysten (str. 14–15). Ein heiden krigar som ferjar dei over havet bortfører kona hans (str. 16–17). I det andre omkvedet (str. 18) bed han “[*drotten [dag bþiar]*]” (‘dagsens (d.e. ‘solas’) gard himmelen > ‘himmelens drott’ gud) “*sér tþia*” ‘hjelpa seg’. Strofe 19 – som me skal sjå på her – skildrar korleis kona må verta med den heidne mannen heim, men har Guds vern mot samlivet med honom. Mannen misser dei to sønene sine til ville dyr (str. 20–22), men dei overlever, vert funne og oppfostra i same landsby. Heidningen som hadde bortført kona døyrt etter få år og ho eig eit hus og ein hage etter han og held på si kristne tru (str. 24). *Plácítús* lever i ein landsby og held på si kristne tru i løynd (str. 29–30). Keisar *Tréjánús* (d.e. *Traianus*) skal halda ein strid, men vantar ein hær (str. 33) og han minnest *Plácítús*, som hadde vore general i hæren hans før han vart kristen, og lover mykje gull til den som kan finna honom (str. 34). To brør, som tidlegare var *Plácítús*’ menn fer ut for å finna (str. 35), dei kjenner han fyrst ikkje att (str. 36–39), men når dei finn ut at det er honom, går han med på å fara til fyrsten med dei (str. 37–42). *Plácítús* kjem heim, får stor ære og vert førar for hæren (str. 43). Sønene hans kjem heim, men han kjenner dei ikkje att (str. 44). Han leier hæren i ein vellukka kamp (str. 47–48) og dei tek eit opphald i ein frukthage (str. 49). Dette viser seg å vera hagen til den heidne mannen, som no er død, der *Þéópista*, *Plácítús*’ kone, bur (str. 50). No er heile huslyden samla igjen utan at dei sjølv veit det. Ved å røda saman og minnast gamledagar finn dei etter kvart ut at dei har kome saman igjen (str. 51–56), og dei takkar Gud for det (str. 57). Her bryt diktet av og vil ein læra resten av legenda og sjølv martyrismen å kjenna lyt ein nytta andre kjelder, t.d. *Plácítús saga*, der det er fortalt at: “[...] an

elderly Plácítús and his entire family are martyred for their faith by being roasted in a brazen bull.”
(Þorbjörg Helgadóttir, 1996, s. 222).

Drápa har ei elegant form, der omkveda er nytta for á markera tematiske bolkar. Det vekslar mellom narrative strofer og strofer som skildrar bøn og indre refleksjon. Guds tale til *Plácítús* i den fyrste strofa gjev frampeik om heile legenda – *Plácítús* skal gjennom store prøvingar, men vil verta vidgjeten – og jamfører henne med historia om Job. Denne renningen vert teken opp att i strofe 26 når *Plácítús* seier til seg sjølv “*mier freistat nu [...] frammar en iobs ens gamla*” ‘eg er no freista verre enn Job den gamle’ og vev diktet fint saman.

9.4.3 Analyse

Alle detaljane i legenda er ikkje så avgjerande her. Eg har likevel gjeve att eit grunnriss av henne slik ho ovrar i diktet for å klargjera eitt punkt – at den heidne mannen som bortfører kona til *Plácítús* er *skurken* i historia. Lat oss gå inn i prøvingsdelen av diktet i strofe 19, rett etter kona har vorte bortført:

19. Fliþ varþ heim með heiþnum

hlvndyrs fara runne

copna baþ ser við synþvm

savrluís gvþ hlíua

blíþr dugþe sua brúþe

bratt at hon saurgasc matet

himna valldr af hildar

havic nistis sam visto

P: Fljóð varð fara heim með heiðnum [[hlunn-dýrs] runni]. Kona bað goð hlifa sér við synðum saurlífis. Blíðr [himna valdr] dugði brátt brúði svá at máttit suargask af samvistu [hildar [hauknistis²¹]].

²¹ Denne *tvíkennt*-kenningin har ledda omstilt slik at *haukr* ‘hauk’ vert sett saman med ‘nistir’ ‘fødar’, ikkje *hildr* ‘kamp’. Finnur Jónsson kallar dette fenomenet *led-omstilling* og omtalar det i artikkelen *Kenningers led-omstilling og tmesis* frå 1933 (s. 1–9)

O: Kvinna laut fara heim med det heidne *lunn-dyrets* ('båtens') *tre* ('mannen; skipsføreraren'). Kona bad Gud skána seg for syndene ved eit ureint liv. Den blide *himmelens vernar* ('Gud') hjalp brátt kvinna så ho ikkje kunne verta forureina av samlivet med *kampens hauk* ('ramn') > *ramnens fódar* ('mann').

Likdyrmotivet er heroisk av natur, det skildrar *helten* sin evne til å drepa motstandarane sine. Inni mellom vert fiendane til helten skildra i samband med motivet. Som regel er tidsperspektivet då medan dei døyrr eller etter dei er drepne, gjennom variasjonar av bilete av blod/kjøtt og lik, som t.d. i *Höfuðlausn* av *Egill Skallagrímsson* frá 936: "*Flugu [hjaldrs tranar] of hræs lanar [...]*" 'kampens traner flaug over likdyngjene'. Ein annan variant er å omtala dei med nedlatande nemningar som t.d. *gaurr* 'skarv' i *Brandsdrápa* 6b av *Skáldhallr* frá 1246: "*[gunnar már] of gaurum | gall [...]*" 'kampens måke ('ramnen') gall over skarvane'. Kenninga [hildar [hauk-nistis]] er ein heilt ordinær omforming av motivet til ein nomen agentis-kenning for 'mann'. Det spesielle er at omskrivinga i konteksten vert nytta om *skurken*, ikkje helten i diktet. Dette er eit særhende og eit av svært få døme på dette i korpuset av ramnekenningar. Det er forvitneleg at dette unnataket er å finna i eit tidleg kristenkvede. Det er ikkje umogeleg at skalden her medvite nyttar denne kenninga for den heidne bortføreraren for å markera avstand til heidendomen og hans herleggjering av heroisk vald. Når eg la fram denne argumentasjonen på *Cambridge Kenning Symposium* 2011 innvende Edith Marold at kenninga er så ordinær at det er søkt å hevda at skalden nyttar han på ein markert måte. Dette er ei svært rimeleg innvending som eg lyt vedgå vert styrkt mykje av at *Plácítús* sjølv vert kalla [hyr-gildir [hrafnvíns]] (*ramnens vin* > 'blod' *blodets flamme* 'sverd' > *sverdets gildar* 'krigar') i strofe 49a. Rett nok kan kenninga seiast å vera meir abstrakt og kalla mindre på likdyrmotivet enn [hildar [hauk-nistis]] og han står i ein annan kontekst. Strofa er den siste i bolken med kampskildringar når *Plácítús* igjen er i teneste som general for *Træjánús* – som sjølv om han vart "frelst" post mortem – var ein heiden keisar.

Kan *Plácítúsdrápa*-skalden ha nytta kenningar bygt over likdyrmotivet medvite markert og konvensjonelt umarkert om kvarandre i eitt dikt? Eg tykkjer bruken i strofe 19. står så markert ut frå konteksten i diktet og frå resten av korpuset mitt at eg ikkje ser det som utenkjeleg. Eg skal vedgå at argumenta ikkje er så sterke, men leiter ein etter brigde i bruken av kenningar med heide opphav etter kristninga, har ein ofte ikkje så mykje og gå på og må freista å lesa mellom linene.

9.5 Guðmundarkvæði

Guðmundarkvæði er eit kriste dikt frá 1300-talet, men skalden har vore glad i fleirledda kenningar og ikkje fanga opp ideala om *claritas*.

9.5.1 Overlevering og forfattarskap

Guðmundarkvæði er lagmann *Einarr Gilsson* frá 1300-talet sitt hyllingsdikt til biskop *Guðmund Arason* (død 1237) (Skj BII, s. 418; Björn Sigfússon 1960). Det er det yngste overleverte skaldediktet som gjer nytte av ein ramnekenning. Kvedet er overlevert i samband med *Guðmundar saga biskups* i to handskrifter – AM 396 4° og Holm perg 5 fol – båe frå andre halvta av 1300-talet. Diktet har førti strofer. AM 396 4° har store lakuner og vantar strofe 14–22 og 32–40 medan Holm perg 5 fol dekkjer alt utanom dei to fyrste strofene.

9.5.2 Innhald og oppbygging

Kvedet er gjennomført i drottkvætt. Dei to fyrste strofene fortel om hendingar før *Guðmund* vart prest og den tredje skildrar at *Guðmund* som “*lét lǫstu lífsnjallr hatat alla*” ‘med utmerkt livnad hata alle laster’ vert prest. Strofe 4–9 fortel om *Guðmunds* sin fromme livnad og gjev jartegn på hans heilagdom. I andre helming av strofe 4 får me høyra om den fyrste jartegna: “*út fló oxl af gætis | einn fugl siða hreinna, | því er dýrð um ask orðin | alkunn breka sunnu.*” ‘ein fugl flaug ut av aksla til [passaren til reine seder] (> ‘den heilage mannen’) slik er herlegdomen til [asken til [brenninga til sola (> ‘gullet’)] (> ‘mannen’) vorte ålkjend.’ Resten av diktet fortel ulike episodar om biskopens heilevne, korleis han lækjar sjuke og hjelper folk i naud, ofte skøyt på med direkte tale. Han heilar alt frå augnesjukdom (str. 14 og 32–34) og parasittar (str. 35–39) til ein mann som er besett av eit *flagð* ‘trollkvende’ (str. 16). Han hjelper folk med alt frå å få i land eit barn som har drive til havs på eit isflak (str. 40) til armod (str. 24–31), mellom anna ved å skapa om torv til kjøt i ein kjele.

9.5.3 Analyse

Andrehelmingen av den 23. strofe ser slik ut etter Holm perg 5 fol:

komu árar aumír
inn benstara minnis
þar er guðmundr greinndi
goð verk þrimu serkiar

P: Aumir [árar [sterkrar þrimu [[benstara] minnis]]] kómu inn þar er Guðmundr greindi goð verk.

Ser me bort frá den femfaldige mannskenningin *árar sterkrar þrimu benstara minnis* kan dette setjast om med: “Aumlege menn kom inn der som Gudmund utførte gode verk.” Kenningin kan løysast opp slik:

‘staren’ *stari* át ‘banesåret’ (el. berre ‘såret’) *ben*, d.e. RAMN
‘minneskåla’ (el. berre ‘drykken’) *minni* át RAMNANE, d.e. BLOD
den sterke ‘tora’ (el. snarare ‘larmen’) *þrima* át BLODET, d.e. STRID
og endeleg ‘tenarane’ el. ‘utførarane’ *órr* át STRIDEN, d.e. MENN

Eit trediagram av vert gjeve i 4.4 over. Verknaden av fleireledda kenningar vert også omtala der. Korkje ramnar, blod eller strid resonnerer i det heile med innhaldet i denne strofa, som ikkje handlar om vald i noka form, eller for den saks skuld *Guðmundarkvæði* i det heile. Det kunne vore ironi, men det vanskeleg å sjå at strofa kunne gje rom for det. Det er freistande, men kanskje ein litt for slakk stig, å tolka bruken av desse allusjonane i denne konteksten som ein døyande kenningstil. Det er berrsynt at skalden *Einarr Gilsson* tykte om kompleksiteten kenningane kan byda på, men det er som om han vil byggja ein storarta ordkatedral til *Guðmundr*, men har feil vyrke for hand. Kanskje idealet om *motsetjingsspaning* hadde djupe røter i heidendomens syn på det umogelege som magisk, tenk t.d. på lenkja førestellinga om *Gleipnir* som var laga av seks umogelege ting, og kompleksiteten det kunne medføra var eit meir indirekte resultat av dette synet? For meg er det er vanskeleg å sjå at kontrasten mellom stridsbileta og innhaldet i strofa her kan vera motivert av eit slikt ideal. Tvert i mot var klårleiksidealet *Lilja*-skalden etterlyste ei klår retning i den kristenkveda på 1300-talet. Ei søkt tolking av bruken av stridsbilete i dette kvedet om ein heilag mann er at *Einarr* heller ynskta å dikta om stridskongar og krigarar som tidlegare skaldar. I så fall kunne bruken av det uvanlege *minni* ‘minniskål’ vera motivert av ein slags estetisk sentimentalitet – skaldens eiga ord-

minneskål om tida når likdyrmotivet prydde store delar av diktinga så å seia. Om kenningstilen i denne siste epoken av skaldediktinga si historie kommenterte Finnur Jónsson:

“I det 12. årh. vil vi så til slutning komme til at iagttage endnu en forandring i omskrivningernes væsen og brug, en forandring til det verre, hvortil de fra først bærer spiren i sig selv; det gik med dem som med alt andet, man begynte at glemme deres oprindelige bestemmelse og egentlige karakter og misbruge dem; det var sikkert naturnødvendig gang i udviklingen [...]. (1920, s. 389)”

Det er interessant å merkja seg at *Einarr* nyttar eit trekk ved ramnar på ein mykje meir livaktig måte i det same diktet. Ein passasje i diktet fortel om eit barn som har så ille augeverk at auga fell ut (str. 32). Mora legg det i ei kiste og kallar fortvila på *Guðmundr* (str. 33) som på mirakuløst vis får auga på plass igjen (34). Det lækte auga vert skildra som *hrafnskyggnar ennis sólir* ‘pannens ramneøygde soler (d.e. augo skarpe som ramnen sine)’. Det eineståande adjektivet *hrafnskyggn* er berre overlevert i denne strofa og førestellinga om dei skarpe augo til ramnane er elles lite direkte skildra.

Det kan vera verdt å streka dobbelt under at 1300-talet i praksis *var* dødstimen til desse gamle, heidne bileta. Mengda overleverte ramnekenningar er, som me såg i kapittel 8.7 over, jamt rundt 50 for 900-, 1000- og 1100-talet, 1200-talet markerer ein nedgang med om lag 20 og denne er den *einaste* frå 1300-talet. Riktig nok finn me likdyrmotivet att i eit lite omfang i Rímur-diktinga.

10 Konklusjon

I innleiinga skreiv eg at det store spørsmålet som har vore utgangspunktet for denne avhandlinga er om bruken av likdyrmotivet, særleg med kenningar, i skaldediktinga, trass i sin stereotype natur, speglar mentale endringar hjå skaldane etter kristninga. Eg har nærma meg dette spørsmålet på tre måtar.

Fyrst drøfta eg sentrale sider ved kenningssystemet, overleveringsgrunnlaget til skaldediktinga og likdyrmotivet generelt. I denne delen av avhandlinga freista eg å ikkje berre introdusera og forklåra desse omgrepa, men også tilføyda nokre nye tankar undervegs.

Deretter gav eg eit oversyn over kjeldene mine. Fyrst eit kort oversyn over tilgrensande kjelder og deretter i kapittel 8 eit systematisk oversyn over kjernekorpuset ordna etter bruksmåtar til kenningane. Ei enkel statistisk analyse av dette oversynet synte ingen klåre utviklingslinjer i korpuset anna enn at likdyrmotivet hadde ein sterk nedgang på 1300-talet. At ingen nye bruksmåtar kom til etter 1000-talet og at forholdar mellom ulike bruksmåtar heldt seg relativt stabilt tok eg som ein indikator på den konservative, stereotype naturen til likdyrmotivet. Det er ikkje utenkjeleg at den same metoden ville gjeve eit meir positivt resultat om me hadde sett på kenningar med eit anna tydeord. Eg har allereie vedgått at min statistikk ikkje ville stått i mot Bjarne Fidjestøls kritikk (1999, kapittel XI) av Jan de Vries statistikk over mytologiske kenningar, men eg har i alle fall styrt unna det verste klagepunktet; å tillempa statistikken til ein hypotese ein har tenkt ut på førehand. Kristninga av det norrøne samfunnet var ein langdryg og komplisert prosess og folk sin litterære smak endra seg, som ein skulle venta, seinare enn ytre forhold i samfunnet. Det er klårt at ein kan velja ut skaldedikt som syner at sider av denne prosessen endra folk sin mentalitet. Det er ikkje uventa at eit motiv som likdyrmotivet, som har klåre røter i ei heiden førestellingsverd, ikkje syner desse utviklingslinjene på ein beinveges måte.

Til sist såg eg på ein del strofer frå fire dikt. Hadde den kvantitative undersøkinga vist ei klår utvikling, hadde lesinga av strofer vorte knytt til punkt på denne. Når dette ikkje vart tilfelle, valde eg ut strofer som etter mi meining anten representerer stilistiske ytterpunkt i korpuset eller som kan indikera ei utvikling som den kvantitative undersøkinga ikkje fanga opp. *Haralðkváði* syner likdyrmotivet sitt heide opphav, *Háttalykill* viser motivet brukt i ein virtuos *dróttkvátt*-stil, *Plácítúsdrápa* kan ha ein svak indikator på at motivet kan ha vore brukt med eit negativt syn på heidendomen og *Guðmundarkváði* viser motivet brukt på ein stívna

måte på 1300-talet, i ei tid det ikkje hørde heime. Desse nærlesingane skisserer ikkje éi utviklingsline, men tematiserer utvikling av motivet frå ulike perspektiv. Desse fasettane stemmer kanskje betre med røynda. Sjølv om stereotypiske motiv er eit framståande trekk ved skaldediktinga, vil ein kvar skald i eit kvar dikt nytta stereotypane på ein unik måte. Og i eit samfunn der nye estetisk ideal er på veg inn, vil ein kvar kunstnar stella seg i ein unik posisjon til desse endringane.

 Dette arbeidet har ikkje indikert eitt, einskild svar på spørsmålet som motiverte det. Det er likevel mi von at eg har makta å peika på nokre sider ved bruken av likdyrmotivet som speglar endringar i skaldekunsten.

11 Litteratur

Primærkilder og tekstutgåver:

Bjarnar saga Hítðólakappa. utg. ved Benedikt Sveinsson (1923). Reykjavík, Félagsprentsmiðjan.

Den Norsk-islandske skjaldedigtning. Band AI, AII, BI og BII utg. ved Finnur Jónsson (1967). København, Rosenkilde og Bagger.

Edda Snorra Sturlusonar: Nafnaþulur og Skáldatal. utg. ved Guðni Jónsson (1954). Reykjavík, Prentverk Odds Björnssonar.

Eddukvæði. band I og II, utg. ved Guðni Jónsson (1954). Reykjavík, Prentverk Odds Björnssonar.

Egils saga Skalla-Grímssonar. utg. ved Sigurður Nordal (1933). Reykjavík, Hið íslenska fornritafélag.

Fagrskinna: kortfattet norsk Konge-Saga fra slutningen af det tolfte eller begyndelsen af det trettende Aarhundrede utg. ved Munch, P.A. og Unger, C.R. (1847). Christiania, P. T. Malling.

Grágás: Lagasafn íslenska þjóðveldisins. utg. ved K. Gunnar et al. (1992). Reykjavík, Mál og menning.

Knýtlinga saga. i Danakonunga sögur. utg. ved Bjarni Guðnason (1982). Reykjavík, Hið íslenska fornritafélag.

Völsunga saga. i Fornaldar sögur norðurlanda: Fyrsta bindi. utg. ved Guðni Jónsson (1954). Reykjavík, Prentverk Odds Björnssonar.

Skaldic Project eller Skaldic Poetry of the Scandinavian Middle Ages i digital utgåve på <http://skaldic.arts.usyd.edu.au/> (2001–2012)

Ordbøker:

Sveinbjörn Egilsson, revidert av Finnur Jónsson (1931). Lexicon poeticum antiquae linguae septentrionalis. København, I kommisjon hos Lynge & Søn.

Fritzner, J. (1973). Ordbog over det gamle norske sprog. Oslo, Universitetsforlaget.

Heggstad, L., E. Simensen, et al. (1990). Norrøn ordbok. Oslo, Samlaget.

Vries, J. d. (1977). Altnordisches etymologisches Wörterbuch. Leiden, E.J.Brill.

Nynorskordboka. i digital utgåve på <http://nob-ordbok.uio.no/>

Sekundærkilder:

Abram, C. (2001). "Scribal Authority in Scaldic Verse: Þórbjörn hornklofi's Glymdrápa " Arkiv för nordisk filologi 116.

Armory, F. (1982). "Towards a Grammatical Classification of Kennings as Compounds." Arkiv för nordisk filologi 97.

Armory, F. (1988). "Kennings, Referentiality and Metaphors." Arkiv för nordisk filologi 103.

Bagge, S. (2000). Mennesket i middelalderens Norge: tanker, tro og holdninger 1000-1300. Oslo, Aschehoug.

Bakhtin, M. (1984). Rabelais and His World. Bloomington, Indiana University Press

Bergsveinn Birgisson (2001). Hel : heimildagildi dróttkvæðra kenninga um fornt hugarfar. Bergen, Universitetet i Bergen.

Bergsveinn Birgisson (2007). Inn i skaldens sinn: kognitive, estetiske og historiske skatter i den norrøne skaldediktingen. Bergen, Universitetet i Bergen.

Bernström, J. (1961) Korpar. i Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. Band XXI. København, Rosenkilde og Bagger.

Edwards, D. C. (1983). "Clause arrangement in skaldic poetry I." Arkiv för nordisk filologi 98.

Edwards, D. C. (1984). "Clause arrangement in skaldic poetry III." Arkiv för nordisk filologi.

Einar Ól, Sveinsson (1962). Íslenzkar bókmenntir í fornöld. Reykjavík, Almenna Bókafélagið.

Fidjestøl, B. (1974). "Kjenningsystemet. Forsøk på ein lingvistisk analyse." Maal og Minni: 5-50.

Fidjestøl, B. (1982). Det norrøne fyrstediktet. Øvre Ervik, Alvheim & Eide.

Fidjestøl, B. (1980). Det norrøne fyrstediktet. Universitetet i Bergen.

Fidjestøl, B. (1997). Selected papers. Odense, Odense University Press.

Fidjestøl, B. (1999). The dating of Eddic poetry a historical survey and methodological investigation. Copenhagen, Reitzel.

Finnur Jónsson. (1920). Den oldnorske og oldislandske litteraturs historie: Første Bind. København, G. E. C. Gads forlag.

Finnur Jónsson. (1923). Den oldnorske og oldislandske litteraturs historie: Andet Bind. København, G. E. C. Gads forlag.

Finnur Jónsson. (1933). "Kenningers ledomstilling og tmesis." Arkiv för nordisk filologi 49.

- Frank, R. (1978). Old Norse court poetry: the dróttkvætt stanza. Ithaca, N.Y., Cornell University Press.
- Frank, R. Scaldic Poetry. (2005) i Clover, C. J. og Lindow, J. (red.) Old Norse-Icelandic literature: a critical guide. Canada, University of Toronto Press.
- Gade, K. E. (1995). The structure of Old Norse Dróttkvætt poetry. Ithaca, N.Y., Cornell University Press.
- Gurevich, E. A. (1992). "Þulur in Skáldskaparmál: An Attempt at Skaldic Lexicology." Arkiv för nordisk filologi 107.
- Holm-Olden, L. (1981). Lys over norrøn kultur: Norrøne studier i Norge. Oslo, J. W. Cappelens forlag.
- Hanssen, O. (1928). Norrøne kristenkvæde. Oslo, Samlaget.
- Haugen E. The Mythical Structure of the Ancient Scandinavians. i Lane, M. (red.) (1970). Structuralism: a reader. London, Jonathan Cape Ltd.
- Haugen, O. E. (2001). Grunnbok i norrønt språk. Oslo, Gyldendal akademisk.
- Holland, G. (2005). "Kennings, metaphors, and semantic formulae in Norse dróttkvætt." Arkiv för nordisk filologi 120.
- Holtsmark, A. (1927). Þórbjörn Hornklofes Glymdrápa. Oslo, Aschehoug.
- Holtsmark, A. (1961). Haraldskvæde. i Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. Band VI. København, Rosenkilde og Bagger.
- Holtsmark, A. (1961). Háttalykill. i Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. Band VI. København, Rosenkilde og Bagger.
- Iversen, R. (1961). Norrøn grammatikk. Oslo, Aschehoug.
- Jón, H. (1962). Eddadigte. København, Munksgaard.
- Kellogg, R. (1988). A concordance to Eddic poetry. East Lansing, Mich., Colleagues Press.
- Kock, E. A. (1923). Notationes Norrøene: anteckningar till Edda och Skaldediktning. Band 1–27. Lund, C.W.K. Gleerup.
- Kreutzer, G. (1977). Die Dichtungslehre der Skalden : poetologische Terminologie und Autorenkommentare als Grundlagen einer Gattungspoetik. Meisenheim am Glan, Hain.
- Lausberg, H. (1998). Handbook of literary rhetoric: a foundation for literary study. Leiden, Brill.

- Lie, H. (1982). Om sagakunst og skaldskap: utvalgte avhandlinger. Øvre Ervik, Alvheim & Eide.
- Lindow, J. (1982). "Narrative and the Nature of Skaldic Poetry." Arkiv för nordisk filologi 97.
- Lothe, J., U. Solberg, et al. (1997). Litteraturvitenskapelig leksikon. Oslo, Kunnskapsforlaget
- Marold, E. (1983). Kenningkunst: ein Beitrag zu einer Poetik der Skaldendichtung. Berlin, Walter de Gruyter.
- Meissner, R. (1921). Die Kenningar der Skalden: ein Beitrag zur skaldischen Poetik. Bonn, Kurt Schroeder.
- Meulengracht Sørensen, P. (1980). Norrønt nid: forestillingen om den umandige mand i de islandske sagaer. Odense, Odense Universitetsforlag.
- Mohr, W. (1933). Kenningstudien: Beiträge zur Stilgeschichte der altgermanischen Dichtung. Stuttgart, W. Kohlhammer.
- Mundal, E. (2004). Edda- og skaldedikt. i Haugen, O E (red.) (2004) Handbok i Norrøn filologi. Bergen, Fagbokforlaget.
- Noreen, E. (1921). Studier i fornvästnordisk diktning.
- Noreen, E. (1922). Studier i fornvästnordisk diktning Andra samlingen.
- Noreen, E. (1923). Studier i fornvästnordisk diktning Tredje samlingen.
- Ohlmarks, Å. (1944). "Till frågan om den fornnordiska skaldediktningens ursprung." Arkiv för nordisk filologi 57.
- Olsen, K. (2002). "Metaphorical Density in Old English and Old Norse Poetry." Arkiv för nordisk filologi 117.
- Peacock, T. L. (1896) Melincourt. New York, Macmillan & Co.
- Petersen, N. M. (1874) Samlede Afhandlinger: Fjerde Del. København, Wibes Bogtrykkeri.
- Paasche, F. og Eysteinn Ásgrímsson (1948). Hedenskap og kristendom: studier i norrøn middelalder. Oslo, Aschehoug.
- Ross, M. C. (2005). A history of Old Norse poetry and poetics. Cambridge, D.S. Brewer.
- Schwab, U. (1970). Das Tier in der Dichtung. Heidelberg, Carl Winter Universitätsverlag.
- Simek, R. (1993). Dictionary of northern mythology. Cambridge, D.S. Brewer.
- Steinsland, G. (2005). Norrøn religion: myter, riter, samfunn. Oslo, Pax.

Turville-Petre, G. (1976) Scaldic Poetry. Oxford, Clarendon Press.

Thorvaldsen, B. Ø. (2006) Svá er sagt í fornum vísindum: Tekstualiseringen av de mytologiske eddadikt. Bergen, Universitetet i Bergen.

Zimmermann, Dolf (1998) The Psychology of the Appeal of Portrayals of Violence i Goldstein, Jeffrey Why We Watch: The Attractions of Violent Entertainment New York, Oxford University Press.

12 Summery in English

Fartein Th. Øverlands' *Hvat es yðr hrafnar?* focuses on the development of the usage of kennings (poetic periphrasis) 'raven' in Old Norse skaldic poetry. These kennings, of which 182 are handed down, are always used in connection with the animal of prey motif. This motif was widely used in skaldic poetry, both before and after the Christianization of the Old Norse society. Rather than looking at the internal structure of these kennings, they are arranged according to their usage. This survey is compared to the traditional dating of the stanzas they are found in, to look for a development of this motif. The result of this examination is mostly negative, and the author interprets this as an indicator of the conservative nature of the animal of prey motif. Stanzas from four poems from the corpus are analysed to show that even though a statistical investigation show no clear development of the motif and many of the stanzas in the corpus are quite unoriginal, selected stanzas will show how individual skalds sometimes used the motif in unique ways. Two of these poems, *Haraldkváði* from the 10th century and *Háttalykill* from the 12th, are panegyric. They are used to show different esthetical usages of the raven kennings within their traditional function. The next two poems, *Plácítúsdrápa* from the 12th century and *Guðmundarkváði* from the 14th, have Christian themes. The discussion focus on the contrast between the animal of prey motif and their subject matters. *Guðmundarkváði* is interpreted as an example of a dying kenning style.

13 Samandrag på norsk

Fartein Th. Øverlands *Hvat es yðr hrafnar?* fokuserer på utviklinga i bruksmåtane til kenningar (omskrivningar) for 'ramn' i norrøn skaldedikting. 182 slike kenningar er overlevere og dei er alltid nytta i samband med likdyrmotivet. Dette motivet vart ofte nytta i skaldediktinga både før og etter kristninga av det norrøne samfunnet. Heller enn å sjå på den interne strukturen til kenningane, vert dei ordna etter måtane dei vart brukte på. Dette oversynet vert jamført med den tradisjonelle dateringa til strofene kenningane står i for å sjå etter utviklingsliner til likdyrmotivet. Resultatet av denne undersøkinga viser at ingen nye bruksmåtar kom til over tid og at motivet vart nytta jamt fram til ei brå nedgang på 1300-talet. Forfattaren tolkar dette som ein sterk indikator på den konservative naturen til likdyrmotivet. Strofer frå fire dikt vert analyserte for å visa at sjølv om ei statistisk undersøking ikkje syner ei klår utvikling av motivet og mange av strofene i korpuset er temmeleg uoriginale, vil utvalde strofer visa korleis einskilde skaldar kunne nytta motivet på unike måtar. To av desse dikta, *Haraldkváði* frå 900-talet og *Háttalykill* frå 1100-talet, er lovkvad. Dei vert nytta til å visa ulike estetiske måtar å gjera seg nytte av ramnekenningane på i deira tradisjonelle ramme. Dei to neste dikta, *Plácítúsdrápa* frå 1100-talet *Guðmundarkváði* frå 1300-talet, har kristne emne. Her fokuserer drøftinga på kontrasten mellom likdyrmotivet og tema i dikta. *Guðmundarkváði* vert tolka som eit døme på ein døyande kenningstil.